



Universitetet  
i Stavanger

**FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG HUMANIORA**

## MASTEROPPGÅVE

**Studieprogram:** Nordisk og lesevitenskap

Vårsemesteret, 2021

Open/ konfidensiell

**Forfatter:** Randi Maudal

.....  
(signatur forfatter)

**Rettleiar:** Jan Kristian Hognestad

**Tittel på masteroppgåva:** Målet i Maudal: Ei sosiolingvistisk undersøking av språksituasjonen i ei lita bygd i ei stor verd

**Engelsk tittel:** The dialect in Maudal: A sociolinguistic study of the language situation in a small settlement in a big world

**Emneord:** sosiolingvistikk, talemål, dialekt, Maudal, Rogaland, Gjesdal, språk

**Tal på sider:** 103

+ vedlegg/anna: 20

Stavanger, 10.05.21

# Målet i Maudal

Ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet i ei  
lita bygd i ei stor verd

Randi Maudal



---

Universitetet  
i Stavanger

Mastergradsoppgåve i Nordisk og lesevitenskap

Institutt for kultur- og språkvitenskap

Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora

Universitetet i Stavanger

Våren 2021

## FORORD

Eg føler meg heldig som har fått reisa tilbake til røtene og bygda mi i arbeidet med masteroppgåva om språket i Maudal. Det har gjort godt for sjel og sinn.

Først av alt vil eg takka dei fire informantane som deltok i denne undersøkinga. Tusen takk for at eg fekk intervjuva dykk, og takk for at de var så fine ungdommar med så mange frigjerande og nydelege tankar om livet og verda. Eg koste meg så veldig under samtalen med dykk at eg nesten fekk lyst å flytta tilbake til Maudal. Eg har smilt mange gonger mens eg har skrive – takka vera dykk.

Gjennom arbeidet har eg hatt stor glede av gode råd og fine samtalar med rettleiaren min, Jan Kristian Hognestad. Du er ein stor inspirasjon, og ein av grunnane til at eg blei interessert i sosiolingvistikk. Din formidlingsevne og din kunnskap er unik.

Takk til mann, barn, annan familie og gode venner. De har gitt meg tid, oppmuntra meg til å skriva, og samtidig haldt ut utbrota mine om språklege fenomen og samanhengar som eg berre må fortelja om.

Ein spesiell takk til far. Du er ekspert på Maudal, og det har vore godt å støtta meg til din kunnskap.

## Å skriva talespråk

I denne oppgåva vil eg ha behov for å attergje munnleg uttale med skrift. Nokre gonger bruker eg kursivert normalortografi, og når det er viktig at uttalen skal bli mest mogleg presis, vil eg bruka det internasjonale IPA-alfabetet<sup>1</sup>.

Teikn	Betydning	Eksempel
<sup>1</sup>	Tonem 1	/ <sup>1</sup> bøne/ bønder
<sup>2</sup>	Tonem 2	/ <sup>2</sup> bøne/ bønner
:	Lang vokal framføre konsonant	/ <sup>2</sup> so:ve/ sove
/ ... /	Fonemisk transkripsjon	/ <sup>2</sup> ri:ve/ rive
[ ... ]	Fonetisk transkripsjon	[ <sup>2</sup> ʁi:və] rive
>	Har utvikla seg til/blir til	<i>kjeme</i> > <i>komme</i>
<i>Kursiv</i>	Uttaleforklaring med normalortografi	<i>kjeme</i>

## Forkortingar brukt i oppgåva

adj. = adjektiv

adv. = adverb

bf. = bestemt form

eint. = eintal

f. = femininum

flt. = fleirtal

inf. = infinitiv

m. = maskulin

n. = nøytrum

perf. part. = perfektum partisipp

pres. = presens

pret. = preteritum

pron. = pronomen

smh.: samanheng

subj.: sunjunksjon

subst. = substantiv

ubf. = ubestemt form

v. = verb

<sup>1</sup> Dette spesialteikn-alfabetet er mellom anna beskrive i *Handbook of the International Phonetic Association* (1999).

# INNHALD

1 INNLEIING.....	1
1.1 Detektivarbeid .....	1
1.2 Problemstilling .....	2
1.3 Empirisk grunnlag .....	3
1.4 Strukturen i oppgåva .....	3
2 MAUDAL: SPRÅK OG SAMFUNN .....	4
2.1 Gamle og nye vegar.....	4
2.2 Folketalsutvikling, skule og næringar .....	6
2.3 Fritidstilbod .....	8
2.4 Språket i Maudal .....	8
2.4.1 Dialekttrekk på sørvestlandet.....	8
2.4.2 Dialekten i Maudal.....	10
2.5 Val av språkelege variablar .....	12
2.5.1 Variabel 1: Omlyd i presens av sterke verb .....	12
2.5.2 Variabel 2: Perfektum partisipp av kortverbet <i>å gå</i> .....	13
2.5.3 Variabel 3: Monoftongering av <i>øy</i> og <i>au</i> .....	13
2.5.4 Variabel 4: Utjamning av segmenterte og differensierte konsonantsamband.....	14
2.5.5 Variabel 5: Lenisering av plosivar .....	15
2.5.6 Variabel 6: Endingsvokal i infinitiv av verb.....	16
2.5.7 Variabel 7: Avpalatalisering av <i>-g</i> og <i>-k</i> i innlyd.....	16
2.5.8 Variabel 8: Substantiv, hokjønn: ubestemt artikkel <i>ei</i> eller <i>ein</i> .....	17
2.5.9 Variabel 9: Svarabhaktivokal.....	17
2.5.10 Variabel 10: Fonemsamanfall av /ç/ og /ʃ/.....	18
2.5.11 Variabel 11: Objektsforma av pronomenet <i>me</i> i 1. person fleirtal ( <i>oss</i> ) og determinativen <i>vår</i> .....	19
3 TEORI .....	21
3.1 Språkendringar .....	21
3.2 Akkommodasjon .....	21
3.3 Debatten om standardtalemål: Vertikalistar og horisontalistar .....	22
3.3.1 Påverknad frå media.....	24
3.4 Regionalisering.....	25
3.5 By og land hand i hand? .....	27
3.5.1 Mental urbanisering .....	27

3.6 Identitet og personlegdom som faktorar i talemålsgransking.....	28
3.6.1 Homo domesticus og homo dynamicus .....	30
3.6.2 Registervariasjon.....	30
3.7 Lause og sterke band .....	31
3.7.1 Ungdomskultur i endring .....	34
3.8 Kvifor endrar ikkje dialektane seg fortare i Noreg?.....	34
3.9 Litt om språk og kjønn .....	35
3.10 Sosiolingvistikk og dialektologi.....	36
4 METODE .....	37
4.1 Metodisk plassering.....	37
4.2 Metodeteori .....	38
4.2.1 Kvantitativ og kvalitativ metode.....	38
4.2.2 Reliabilitet og validitet.....	39
4.3 Informantane .....	39
4.3.1 Val av informantar .....	39
4.3.2 Kontakt med informantane .....	41
4.3.3 Informasjon om deltakarane .....	42
4.4 Sosiolingvistisk samtaleintervju.....	42
4.5 Bildetest.....	47
4.6 Arbeid med det innsamla materialet.....	50
4.6.1 Samtaleintervju 2 .....	50
4.6.2 Arbeid med samtaleintervjua .....	51
4.6.3 Arbeid med samtaleintervju 2 .....	52
5 PRESENTASJON AV FUNN.....	53
5.1 Resultat: språklege variablar .....	53
5.1.1 Variabel 1: Omlyd i presens av sterke verb .....	53
5.1.1.1 Oppsummering omlyd i presens.....	56
5.1.2 Variabel 2: Perfektum partisipp av kortverbet <i>å gå</i> .....	57
5.1.3 Variabel 3: Monoftongering av <i>øy</i> og <i>au</i> .....	58
5.1.4 Variabel 4: Utjamning av segmenterte og differensierte konsonantsamband.....	59
5.1.5 Variabel 5: Lenisering av plosivar .....	61
5.1.6 Variabel 6: Endingsvokal i infinitiv av verb.....	62
5.1.7 Variabel 7: Avpalatalisering av <i>-g</i> og <i>-k</i> i innlyd.....	63
5.1.8 Variabel 8: Substantiv, hokjønn: ubestemt artikkel <i>ei</i> eller <i>ein</i> .....	64
5.1.9 Variabel 9: Svarabhaktivokal i adjektiv ubestemt form eintal maskulin og femininum .....	65

5.1.10 Variabel 10: Samanfall av <i>kj</i> -lyd og <i>sj</i> -lyd .....	66
5.1.11 Variabel 11: Objektsforma av pronomenet <i>me</i> i 1. person fleirtal ( <i>oss</i> ) og determinativen <i>vår</i> .....	67
5.1.12 Oppsummering av resultat: språk .....	67
5.2 Resultat: sosiale variablar.....	72
5.2.1 Interesser .....	72
5.2.2 Syn på skule .....	74
5.2.3 Framtidsplanar og forholdet bygd - by .....	75
5.2.4 Modernitet - tradisjon .....	79
5.2.5 Mediebruk .....	80
5.2.6 Oppsummering: Sosiale variablar .....	83
6 DRØFTING AV RESULTAT.....	85
6.1. Akkommodasjon og naboopposisjon .....	86
6.2 Sterke nettverksband og språkleg bevaring .....	87
6.2.1 Tette nettverksband på mikronivå: viktigheita av familien .....	88
6.2.2 Ei ungdomstid utanom det vanlege? .....	89
6.3 Identitet og personlegdom .....	90
6.3.1 Den sterke identiteten til bygda .....	90
6.3.2 Personlegdom og språk .....	91
6.4 Vertikal, horisontal eller regional påverknad? Eller mangel på dette?.....	94
6.5 Kvifor har J13 fleire nyare former i talemålet enn dei andre?.....	97
6.6 Sosiolingvistiske forklaringar på språkbevaring og språkending .....	100
7 OPPSUMMERING OG AVSLUTTANDE KOMMENTARAR.....	101
7.1 Foreløpig avslutta detektivarbeid og eventuell vidare etterforsking .....	102
LITTERATURLISTE .....	104
VEDLEGG .....	108
Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeskjema.....	108
Vedlegg 2: Samtaleguide.....	110
Vedlegg 3: Eksempel på transkribert samtale .....	112
SAMANDRAG .....	113

## Oversikt over figurar

Figur 1: Oversiktsbilde av Maudal og områda rundt.....	4
Figur 2: Utsikt over bygda frå ein fjelltopp i Øvre Maudal.....	5
Figur 3: Midt på bildet ser me vegen over fjellet mot Byrkjedal. ....	6
Figur 4: Illustrasjon av den talespråklege hierarkipyramiden .....	23
Figur 5: Modell etter Auer og Hinskens (1996). Tilpassa. ....	26
Figur 6: Sosiale nettverk med stor eller liten tettleik.....	32
Figur 7: Resultat for V1, komma.....	54
Figur 8: Resultat for V1, sova .....	54
Figur 9: Resultat for V1, dra .....	55
Figur 10: Resultat for V1, ha.....	56
Figur 11: Resultat for V2, perf. part. av å verbet gå.....	57
Figur 12: Resultat for V3, au.....	58
Figur 13: Resultat for V3, øy.....	59
Figur 14: Resultat for V4, ll eller dl .....	59
Figur 15: Resultat for V4, dn eller rn .....	60
Figur 16: Resultat for V5, lenisering av plosivar .....	61
Figur 17: Resultat for V6, endingsvokal i infinitiv av verb.....	62
Figur 18: Resultat for V7, sekken og ryggen .....	63
Figur 19: Resultat for V8, ubestemt artikkel ei eller ein .....	64
Figur 20: Resultat for V9, svarabhaktivokal .....	65
Figur 21: Resultat for V11, oss/okke og vår/okka.....	67

## Oversikt over tabellar

Tabell 1: Nye og tradisjonelle trekk i dialekten i Rogaland.....	10
Tabell 2: Ordformer av omlyd i presens som blir undersøkt.....	13
Tabell 3: Partisippforma som blir undersøkt .....	13
Tabell 4: Ordformer med diftong som blir undersøkt .....	14
Tabell 5: Ord med segmenterte og differensierte konsonantsamband som blir undersøkt.....	15
Tabell 6: Eksempel på ord som kan undersøkast om har lenisering.....	16
Tabell 7: Ord med potensiell palatalisering av – g og -k i innlyd som blir undersøkt .....	16
Tabell 8: Substantiv av hokjønn som blir undersøkt .....	17
Tabell 9: Pronomenet og determinativen som blir undersøkt.....	19
Tabell 10: Oversikt over alle variablane eg vil undersøka. ....	20
Tabell 11: Forenkla oversikt over Trudgill sitt forslag om samanhengar mellom språk og sosial/samfunnsmessig oppbygging. ....	33
Tabell 12: Informasjon om informantane sin alder, klasse, kjønn og foreldra sin bakgrunn. ....	42
Tabell 13: Oversikt over spørsmål som i samtaleintervjuet. ....	44
Tabell 14: Oversikt over forventta språkvariablar til bilda brukt i bildetesten.....	48
Tabell 15: Oversikt over substantiv i hokjønn brukt i samtalen.....	64
Tabell 16: Oversikt over adjektiv i ubf. eint. m. og f. hos dei fire informantane. ....	65
Tabell 17: Oversikt over ord med tradisjonell kj-lyd /ç/ kvar informant bruker i samtalen.....	66
Tabell 18: Bruken av tradisjonelle former hos informantane.....	69
Tabell 19: Interessante språktrekk som kjem fram i samtalen, i tillegg til dei planlagde variablane....	71



Tabell 20: Oversikt over fritidsinteresser hos informantane. ....	72
Tabell 21: Oversikt over aktivitetar i Maudal og kva fritidstilbod informantane går på. ....	73
Tabell 22: Oversikt over informantane sitt syn på skule. ....	74
Tabell 23: Oversikt over framtidsplanane til informantane. ....	75
Tabell 24: Oversikt over informantane sitt syn på det å bu i Maudal. ....	76
Tabell 25: Oversikt over kor informantane vil bu i framtida. ....	77
Tabell 26: Oversikt over a) kor informantane seier dei er frå viss dei er i utlandet og b) kor nærmaste plass er viss dei «skal noko». ....	78
Tabell 27: Oversikt over informantane sitt syn på mote, teknologi, reising og musikk. ....	79
Tabell 28: Oversikt over informantane sitt syn på moderne teknologi og digitalisering. ....	80
Tabell 29: Oversikt over informantane sitt syn på lesing, sosiale medium, skriftbruk i sosiale medium, dataspeling og TV-seriar. ....	80
Tabell 30: Oversikt over informantane sine haldningar til språk. ....	82
Tabell 31: Kategorisering av informantane i homo domesticus og homo dynamicus ut frå svara dei har gitt i samtaleintervjuet, og gjennomsnittleg bruk av tradisjonelle språkformer. ....	84
Tabell 32: Oversikt over sosiolingvistiske forklaringar på språkbevaring og språkendring hos den enkelte. ....	100

# 1 INNLEIING

## 1.1 Detektivarbeid

Me skal over eit fjell og ned i ein dal, for der finst ei lita bygd som heiter Maudal. På denne staden er det eit titals gardar og nokre enkelståande hus. I dei ulike heimane bur til saman i underkant av 70 menn og kvinner, gamle og unge, og fleire av dei er både fødde og oppvaksne der. Det er bønder og lastebilsjåførar, skuleelevar og sjukepleiarar, frisør og tømrrarar, barnehagebarn og pensjonistar. Ja, til og med ein forfattar. Dei må ofte gå nokre minutt for å komma til næraste nabo, men dei fleste kjenner til kvarandre og veit ein del om einannan. For å komma seg til skulen, barnehagen eller den næraste butikken, må dei køyra eller ta skulebuss. Det er heller ingen arbeidsplassar igjen i bygda, så det er berre bøndene som slepp å bruka bil for å utføra jobben sin. Viss dei vil ut og treffa andre, må dei altså over eit fjell og endå eit stykke vidare. Med andre ord er staden ganske isolert.

I denne vesle bygda vaks eg opp. Eg flytta på hybel for å gå på vidaregåande, og deretter vidare for å studera. Etter det kom eg meg aldri skikkeleg heim igjen. Saman med mi ferd vekk, endra eg måten å snakka på – iallfall til eg kom heim til mor og far igjen. Då hamna eg fort tilbake i gamle språkformer. Sidan Maudal ligg såpass aude, og kontakten med folk frå større stader var relativt liten, var eg ikkje klar over at eg hadde ord og måtar å seia ting på som var annleis enn andre før eg byrja på skulen. Då merka eg etter kvart nokre små skilnadar, til dømes at eg sa *gjee* [ʔje:ə] i staden for *gått* i perfektum partisipp av verbet *gå*. Eg ville ikkje skilja meg ut, så eg tilpassa talemåten til dei andre. På vidaregåande la eg merke til endå fleire språklege forskjellar, og igjen tilpassa eg meg. Eg flytta frå Maudal for om lag 20 år sidan - før Internett var allemannseige, før sosiale medium fanst, og før ein kunne snakka med folk gjennom ein PC som om ein var i same rom. Eg flytta før eg kunne bruka sosiale medium som *Instagram*, *Tik Tok* og *Snapchat* for å følgja med på kva som var in, og kva ungdommar i den store verda var opptatt av. Me hadde aviser, og me hadde fjernsyn, men likevel: Eg hadde rett og slett mindre tilgang på verda utanfor Maudal og skulekrinsen min enn det dei som veks opp i dag har.

Dei store samfunnsendringane dei siste tiåra, som potensielt kan bety noko for språket, har vekka detektiven i meg. Eg ønsker å reisa tilbake til bygda mi for å driva litt etterforskning. Korleis snakkar eigentleg dei som veks opp i Maudal i dag?

## 1.2 Problemstilling

Eg er nysgjerrig på korleis det står til med talemålet i Maudal. Har det skjedd ei rivande utvikling, med mental urbanisering og store dialektendringsprosessar, eller har samfunnet endra seg lite dei siste 20 åra, både språkleg og i levemåte? Desse overordna spørsmåla har resultert i to problemstillingar.

### 1. Korleis er språksituasjonen blant ungdom i Maudal i dag?

Ved hjelp av ulike språklege variablar vil eg undersøka kva språkformer informantane i mi gransking bruker. Eg vil seia meir om val av variablar i kapittel 2.

### 2. Kva faktorar kan ha betydning for at språksituasjonen er sånn han er?

Det at bygda er lita og ganske isolert, samtidig som ho er ein del av den store, globaliserte verda, gjer at det er fleire faktorar som gjer at ein både kan forventast ei endring, men også nokre faktorar som gjer at ein kan rekna med at dialekten<sup>2</sup> framleis er ganske tradisjonell. Eg skal i teorikapittelet komma nærmare inn på ulike forklaringsmodellar for språkendring og språkbevaring, men vil kort nemna nokre av dei første tankane eg gjorde meg som kunne ha betydning for talemålet hos ungdommane i Maudal.

På den eine sida finst det grunnar til å tru at språket ikkje har endra seg så mykje. Bygda ligg som sagt over eit fjell og ned i ein dal, og dei unge er avhengige av at nokon køyrer dei til venner og aktivitetar andre stader. Dei har dermed færre språkmøte med andre enn dei som bur i område med fleire menneske. Kontakt med andre er, som eg vil komma tilbake til i delkapittel 3.2, ein viktig faktor for språkendring.

På den andre sida kan dei som veks opp i bygda i dag, på same måten som dei som bur midt i ein storby, følgja med. Dei har tilgang til den store verda gjennom nokre tastetrykk. Dei kan følgja interessene sine og bli kjent med folk via ulike nettsamfunn, og dermed ta inn inntrykk og både bli påverka og vera med å påverka på ein heilt annan måte enn før. Sjølv om dei sit på eit rom i ei lita bygd, kan dei snakka, lesa og høyra på det dei måtte ønska. Dei kan ikkje berre ta imot, men dei kan også vera delaktige i ein kommunikasjon.

Granskinga er både kvantitativ og kvalitativ, men den kvalitative delen står sterkast (dette vil eg skriva meir inngåande om i metodedelen, kapittel 4). Det vil derfor vera av interesse å ikkje berre studera generelle faktorar som kan ha betydning for språksituasjonen i bygda, men

---

<sup>2</sup> Sjølv om omgrepa *talemål*, *språk* og *dialekt* har litt ulike betydningar, bruker eg dei om einannan i denne oppgåva. Sjå for eksempel Unn Røynealand si drøfting av omgrepa (2008, s. 16-33).

også samhengane mellom informantane sine subjektive opplevingar og personlegdom, og språkleg åtferd. Som eg vil komma tilbake til i teorikapittelet, er dette spørsmålet i stor grad inspirert av Martin Skjekkeland si gransking av talemålet blant ungdom i Kvinesdal. Her finn han samhengar mellom grad av tradisjonelle former i språket og heimekjær eller utovervendt «livsorientering» (jf. 3.6.1).

### **1.3 Empirisk grunnlag**

Etter å ha laga ei oversikt over kven som bur i Maudal, viser det seg at det er fire aktuelle kandidatar. Heldigvis er alle positive til å vera med i denne studien, og ei jente og tre gutar i alderen 13-18 stiller opp på eit semistrukturert samtaleintervju. Samtalen blir tatt opp, og målet med intervjuet er todelt. For det første får eg svar på kva slags språklege variablar ungdommane bruker, og for det andre er *innhaldet* i samtalen sentralt for å forsøka å svara på det andre spørsmålet i problemstillinga. Meir om informantane og det sosiolingvistiske samtaleintervjuet kjem i metodekapittelet (kapittel 4).

### **1.4 Strukturen i oppgåva**

I neste kapittel vil eg gi ei geografisk og demografisk oversikt over samfunnet i Maudal, for deretter å seia meir om kva slags språksamfunn me har med å gjera. Eg forsøker å beskriva talemålet i bygda og går nærmare inn på dei ulike språklege variablane eg har valt å undersøka hos informantane. I kapittel 3 gjer eg greie for det teoretiske rammeverket som ligg til grunn for å drøfta resultata. Det fjerde kapittelet inneheld generell metodeteori, metodisk plassering og spesifikke metodeval eg har gjort i denne granskinga. I kapittel 5 presenterer eg resultata, både når det gjeld dei undersøkte språklege variablane hos informantane, og svara dei gir i samtaleintervjuet. Ei drøfting av resultata kjem i kapittel 6, der sosiolingvistisk teori i kapittel 3 og relevant informasjon om Maudal i kapittel 2 blir brukt som utgangspunkt. I siste kapittel vil eg komma med nokre avsluttande kommentarar med oppsummering av sentrale funn, og idear til vidare forskning.

## 2 MAUDAL: SPRÅK OG SAMFUNN

Maudal er ei lita bygd som ligg i Gjesdal kommune, og er eit av fleire dalføre i Bjerkreimsvassdraget. Som namnet tilseier, ligg bygda i ein dal, og på begge sider ruvar bratte, høge fjell. Den flate dalbotnen består av både udyrka og dyrka mark, eit titals gardar, og nokre frittstående hus. Nede i dalen er høgda over havet nær 300 meter (Waula, 1998, s. 27). I Sørvestleg retning, mot Bjerkreim, treff det flate landskapet Maudalsvatnet, medan vassdraget fører oss opp i heia og mot Sirdal dersom me bevegar oss nordaustover. Som kartet under viser, er det i dag veg frå Maudal til Byrkjedal. Her kan ein køyra vidare nord mot Gilja, Dirdal og Stavanger, nordaust mot Sirdal, eller sørvest mot Bjerkreim. For å forstå kven bøndene i Maudal har hatt språkkontakt med opp gjennom åra, vil eg vidare seia noko om ulike vegsamband.



*Figur 1: Oversiktsbilde av Maudal<sup>3</sup> og områda rundt. På kartet ser me markert med raudt kor vegnettet går i dag. Det er også mogleg å skimta stiar i terrenget som mellom anna viser tidlegare drifts- og handelsvegar.*

### 2.1 Gamle og nye vegar

Dei tidlegaste funna av menneskeleg aktivitet og leirstader i nærleiken av Maudal, er om lag 10 000 år gamle. Det er gjort fleire funn ved Stora Myrvatnet, nordaust for Maudal og 3-4 kilometer frå grensa mot Sirdal i Vest-Agder. Ein reknar med at målet for jegerane var

<sup>3</sup> Kartet er henta 09.10.20, frå norgeskart sine nettsider: [www.norgeskart.no/maudal](http://www.norgeskart.no/maudal)


villrein, og at dei tok seg innover frå dei meir permanente buplassane i Eigersund-området (Waula, 1998, s. 29). Gjennom tidene har vassdraget mellom Sirdal og Bjerkreim vore ein viktig jakt- og ferdselsveg, og stiane langs Bjerkreimsvassdraget var ei naturleg ferdselsåre. Heieområda rundt Maudal hadde stor trafikk av sauedrift gjennom 1800-talet, og samla dyr frå store delar av Midt-Jæren, Sør-Jæren og Dalane (Tengesdal, 2018). Det var også vanleg å gå vegen om Maudal viss du kom frå Sirdal og skulle vidare mot Stavanger. Alle gardane vest for Sira-elva høyrde til Stavanger Amt fram til 1837, så når bøndene hadde ærend i Stavanger gjekk dei ofte via Maudal (Tengesdal, 2018). Vegen blei kalla «Byvegen», og i Jensaheia, aust for Maudal, var det også ein liten handelsplass. I 1801 var trafikken så stor at Knut Aslakson søkte om løyve til å driva gjesteheim i nærleiken av Jensaheia (Waula, 1998, s. 45). Ved å sjå i bygdebøker om slektshistorie, finn me også mange døme på at gifteklare menn og kvinner fann kvarandre langs vegane mellom Maudal og Sirdal, Maudal og Dirdal eller mellom Maudal og Bjerkreim (Risa, 1998; P. Seland, 1980; Waula, 1998).



*Figur 2. Utsikt over bygda frå ein fjelltopp i Øvre Maudal. I enden av bildet ser me Maudalsvatnet. Til høgre, om lag midt på bildet, går vegen over fjellet og ned til Byrkjedal. Bildet er tatt av Lise Veen Gilje, 12.06.20.*

For å komma til kyrkja, måtte ein frakta seg med båt over Maudalsvatnet, eller gå langs stien langs vatnet, via Lanes og Fossbrekka, ned til Espeland og vidare mot Bjerkreim kyrkje eller prestegarden på Helleland (Tengesdal, 2017). Som nemnt ligg Maudal i Gjesdal kommune, men fram til 1964 høyrde øvre del av bygda til Forsand, mens nedre del var ein del av Bjerkreim (Forskrift om grensereg., 1964). «Øvre Maudal høyrde liksom ikkje heilt til i

Bjerkreim», skriv Waula (1998, s. 27), og det var meir naturleg for innbyggarane her å gå eller ri over til Byrkjedal for å komma til kyrkja på Høle. I 1913 blei det også laga veg mellom Maudal og Byrkjedal, og dermed blei det etter kvart slik at maudølane vende seg nordover mot Dirdal og Ålgård. Dirdal fekk nemleg eige kyrkjebygg i 1903, og etter at Maudal blei ein del av Gjesdal kommune, har det administrative sentrum vore på Ålgård. Via eldre drifts- og handelsvegar, og nyare bilvegar, ser ein altså at maudølane har hatt kontakt med folk frå mellom anna Jæren, Dalane, Sirdal og Stavanger.



*Figur 3. Midt på bildet ser me vegen over fjellet mot Byrkjedal. Vegen nede, til høgre, fører til Øvre Maudal og kraftstasjonen, som ligg om lag 1,5 km frå krysset. Vegen nede til venstre, fører til Nedre Maudal. Bildet er henta frå band 2 av bygdeboka Gjesdal: Indre del (Waula, 1998, s. 112).*

## **2.2 Folketalsutvikling, skule og næringar**

Gardane i Maudal blei sannsynlegvis lagt aude etter Svartedauden, men i hundreåra etter auka folketalet gradvis og gardane blei i større grad delte opp. I ei oversikt over folketalet i *Gjesdal: Indre del*, budde det i 1801 mellom 50 og 60 personar i bygda, og talet auka til rundt 80 mot slutten av 1800-talet (Waula, 1998, s. 48). På 1800-talet kom også husmannsvesenet til Maudal, og ut på 1900-talet ei ny næring; nemleg utnytting av vasskraft. Kraftstasjonen i enden av vegen i Øvre Maudal skaffa arbeidsplassar, og i ein periode flytte fleire familiar til

bygda for å arbeida. For å skaffa bustad til arbeidarane, blei det bygd fleire fem utleigehus i åra 1928-1952. Desse husa låg ulike stader i Øvre Maudal, og det var familiar frå ulike stader i landet som budde her i kortare eller lengre periodar. Nokre var her i 2-3 år, medan andre budde i bygda store delar av levetida si. Frå 1970-talet minka talet på anleggsarbeidarar og familiar som budde i Maudal, men dei siste flytta ikkje før på 1990-talet (Waula, 1998, s. 263-172). Etter dette er det stort sett lokale innbyggjarar frå Maudal og bygdene omkring som har stått for arbeidet på kraftstasjonen, sjølv om det har blitt henta inn arbeidskraft utanfrå i korte periodar.

Bygginga av kraftverket kom i ei tid som var prega av fråflytting, og anlegget har nok hatt mykje å seia for utviklinga av det vesle samfunnet. Aukinga i folketalet gjorde at det også blei bygd eit lite sjukehus, og i 1952 kom det nytt skulehus med plass til 20 elevar. Etter kvart som utstyret ved kraftverket blei meir og meir automatisert, blei behovet for arbeidskraft redusert, og sjølv om kraftstasjonen framleis er i full drift, er det ingen som lenger har dagleg oppmøtestad her. Nokre år etter at Maudal blei ein del av Gjesdal kommune i 1964, begynte elevane frå Maudal på Dirdal skule, og reiste om lag ei mil med buss kvar veg for å komma seg dit. Dirdal skule fungerer framleis som eit møtepunkt mellom barn og ungdom, sidan elevar blir busa frå bygdene Frafjord, Gilja, Byrkjedal (i tillegg Mjåland, Motland og Øvstabø dersom det er elevar herifrå) og Maudal også i dag.

I dag bur det om lag 70 personar i Maudal. På det meste var nok innbyggartalet rundt 100 under utbygginga og arbeidet ved kraftstasjonen, så det har vore noko fråflytting. Viss ein ser vekk ifrå desse tiåra på 1900-talet, har folketalet vore ganske stabilt heilt sidan slutten av 1800-talet. Sjølv om nokre gardar har blitt fråflytta, er det framleis vanleg at barn overtar gardane etter foreldra sine.

Hovudnæringa i bygda er framleis jordbruk, men det er vanleg at iallfall ein av dei vaksne i familien reiser over fjellet for å gå på jobb. Nokre reiser kanskje til Ålgård og Sandnes, og nokon arbeidar på Gilje<sup>4</sup> eller på Byrkjedalstunet<sup>5</sup>.

---

<sup>4</sup> *Gilje* er ei hjørnesteinsbedrift som ligg på Gilja og som produserer vindauge og dører.

<sup>5</sup> *Byrkjedalstunet* er opphavelig eit lysstøyper. I dag er det mest kjent som restaurant og hotell med fokus på tradisjon.



## 2.3 Fritidstilbod

Dei aller fleste organiserte fritidstilboda finst på Gilja og Dirdal, om lag ti km unna. På Gilja er det butikk og bedehus, og på Dirdal er det skule og idrettslag. Gilja er den største bygda i skulekrinsen. Tradisjonelt har bedehusmiljøet spelt ei stor rolle som samlingsstad for innbyggjarane i desse bygdene, og her er både kor, ulike klubbar, ungdomsforeiningar osv. Det er mogleg å driva organisert idrett i Dirdal IL, i tillegg til pianoundervisning på skulen. For å nytta seg av fleire kulturtilbod, må ein til Ålgård, nesten fire mil vekke. Det er få samlingsstader i Maudal, men det gamle skulehuset har fungert både som bedehus med taler og søndagsskule i hovudetasjen, og som møtestad for barn og unge i kjellaren.

## 2.4 Språket i Maudal

Sidan det ikkje er skrive noko om dialekten i Maudal tidlegare, må eg nytta andre innfallsvinklar for å seia noko om korleis innbyggjarane her snakkar. Me kan trygt plassera talemålet i det sørvestlege dialektområdet, så eg vil starta med å visa ei generell oversikt over språket her. Når me etter kvart går nærmare inn på talemålet i Maudal, vil eg, i mangel av andre kjelder, bruka eigen lokalkunnskap, og i tillegg støtta meg på eit innslag frå Norge Rundt, der ein mann frå Maudal fortel om eit bukkeslepp på Lanes (NRK, 1981). Kunnskapen eg har om dialekten i Maudal har eg for det første fordi eg er oppvaksen i bygda, i tillegg til at eg har hatt fleire uformelle samtalar med innbyggjarar som ennå bur her.

### 2.4.1 Dialekttrekk på sørvestlandet

I kapittel 3 vil eg komma inn på ulike forklaringsmodellar for dialektendringar, men allereie her kan det vera ryddig å minna om at Rogaland, og spesielt byane, er i ein *diffus* språksituasjon. I eit *diffust* språksamfunn vil det vera stor lingvistisk variasjon og fleire språknormer som konkurrerer. Eit samfunn som er språkleg og kulturelt homogent med lite lingvistisk variasjon, er derimot språkleg *fokusert* (Mæhlum et al., 2008, s. 59). Sidan eg er interessert i å finna ut kor ungdom i Maudal held seg i dette språkutviklingslandskapet, vil det også vera nyttig å seia litt om viktige endringar på Sørvestlandet den siste tida. Eg vil først skissera opp tradisjonelle trekk for dialekten i Rogaland, for deretter å presentera ei oversikt over nyare språktrekk i fylket.

Det sørvestlandske talemålet er ein del av vestnorsk, der nokre av kjenneteikna er mangelen på for eksempel retrofleksar og tjukk *l*, i tillegg til at det ikkje er eit jamvektsmål. Det som tradisjonelt er/har vore typisk for sørvestlandsk er mellom anna:

- Infinitivsmorfemet endar på *-a* (å hoppa)
- Svake hokjønnsord endar på *-a* (ei jenta)
- Pronomenformene *eg* og *me*
- Uvular/velar frikativ<sup>6</sup> (*skarre-r*). (På 1800-talet var det vanleg med *rulle-r* i store delar av Rogaland. Skarring var mest var eit byfenomen. På 1900-talet var lyden derimot «svært ekspansiv» (Sandvik, 1979, s. 71)).
- Segmentering og differensiering av konsonantsamband: *ll* > *ld*, *rl*, *rn* > *dl*, *dn*
- Lenisering av *p*, *t*, *k* etter lang vokal: /ma:d/, /<sup>2</sup>la:ga/
- Svarabhaktivokal i adjektiv eintal: /<sup>1</sup>fi:ne/, /<sup>1</sup>sto:re/

(Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 89-98)

I tabellen under er det skissert opp nokre tradisjonelle og nyare trekk av språket på sørvestlandet. For å skildra tradisjonelle trekk tar eg her utgangspunkt i rogalandske språkdrag beskrive av Olav Hetland Sandvik i *Talemål i Rogaland* frå 1979 og Brit Mæhlum og Unn Røyneland i *Det norske dialektlandskapet* (2012). Dei nyare trekka er hovudsakleg basert på endringar Kristine Nymark Aasen (2011) og June Thea Johannessen (2018, 2020) finn i talemålet blant unge i Stavanger, mens andre språktrekk allereie var i endring då Sandvik skreiv om talemålet i Rogaland i 1979. Dei dialektdraga som Sandvik finn at er i forandring på 1970-talet, er markerte med stjerne.

---

<sup>6</sup> I vestnorske dialektar kan både uvular [ʁ] og velar [ɣ] frikativ opptre som allofonar av /r/. Sidan det er vanlegast å skriva [ʁ] for skarre-r, gjer eg det i dei fonetiske transkripsjonane, sjølv om uttalen i store delar av Rogaland heller kan seiast å vera velar.

Tabell 1: Nye og tradisjonelle trekk i dialekten i Rogaland.

	Tradisjonelle trekk	Nyare trekk
Lenisering?	Blaute konsonantar	Harde konsonantar
Endingsvokal i verb i infinitiv	<i>a</i> -ending ( <i>å hoppa</i> )	<i>e</i> -ending <sup>7</sup> ( <i>å hoppe</i> )
Endingsvokal i svake hokjønnsord	<i>a</i> -ending ( <i>ei jenta</i> )	<i>e</i> -ending ( <i>ei jente</i> )
Artikkel i ubestemt form av hokjønn	<i>Ei</i> ( <i>ei bok</i> )	<i>Ein</i> ( <i>ein bok</i> )
Fonemsamanfall av /ʃ/ og /ç/	<i>Kj</i> -lyd /ç/	<i>Sj</i> -lyd /ʃ/
Svarabhaktivokal <i>e</i> i adj. ubf. eint. fem. og mask.	Svarabhaktivokal ( <i>fine</i> )	Utan svarabhaktivokal ( <i>fin</i> )
Segmentering og differensiering av konsonantsamband*	Segmentering og differensiering ( <i>adle, hodn</i> )	Assimilasjon ( <i>alle, horn</i> )
Monoftongering av øy og au*	Diftong ( <i>høyrt, haust</i> )	Monoftong ( <i>hørt, høst</i> )
Omlyd i presens av sterke verb <sup>8*</sup>	Med omlyd ( <i>kjeme</i> )	Utan omlyd ( <i>komme</i> )
Palatalisering av -g og -k i innlyd*	Palatalisering ( <i>sekkjen, ryggjen</i> )	Ingen palatalisering ( <i>sekken, ryggen</i> )

#### 2.4.2 Dialekten i Maudal

I dei førre kapitla har me sett at innbyggjarane i Maudal har hatt kontakt med både Jæren, Dalane, Sirdal og Stavangerområda mange hundreår tilbake i tid, og at treffpunkta auka mot nord då vegen blei bygd over fjellet mot Byrkjedal og barna etter kvart begynte å reisa til Dirdal for å gå på skule. I tillegg har fleire familiar frå ulike stader i landet budd i Maudal i samband med kraftutbygginga, så innbyggjarane har på denne måten vore i kontakt med ulike dialektar.

<sup>7</sup> I undersøkinga til Johannessen ser det likevel ut til at *a*-infinitiv held seg ganske godt blant ungdom i Stavanger (2020).

<sup>8</sup> Ifølge Sandvik var det heller ikkje omlyd i presens av sterke verb i Stavanger på 1970-talet, og det var tydeleg skilje mellom by og land når det gjaldt verbbøyinga (1979, s. 133).

På grunn av kontakten mellom bygdene, kan ein rekna med at fleire språktrekk i talemålet i Maudal liknar dei tradisjonelle talemåla i Bjerkreim, Sirdal og Byrkjedal/Gilja/Dirdal. Det er også mogleg at kontakten med innflyttarfamiliane kan ha hatt noko å seia for talemålet. Det finst så vidt eg veit ingen tidlegare beskrivingar av dialekten i Maudal eller i småbygdene rundt, men ein kan finna litt om Sirdal og Bjerkreim (E. Seland, 2011, s. 327-370). Eitt særprega trekk som kjenneteiknar talemålet i både Sirdal og Bjerkreim, er bruken av forma *okke* /<sup>1</sup>oke/ av pronomenet *oss* og *okka* /<sup>2</sup>oka/ for determinativen *vår*. Me veit at dette også er vanleg på Jæren sør for Hå-elva og i Dalane (Dybdahl, 1945). Det er ikkje så rart at dette språkdraget finst i desse områda når ein veit at det har vore fleire drift- og handelsvegar og dermed mykje kontakt frå Sirdal i aust, gjennom Maudal og sørover til Bjerkreim, Jæren og Dalane. Ifølge Kåre Dreyer Dybdahl, som i 1945 skreiv ein artikkel der han fann dei geografiske grensene for isoglossen *vår – okke*, markerte Maudal grenseskiljet for bruken av *okke*. Eg kan ikkje hugsa at nokon på min alder uttala objektsforma av pronomenet *me* som *okke* då eg vaks opp i Maudal. Det var heller ikkje vanleg i min familie, og det alminnelege var å seia *osse* /<sup>1</sup>ose/ og *våres* /<sup>2</sup>vo:res/. Eg veit likevel at det var nokon av dei eldre frå bygda som sa *okke*. Ei gjetting kan vera at dette ganske markerte språktrekket forsvann etter at kontakten nordover mot Dirdal auka på.

Alle dei tradisjonelle språktrekka som var vanlege i det sørvestnorske talemålet, finst også opphavelig i dialekten frå Maudal. I opptaket der Sven Maudal blir intervjuet på Norge Rundt i 1981 (NRK), høyrer ein både palatalisering av *-g* og *-k* i innlyd, men også tidvis affrikatuttale av *-k* i ord som *ikkje*: *intkje*. I tillegg høyrer me både rulle-*r* og antydning til diftongering av norrøn lang vokal (*ud > eud*). I Noreg har diftongering av gamle lange vokalar vore mest utbreidd på Vestlandet og i Agder-fylka (Skjekkeland, 2005, s. 44). I Sirdal finn ein også, spesielt hos dei eldre, at *u*, *o* og *i* blir uttala som *eu*, *åo* og *ei*: eit *heus* (hus), *leide* (lite) og *jåore* (gjorde) (E. Seland, 2011, s. 352f).

Sven Maudal er fødd i 1925, og det har sjølv sagt skjedd endringar sidan den gong. Rulle-*r*-en er borte, sjølv om eg i oppveksten høyrde han hos dei eldste i bygda. Palatalisering i innlyd er ifølge egne observasjonar vanleg i den eldre generasjonen ennå, men eg har aldri sjølv hatt dette språktrekket (her reknar eg ikkje med nektingsadverbet *ikkje*). Det var så vidt eg hugsar heller ikkje vanleg hos mine klassekameratar på Dirdal skule. Allereie på 1970-talet konkluderer Skjekkeland med at dei palatale lydane lenge har vore på tilbakemarsj i Rogaland og elles i Noreg (1977, s. 55).

## **2.5 Val av språklege variablar**

I ei målføregransking er det ikkje råd å gjera greia for alle tenkelege former for språkleg variasjon, så ein må gjera eit utval ut ifrå kva ein ønsker å finna ut. Sidan Maudal ligg relativt isolert til, og det går føre seg ganske store språkendringsprosessar i store delar av Rogaland og Noreg, er det spennande å finna ut korleis talemålet blant ungdommar i bygda er. Eg ønskte dermed å ha med eit ganske breitt og spreidd utval av språklege variablar, der nokre peikar mot tradisjon og andre mot endringane me ser elles i fylket. Sidan det ikkje er gjort nokre talemålsgranskingar av dialekten i Maudal eller områda rundt, kan eg ikkje sjå på endringar utifrå eit diakront samanlikningsperspektiv. Det er likevel naturleg å sjå på nokre av dei same variablane som andre språkgranskarar har sett på i Rogaland dei siste åra, i tillegg til meir tradisjonelle språktrekk som ein kjenner til har vore vanlege i den sørvestnorske talemålet og som ser ut til å vera på veg vekk (jf. 2.4.1). Variablane er også plukka ut på bakgrunn av min eigen kjennskap til dialekten i Maudal slik han var då eg budde der for om lag 20 år sidan, og mi nysgjerrigheit for i kor stor grad enkelte språktrekk eg sjølv har endra på ennå held stand. Desse variablane samsvarer i stor grad med dei som er vanlege å undersøke i sosiolingvistiske granskingar, men i tillegg har eg med nokre språkdrag eg meiner er ganske markerte og skil seg frå både skriftspråk, regionale dialektar og standardmål. I tillegg til variablane som var fastlagde på førehand, var eg også open for å fanga opp andre interessante språktrekk eg la merke til under samtalen med informantane.

### **2.5.1 Variabel 1: Omlyd i presens av sterke verb**

Tradisjonelt har det vore vanleg med omlyd i presens av sterke verb i Rogaland, men det har lenge vore ein tydeleg tendens til at dette er på veg bort (Sandvik, 1979, s. 135). I Maudal og bygdene omkring har dette språkdraget vore vanleg, så spørsmålet er om dette held seg ennå eller om det også her har døydd ut eller er i ferd med å gjera det. Omlyd i presens er eit ganske markert trekk som kan signalisera tradisjonell dialekt, og derfor er det interessant å ha det med. Eg har valt former som er under press og som er ganske frekvente. Desse er lista opp i tabellen under, både med og utan omlyd.

*Tabell 2: Ordformer av omlyd i presens som blir undersøkt*

	Presens, omlyd	Presens, utan omlyd
Å komma	<i>kjeme</i> / <sup>1</sup> çe:me/	<i>komme</i> / <sup>1</sup> kome/
Å sova	<i>søve</i> / <sup>1</sup> sø:ve/	<i>sove</i> / <sup>1</sup> so:ve/
Å dra	<i>drege</i> / <sup>1</sup> dre:ge/	<i>drar</i> /dra:r/
Å ha	<i>he</i> /he:/	<i>har</i> /ha:r/

### 2.5.2 Variabel 2: Perfektum partisipp av kort verbet å gå

Eit av dei språktrekka eg sjølv veit eg hadde før flytta, var *e*-ending i partisipp-forma av verbet *å gå*: [<sup>2</sup>je:ə]. Dette språktrekket har vore særskilt for talemålet i Jæren og Dalane, og er rest av ei eldre partisippform (Sandvik, 1979, s. 131). Etter mi oppfatning er det tradisjonelle bøyingsmønsteret for *gå* i Maudal det same som på Jæren:

å gå: /go:r/ /jek/ [<sup>2</sup>je:ə]

(Time, 1986, s. 33).

*Tabell 3: Partisippforma som blir undersøkt*

	Eldre perfektum partisipp-form	Ny perfektum partisipp-form
Å gå	<i>gjee</i> [ <sup>2</sup> je:ə]	<i>gått</i> /got/

### 2.5.3 Variabel 3: Monoftongering av øy og au

Monoftongering vil seia at dei opphavelig norrøne diftongane *ei*, *øy* og *au* blir trekte saman til éin lyd, med andre ord ein monoftong. *Ei* blir som regel til *e*: *aleine* > *alene*, mens *øy* og *au* blir forenkla til *ø*: *høyre* > *høre*, *haust* > *høst*. Sannsynlegvis spreidde denne diftongforenklinga seg frå Danmark til Sverige og vidare til austlege delar av Noreg frå og med 1200-talet. Vidare har nok monoftongeringa verka inn på talemålet også i andre delar av landet, spesielt til Nord-Østerdalen, Sør-Trøndelag, Nordmøre og Romsdal, men også til Inntrøndelag og Midt-Gudbrandsdal (Skjekkeland, 2005, s. 47). I tillegg har Bergen monoftongering. Dei fleste andre dialektane i landet vil også ha meir eller mindre av denne diftongforenklinga, spesielt i ord med forlenga *m*: *draum* > *drømm*, *straum* > *strømm* (Skjekkeland, 2009, s. 49). Tradisjonelt sett ligg sørvestnorsk talemål utanfor monoftongeringsområdet og diftongar vil vera vanleg. Diftongane held seg godt i fleire ord,

som i *stein, laus* og *røyk*. Det er likevel vanleg, iallfall i meir urbane område i Rogaland, å seia *høst, grød/grøt* og *hørra/hørre* i staden for *haust, graut* og *høyra*. Klungtveit undersøkte dette språktrekket i Sand, og fann at det var ei auke av monoftongering av den tradisjonelle diftongen *au*, slik at nær 40% av ungdommane sa *høst* i staden for *haust* (2017, s. 68).

Under viser ei oversikt over ordformene eg vil testa hos ungdommane i Maudal for å finna ut om monoftongering har gjort sitt inntog også her.

**Tabell 4: Ordformer med diftong som blir undersøkt**

	Diftong	Monoftong
Haust	<i>haust</i> [hœust]	<i>høst</i> /høst/
Graut	<i>graud</i> [grœud]	<i>grød</i> /grø:d/
Å høyra	<i>høyra</i> / <sup>2</sup> høyra/	<i>hørra</i> / <sup>2</sup> hørra/

#### 2.5.4 Variabel 4: Utjamning av segmenterte og differensierte konsonantsamband

Ei segmentering vil seia at eitt fonem blir delt i to ulike fonem, sånn at ord som *alle* blir til *adle*, *fjell* blir til *fjedl* osv. Ved differensiering vil to ulike fonem bli meir ulike ved at det første fonemet endrar seg<sup>9</sup>. Eksempel på det kan vera når konsonantane *rn* blir til *dn* i ord som *korn* > *kodn* og *horn* > *hodn*. Ifølge Sandvik (1979, s. 72) har gamle konsonantgrupper hatt ulik utvikling i dei ulike dialektane i Rogaland, men segmentering av norrøn *ll* og *nn* er likevel tradisjonelt sett eit sørvestlandsk språktrekk. Det som går igjen, er likevel at det skjer ei forenkling og utjamning av differensierte og segmenterte konsonantsamband (Gabrielsen, 1984, s. 120; Sandvik, 1979, s. 75), slik at dei seg segmenterte konsonantane *dl* går tilbake til *ll* i store delar av fylket. Det same gjeld det differensierte konsonantsambandet *dn*, som nå blir til *rn*. I Maudal er segmentering og differensiering tradisjonelt sett eit vanleg språktrekk, så spørsmålet blir om me kan sjå den same utviklinga her som starta for godt og vel 50 år sidan i til dømes Stavanger. I tabellen under har eg lista opp dei orda eg vil undersøka.

<sup>9</sup> Rune Røsstad diskuterer segmentasjon og differensiasjon som forklaring på lydendringa *ll* > *dl* i «Segmentasjon eller motivert epentese?» (2019). Han argumenterer for å sjå på overgangen som eit resultat av koartikulasjon og dermed som ei fonetisk motivert lydendring. Eg tar ikkje stilling til kva forklaring som er mest gjeldande, og vil for enkelheits skuld bruka den tradisjonelle nemninga og forståinga for lydendringa i denne oppgåva.

Tabell 5: Ord med segmenterte og differensierte konsonantsamband som blir undersøkt

	Segmenterte konsonantar	Assimilerte konsonantar
Alle	<i>adle</i> / <sup>2</sup> adle/	<i>alle</i> / <sup>2</sup> ale/
Fjell	<i>fjedl</i> / <sup>1</sup> fjedl/	<i>fjell</i> /fjel/
	Differensierte konsonantar	
Horn	<i>hodn</i> / <sup>1</sup> hodn/	<i>horn</i> /hurn/

### 2.5.5 Variabel 5: Lenisering av plosivar

Eit markert kjenneteikn på den sørvestnorske dialekten sør for Boknafjorden, er dei «blaute konsonantane». Lenisering<sup>10</sup> av konsonantane *p*, *t*, *k* til *b*, *d*, *g* skjer når opphaveleg korte plosivar står etter lang vokal (Skjekkeland, 1977, s. 111), og eksempel på dette ser me i verba /<sup>2</sup>çø:ba/ (*kjøpa*), /<sup>2</sup>bi:da/ (*bita*), substantiva /bu:g/ (*bok*), /ska:b/ (*skap*) og adjektiva /<sup>2</sup>li:dŋ/ (*liten*) og /<sup>1</sup>sva:ge/ (*svak*). Ifølge Skjekkeland (2009, s. 187) er ikkje lenisering av *p*, *t*, *k* til *b*, *d*, *g* produktiv lenger, noko me finn eksempel på i innlånte ord. Ein seier for eksempel *togrute* og *datamaskin*, ikkje «togrude» og «dadamaskin». Fleire undersøkingar viser at dei blaute konsonantane er på veg vekk nokre stader der nettopp dette har vore eit sentralt målmerke. Me ser det mellom anna i Stavanger (Aasen, 2011; Johannessen, 2018, 2020) og Kristiansand (Grødem, 2016). Det kan likevel sjå ut som at overgangen frå blaute til harde konsonantar først og fremst førekjem i større byar, for i Camilla Nygaard Bruli (2017, s. 67) si gransking av talemålsutviklinga i Flekkefjord<sup>11</sup>, finn ho at alle dei 12 informantane hadde lenisering.

Det vil vera overraskande om overgangen frå dei blaute/stemte plosivane *b*, *d*, *g* til dei harde/ustemte plosivane *p*, *t*, *k* har komme til Maudal, men for ikkje å utelukka noko, ønsker eg å ha det med. Dette målmerket vil med stort sannsyn førekomma i mange ord hos informantane, men tabellen under viser eksempel på ord informantane kan uttala under samtalen.

<sup>10</sup> Overgangen frå *fortes* til *lenes* blir kalla *lenisering*. *Fortis* tydar sterk, kraftig, mens *lenis* tydar mjuk, mild (Skjekkeland, 1977, s. 111).

<sup>11</sup> Flekkefjord blir rekna som den vestlegaste byen i Agder, og har eit folketal på litt over 9000 innbyggjarar (SSB, 2020a). Byen ligg omtrent midt mellom dei større byane Kristiansand i Agder og Stavanger i Rogaland.



Tabell 6: Eksempel på ord som kan undersøkast om har lenisering.

	Lenisering	Utan lenisering
Ei bok	<i>bog</i> /bu:g/	<i>bok</i> /bu:k/
Lite/liten	<i>lide</i> / <sup>2</sup> li:de/	<i>lite</i> / <sup>2</sup> li:te/
	<i>liden</i> / <sup>2</sup> li:den/	<i>liten</i> / <sup>2</sup> li:ten/

### 2.5.6 Variabel 6: Endingsvokal i infinitiv av verb

Sørvestlandsk er som nemnt eit *a*-mål, og eit av dei tydelegaste kjenneteikna på talemålet i Rogaland, er *a*-endingane i verb i infinitiv: *å hoppa* og *å spela*. Det kan sjå ut som at endingsvokalen *e*- i infinitiv blant yngre i byane i Rogaland er på frammarsj (Aasen, 2011; Johannessen, 2018), ein anekdotisk observasjon eg også har gjort meg hos fleire elevar på den vidaregåande skulen<sup>12</sup> eg arbeider på. På same måte som variabel 5, vil det kanskje vera overraskande viss dette språkendingstrekket finst blant ungdommar i Maudal, men det er likevel interessant å undersøka om det *kan* ha snike seg inn i talemålet også her.

### 2.5.7 Variabel 7: Avpalatalisering av -g og -k i innlyd

Tradisjonelt sett har det vore palatalisering av -g og -k i innlyd i sørvestlandsk: *å tenkja* – *tenkje(r)*, ein *vegg* – *veggjen* osv. Som nemnt i 2.4.2 har dette språktrekket lenge vore på veg tilbake i Rogaland, og dei velare lydane blir vanlegare (Skjekkeland, 1977, s. 55): *å tenka* – *tenker*, ein *vegg* – *veggen*. Det er som sagt også lite truleg at ungdommar i Maudal vil ha palatalisering i innlyd sidan det er såpass lenge sidan det var vanleg å finna blant unge folk i fylket. Denne tendensen til avpalatalisering var også tydeleg i Even André Klungtveit (2017) si undersøking av talemålet på Sand. Eg har likevel valt å ha med denne variabelen, anten for å bekrefte at det ikkje er palatalisering blant ungdom i Maudal, eller for å bli overraska over at det framleis finst. Dei to ordformene som blir undersøkt er lista opp i tabellen under. I tillegg vil det vera interessant å høyra om det dukkar opp andre eksempel på palatalisering i løpet av samtalen med informantane.

Tabell 7: Ord med potensiell palatalisering av -g og -k i innlyd som blir undersøkt

	Palatalisering	Avpalatalisering
Ein sekk	<i>sekkjen</i> [ <sup>1</sup> sɛçøn] eller [ <sup>1</sup> sɛççøn]	<i>sekken</i> [ <sup>1</sup> sɛkøn]
Ein rygg	<i>ryggjen</i> [ <sup>1</sup> ɸɣjøn] eller [ <sup>1</sup> ɸɣjçjøn]	<i>ryggen</i> [ <sup>1</sup> ɸɣgøn]

<sup>12</sup> Skulen heiter Gand vgs., og ligg midt i sentrum av Sandnes.

### 2.5.8 Variabel 8: Substantiv, hokjønn: ubestemt artikkel *ei* eller *ein*

I Noreg kan substantiv bøyast i tre genus; hankjønn, inkjekjønn og hokjønn. Det har lenge vore kjent at Bergen og «tradisjonelt bokmål» berre har to grammatiske kjønn, nemleg hankjønn og inkjekjønn (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 99), men dei siste åra viser fleire granskingar ein tendens til at hokjønnsmarkering av substantiv blir mindre vanleg også i fleire av dei store byane i Noreg (Busterud, Lohndal, Rodina & Westergaard, 2019; Rodina & Westergaard, 2015). Johannessen finn at hokjønn held seg godt i enkelte former, men at ho er tydeleg svekka totalt sett i Stavanger (2020, s. 98).

Det er mange ordklasser og ordformer ein kunne studert når det gjeld hokjønnsmarkering, men på grunn av omfanget av oppgåva, fokuserer eg på den ubestemte artikkelen. Eg er interessert i om det kan førekomma bruk av *ein* i staden for *ei* i Maudal, sidan dette er eit av trekka som viser seg tydelegast i endringsprosessane når det gjeld hokjønn (Rodina & Westergaard, 2015, s. 25). Sjølv om det denne språkforandringa er relativt ny, er ho likevel så ekspansiv at eg ønsker å ha med denne variabelen. Det er heller ikkje utenkeleg at den markante endringa som har vist seg så tydeleg i byar i Noreg, også *kan* komma til uttrykk i Maudal. I tabellen under har eg notert to hokjønnsst substantiv eg vil sjå på i undersøkinga, men som elles er det også mogleg at informantane uttalar andre former enn det eg har planlagt, og dei vil eg sjølvsagt også kunna nytta.

Tabell 8: Substantiv av hokjønn som blir undersøkt

Ubestemt artikkel <i>ei</i>
<i>Ei bok</i>
<i>Ei skjorte</i>

### 2.5.9 Variabel 9: Svarabhaktivokal

Eit språktrekk som er typisk for talemålet i store delar av Rogaland, er vokalending på *-e* i ubf. eint. m. og f. av adj.: *ei sterke jenta*, *ein sterke gut*. Bakgrunnen for denne endinga kjem frå ei endring frå einstava til tostava ord i gammalnorsk. Opphavelg blei *-r* lagt direkte til rota av ordet i nominativ maskulinum eintal, men for å gjera uttalen enklare blei ein vokal «skoten inn» i desse «uharmoniske stavingane». Etter kvart fall *r*-en bort, og analogi gjorde at også hokjønnsord fekk svarabhaktivokal (Sandvik, 1979, s. 105). Orda behaldt opphavelg

tonem 1 då dei blei tostava, så det er berre tonelaget som nå skil eintalsforma frå fleirtalsforma i adjektiv.

Johannessen fann at også svarabhaktivokalen var på retur i Stavanger (2018, s. 23; 2020, s. 86). Då ho samanlikna bruken av dette språktrekket hos ungdom og deira foreldre, fann ho ein tydeleg tendens til mindre bruk av svarabhaktivokal hos dei unge, og konkluderer med at ei avvikling har komme godt i gang.

### **2.5.10 Variabel 10: Fonemsamanfall av /ç/ og /ʃ/**

Få språkendingstrekk har vel skapt meir engasjement enn den pågåande tendensen samanfall mellom fonema /ç/ og /ʃ/. Ifølge Sandøy (2008, s. 198) er *kj*-lyden og *sj*-lyden siste rest av det som for om lag 700 år sidan var seks forskjellige lydar eller konsonantsamband, så tilnærminga mellom desse er det siste i rekka. Det er vanleg å seia at *kj*-lyden blir sjeldnare og *sj*-lyden vanlegare, og utviklinga gjer at den palatale frikativen /ç/ går over til å bli uttala som ein postalveolar frikativ /ʃ/, slik at ord som <sup>2</sup>çu:le/ blir <sup>2</sup>ʃu:le/ og <sup>1</sup>çi:nu/ blir <sup>1</sup>ʃi:nu/. Ifølge Jan Kristian Hognestad (2019a, s. 49) er det likevel upresist å hevda at /ç/ er på veg ut av språket og blir erstatta av /ʃ/. Det som skjer er heller at det fonemiske skiljet mellom dei to lydane blir oppheva, og me får eit fonem /ʃ/ som har allofonane<sup>13</sup> [ʃ] og [ç]. Det er altså ikkje sånn at [ç] aldri førekjem hos språkbrukarar som til dømes seier <sup>2</sup>ʃu:le/ og <sup>1</sup>ʃi:nu/, men det er ikkje føreseieleg kva for ein allofon som vil dukka opp når.

Me finn også eksempel på at opphevinga av det fonemiske skiljet har komme langt utanfor dei store største byane i Rogaland. Per Sigmund Sævik Bøe (2013) undersøkte dette på Ognå på Jæren, og fann at samanfallsprosenten blant unge var 56% (s. 103). På Sand i Suldal har også samanfallet komme langt, slik at majoriteten av ungdom her nå seier <sup>1</sup>ʃi:nu/ i staden for <sup>1</sup>çi:nu/ (*kino*) (Klungtveit, 2017). Ifølge Mæhlum og Røyneland (2012) kan lydendinga komma av både interne og eksterne språkfaktorar, så det er vanskeleg å peika på éi enkel forklaring. *Kj*-lyden er for mange vanskelegare å uttala enn *sj*-lyden, og distinksjonen mellom desse lydane er ofte den siste barn lærer (s. 128). Å læra seg forskjellen mellom fonema er heller ikkje avgjerande for å kommunisera meiningsfylt, sidan det er berre er nokre få ordpar der meininga er ulik etter om det er den palatale eller alveolare frikativen som blir uttala. Samanfallet ser ut til å ha oppstått i fleire byar samtidig, og ein kan dermed ikkje forklara det

---

<sup>13</sup> Allofon: Språklyd som er ein variant av eit fonem (eks. *r*-lyd med lepperunding i *røve*, og *r*-lyd utan lepperunding i *rive*), og som ikkje har noko å seia for meininga av ordet. Me har altså eitt *r*-fonem på norsk, men dette fonemet kan ulike uttalevariantar; allofonar (Hognestad, 2019a, s. 42).

som eit kontaktfenomen, meiner Mæhlum og Røynealand (2012, s. 139). Samtidig meiner dei at spreinga frå byar til mindre plassar truleg kan skyldast språkkontakt.

Sjølv om ein kanskje først og fremst forbind fonemsamanfallet med byar og urbane strøk, ser ein også at dette spreiar seg i meir rurale område. Språkendinga ser ut til å skje i eit relativt raskt tempo, og spørsmålet er om ho også finst hos ungdommar i Maudal.

### 2.5.11 Variabel 11: Objektsforma av pronomenet *me* i 1. person fleirtal (*oss*) og determinativen *vår*

Som nemnt i 2.4.2, er det vanleg at fleirtalsforma av pronomenet *me* (> *oss*) blir uttala *okke* /<sup>1</sup>oke/ i dialekten både i Sirdal og i Bjerkreim. Dreyer Dybdahl (1945) kartla som nemnt grenseskiljet mellom *okke* /<sup>1</sup>oke/ og *okka* /<sup>2</sup>oka/ på den eine sida og *osse* /<sup>1</sup>ose/ og *våres* /<sup>2</sup>vo:res/ på den andre. Han slår fast at «hele Bjerkreim herred nyttar okka» og at «hver eneste grensegard i distriktet ... har bekreftet det». Ein av grensegardane han refererer til er «nedre Maudal» (minner om at nedre Maudal tidlegare hørde til Bjerkreim kommune, og at øvre Maudal hørde til Forsand – jf. 2.1). I tillegg har han funne ut at gardane i øvre Maudal også brukar *okke/okka*, for «i Forsand herred, som helt og holdent er et utpreget vår-herred, fins bare 1 gard med bruk av okka nemlig øvre Maudal» (1945, s. 136). Han konkluderer med at det sannsynlegvis kjem av det geografiske sambandet mellom øvre og nedre Maudal, og at «øvre Maudal blir altså den absolutte grensegard mot aust for Rogalands vedkommende» (s. 137). Me ser at allereie i 1945 var Maudal i eit grenseland når det gjaldt bruken av *okke* – *oss* og *okka* – *vår*. Dette språktrekket lever framleis godt i store delar av Rogaland og Vest-Agder, og på grunn av dette er det også mogleg at det ennå finst i Maudal. Det er kanskje lite truleg, sidan eg som sagt ikkje kan hugsa at dette språktrekket blei brukt av jamaldrande då eg vaks opp, samtidig som mine eldre slektningar frå Maudal heller ikkje har denne uttaleforma. Tvilen gjer at likevel at eg ønsker å undersøka om ungdommar i bygda *kan* ha formene *okke/okka*.

**Tabell 9: Pronomenet og determinativen som blir undersøkt**

	Tradisjonell form av pronomenforma/determinativen	Ny form av pronomenforma/determinativen
Oss	<i>okke</i> / <sup>1</sup> oke/	<i>osse</i> / <sup>1</sup> ose/
Vår	<i>okka</i> / <sup>2</sup> oka/	<i>våres</i> / <sup>2</sup> vo:res/

Som me ser, peikar nokre av variablane mot ganske nye språkendingar me finn i byar i Rogaland, mens andre er svært tradisjonelle. Tabellen under viser variablane som er med i undersøkinga.

*Tabell 10: Oversikt over alle variablane eg vil undersøka.*

Variabel	Variabelforklaring	Tradisjonell form	Nyare form
1	Omlyd i pres. av sterke verb	<i>kjeme</i> <i>søve</i> <i>drege</i> <i>he</i>	<i>komme</i> <i>sove</i> <i>drar</i> <i>har</i>
2	Perf. part. av v. gå	<i>gjee</i> [²je:ə]	<i>gått</i>
3	Monoftongering av <i>au</i> , <i>øy</i>	<i>haust</i> <i>graud</i> <i>høyra</i>	<i>høst</i> <i>grød</i> <i>hørra</i>
4	Utjamning av segmenterte og differensierte konsonantsamband	<i>adle</i> <i>fjedl</i> <i>hodn</i>	<i>alle</i> <i>fjell</i> <i>horn</i>
5	Lenisering av plosivar	<i>b</i> , <i>d</i> , <i>g</i>	<i>p</i> , <i>t</i> , <i>k</i>
6	Endingsvokal i infinitiv av verb	<i>-a</i>	<i>-e</i>
7	Avpalatalisering av <i>g</i> og <i>k</i> i innlyd	<i>sekkjen</i> <i>ryggjen</i>	<i>sekken</i> <i>ryggen</i>
8	Subst. f.: ubestemt artikkel <i>ei</i> eller <i>ein</i>	<i>ei bok</i> <i>ei skjorte</i>	<i>ein bok</i> <i>ein skjorte</i>
9	Svarabhaktivokal	<i>-e</i> ( <i>fine</i> )	<i>ingen</i> ( <i>fin</i> )
10	Samanfall av fonema /ʃ/ og /ç/	<i>Kj</i> -lyd /ç/	<i>Sj</i> -lyd /ʃ/
11	Pron. objektform. 1. pers. eintal	<i>okke</i>	<i>osse</i>

## 3 TEORI

I dette kapittelet vil eg presentera den teoretiske ramma for undersøkinga mi. Eg vil gjera greie for ulike forklaringsmodellar for språkendingar generelt, både på makro- og mikroplan. Teoriane vil på ulike vis ha betydning for granskinga mi av språksituasjonen i Maudal.

### 3.1 Språkendingar

Det er lett å anta at ei forenkling av språket er sjølvsgatt – at det ei slags «naturleg» utvikling. Ifølge Peter Trudgill, er det faktisk komplisering av språket som historisk har vore vanlegast (2011, s. 152). Han snakkar om at språk og dialektar kan bli meir komplekse ved langvarig isolasjon og lite kontakt med andre varietetar, og viss me ser heilt tilbake til det talande menneske sitt inntog på jordkloden og fram til dei siste hundre åra (avhengig av kor i verda ein er), er det jo nettopp den levemåten som har vore vanlegast for fleirtalet av språkbrukarane.

Tida me lever i nå, kan ikkje samanliknast med nokon annan på grunn av dei enorme kommunikasjonsmoglegheitene, demografien og den sosiale nettverksstrukturen. Dette fører til meir kontakt mellom ulike varietetar, større samfunn og lausare band mellom dei lokale nettverka. Folkeveksten i verda er stor, og ifølge Trudgill vil me sannsynlegvis aldri igjen få utvikla kompliserte, innfløkte språk (2011, s. 188), sidan dei er avhengige av å vera av liten storleik, ha tette sosiale band, høg stabilitet og låg grad av kontakt med andre varietetar (Trudgill, 2011).

Det er ei «vedtatt sanning» at dialektane i Noreg nærmar seg kvarandre, og noko av det som i stor grad kjenneteiknar endringsprosessane i Noreg i dag, er nettopp forenkling, eller meir presist *nivellering*. Det betyr at variantar av språktrekk som skil seg ut og kan oppfattast som «breie» eller utprega, eller som blir brukt av få personar i avgrensa geografiske område, blir erstatta av variantar som har eit større regionalt eller nasjonalt bruksområde (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 126). Nivelleringsprosessen fører til ei homogenisering av dialektane, sånn at dei blir likare kvarandre. Det interessante spørsmålet er kvifor og korleis dette skjer, og om det også finst mekanismar som er med på å bremsa dialektendringsprosessane. Me skal sjå nærmare på ulike forklaringsmodellar.

### 3.2 Akkommodasjon

Akkommodasjonsteorien er utvikla av sosialpsykologane Howard Giles og Philip M. Smith og forsøker å forstå og forklara dei individuelle tilpassingane me gjer når me kommuniserer med kvarandre (1979). Det har vore vanleg blant sosialpsykologar å undersøka kva slags

språklege tilpassingar som skjer i løpet av ein samtale, eller det som ofte blir kalla «short-term accommodation» (Trudgill, 1986, s. 3). I eit sosiolingvistisk perspektiv er det likevel vel så interessant å snakka om «long-term accommodation» - nemleg kva som skjer når språkbrukarar tilpassar seg kvarandre over eit lengre tidsrom. Trudgill er opptatt av kor viktig ansikt til ansikt-situasjonar er for folk si åtferd, og meiner det er ein universell menneskeleg eigenskap å villa tilpassa seg andre og redusera ulikskapar mellom kvarandre (1986, s. 2).


Ei språkleg tilpassing til kvarandre blir ofte omtala som *konvergens* og er eit uttrykk for eit ønske om å skapa sosiale band. I staden for at talemålet til språkbrukarane nærmar seg kvarandre, kan også det motsette skje. Ved språkleg *divergens* kan ein unngå å modifisera seg ved å halda på sin eigen dialekt, eller til og med skapa større avstand ved å leggja vekt på språklege skilnadar (Skjekkeland, 2009, s. 39; Trudgill, 1986, s. 2). Allereie på starten av 1900-talet presenterte Amund B. Larsen eit omgrep med liknande tyding som språkleg *divergens* – nemleg *naboopposisjon* (1917). Han skriv: «Naboer er som bekjendt ofte indbyrdes uenige» (s. 35) og peikar på at lokale språksamfunn som ligg i opposisjon kan bevega seg vekk frå kvarandre for å markera avstand.

Det er sjølvsagt fleire mekanismar som spelar inn når kvar enkelt språkbrukar bevisst eller ubevisst konvergerer eller divergerer i kommunikasjon med andre, og noko av dette vil eg komma tilbake til i kapittelet om identitet og personlegdom som faktorar i talemålsgransking (sjå 3.6).

### **3.3 Debatten om standardtalemål: Vertikalistar og horisontalistar**

Frå starten av 2000-talet har det utkrystallisert seg to tydelege og motstridande syn på kva som fører til endringar i talemålet i Noreg (Akselberg, 2006). Dei språkforskarane som høyrer til den eine retninga blir kalla *vertikalistar* og dei som høyrer til den andre, blir kalla *horisontalistar*. Vertikalistane ser for seg at ei endring i talemålet kan komma direkte frå eit standardtalemål og påverka lokale dialektar, medan horisontalistane meiner det ikkje finst eit språk i toppen av ein pyramide som fungerer som påverknadskjelde, men heller at dei lokale dialektane konvergerer horisontalt.

Modellen under er opphavelig laga for å illustrera kreftene i den tyske talemålsutviklinga, men han har også vore nytta som referanse for debatten om kva rolle dei horisontale og vertikale kreftene kan ha på språkendringane i dag (Akselberg, 2006, s. 134).



*Figur 4: Illustrasjon av den talespråklege hierarkipyramiden*

Ifølge Gunnstein Akselberg (2006) representerer den vertikale dimensjonen i illustrasjonen ein standard-dialektal konvergeringsprosess, mens den horisontale dimensjonen representerer ein interdialektal konvergeringsprosess. På toppen av pyramiden vil det altså finnast eit standardtalemål som påverkar andre dialektar vertikalt. Langs den horisontale linja nedst i pyramiden finst dei lokale dialektane, og desse kan påverka kvarandre horisontalt både med og utan ein vertikal konvergeringsprosess.

Bruken av omgrepet *standardtalemål* har vore problematisk i denne diskusjonen, nettopp fordi det ikkje finst eit offisielt standardtalemål i Noreg. For å kunna diskutera kva rolle dette eventuelt spelar som årsaksforklaring til språkendingar i Noreg, må ein vita kva ein legg i omgrepet.

Korleis ein skal definera ein talemålsstandard, er drøfta av fleire. Akselberg meiner for eksempel at det ikkje går an å snakka om ein standard, men ein talemålsnorm, nettopp av di ein standard er noko definert og normert, og dersom det skal finnast ei talemålsnorm i dag, er det jo iallfall ikkje offentleg og eksplisitt, men ei tenkt, mental norm, ei oppleving av ei norm (Akselberg, 2006, s. 147). Språkforskarar diskuterer også om ein ser for seg skriftspråket bokmål som påverknadskjelde, eller om det er det søraustlandske talemålet med utgangspunkt i Oslo ein snakkar om. Det er også problematisk å snakka om standardtalemål som det same som det søraustlandske talemålet, fordi også dette språket er i stadig endring (Hårstad & Opsahl, 2013b; Opsahl & Røynealand, 2009).



Brit Mæhlum kan seiast å høyra til vertikalistfløyen, og peikar på at det finst ei førestilling blant nordmenn om at eit bestemt talemål står i særstilling og fungerer som eit normideal og som meir «rett» enn andre (2007, s. 45; 2009, s. 13). Ho hevdar at bokmålsliknande austnorsk fungerer som «et landsdekkende språklig «overrislingsanlegg»» (2009, s. 19).

På den andre sida kan Helge Sandøy kallast horisontalist. Han er med på at det finst eit prestisjespråk, som kan vera ein dialekt som er meir «sosialt akseptert» enn andre, og som kan vera forskjellige «utgåver av talt bokmål» (1996, s. 139), men han er opptatt av å ikkje blanda omgrepa *standard* og *prestisje*: «når somme slår fast at me har eit standardtalemål i Norge, hevdar dei i mi tolking og min begrepsbruk at me har ein prestisjedialekt i Norge» (2009, s. 27). Sandøy meiner at prestisjedialekten *ikkje* forklarar talemålsendingar, fordi prestisjedialekten er på retur i norske byar til fordel for eit såkalla gatespråk (Sandøy, 1998).

Ofte kan resultat årsaksforklarast ved hjelp av både den horisontale og den vertikale modellen, og det handlar i stor grad om korleis den norske språksituasjonen blir tolka. Eit sentralt metodisk problem er nemleg det Stian Hårstad kallar «det isomorfske crux», som «gjør det vanskelig, og i mange tilfeller umulig, å avgjøre på grunnlag av strukturelle funn alene som en lingvistisk innovasjon stammer frå en nærliggende dialekt, frå en regional standard eller frå en supraregional norm» (2009, s. 133).

### **3.3.1 Påverknad frå media**

Eit eksempel på vertikal innverknad på talemålsendingar vil vera påverknad gjennom media. Meir enn nokon gong får me input frå fleire kanalar; skriftlege medium, auditive medium, visuelle medium og medium sett saman av fleire av desse samtidig. Me les bokmål, nynorsk og dialekt og høyrer og ser andre talemål enn vårt eige kvar dag. Eit sentralt spørsmål er om dette er med på å setta fart på endringane i språksituasjonen i Noreg?

Peter Trudgill er ein av dei som meiner at media har påverknad på det leksikalske nivået, men at det er heilt irrelevant som forklaring på endringar i grammatikken (2014). Endringar i fonologi og morfologi krev ikkje berre at du høyrer det ofte nok, men også at det er interaksjon mellom språkbrukarane (Trudgill, 2014, s. 10). Helge Sandøy er av same oppfatning og konkluderer med at: «endingar i grammatiske drag er i hovudsak eit resultat av nabokontakt og forenkling» (2009, s. 42). I *Språk i byen* (2013b, s. 152f) argumenterer derimot Stian Hårstad og Toril Opsahl *for* at media har noko å seia for talemålsendingane i landet, og meiner at det er ei misoppfatning at nordmenn ikkje førestiller seg at noko er «rett» og «feil» norsk. Dei viser blant anna til at skriftspråket tidleg skaper ein ide om «korrektheit»

og den (tidlegare) aktive normeringa av talemålet i NRK. I tillegg viser dei til oversikter om at fjernsynet har hatt stor overvekt av verbalinnslag på bokmål. Dette gjer at mange barn tidleg høyrer «ein variant av norsk som allment oppfattes som et «normalnorsk» eller «overordnet» talemål» (s. 153).

Dersom media påverkar enkeltindivid, skal det uansett mykje til før me kan snakka om språkending i eit heilt samfunn. Det at enkeltindivid tar opp i seg nye talemåtar er ikkje ei språkending i seg sjølv, men endringsprosessen startar når ein annan person akkommoderer til P1, og kanskje P3 heng seg på P1 og P2 osv. Me går med andre ord frå ein diffus til ein fokusert språksituasjon og til slutt vil kanskje endringane gjelda heile samfunn og me kan snakka om dialektendingar (Mæhlum et al., 2008, s. 207). I desse prosessane spelar språklege innovatørar ei viktig rolle. Samtidig kan desse endringane i eit geografisk avgrensa språksamfunn spreia seg til nye språksamfunn, der nye innovatørar vil ta i bruk endringa osv. (Mæhlum et al., 2008, s. 210).


### **3.4 Regionalisering**

I samband med diskusjonen mellom vertikalistar og horisontalistar, er det også på sin plass å nemna ein sentral årsaksforklaring på endringar i talemålet dei siste tiåra – nemleg *regionalisering*. I samband med det norske TEIN-prosjektet<sup>14</sup>, skriv Tone Skramstad at "Språkleg regionalisering har sitt opphav i hierarkiske relasjonar mellom geografiske område. [...] [D]et geografiske området som står øvst i hierarkiet, vil vera kjernen i den språklege regionaliseringa" (1999, s. 16). Dette føreset med andre ord at ein dialekt er knytt til eit bestemt geografisk område.

Modellen under tar utgangspunkt i Auer og Hinskens (1996) illustrasjon for å forklara spreinga av språktrekk.

---

<sup>14</sup> TEIN står for *Talemålsending i Noreg*, og var eit nasjonalt prosjekt for gransking av talemålsutviklinga i Noreg. Spesielt viktig var undersøkinga av språkleg regionalisering (Akselberg, 1999, s. 8).



*Figur 5: Modell etter Auer og Hinskens (1996). Tilpassa.*

Modellen liknar figur 4, men her kjem den regionale dimensjonen tydeleg fram. Me kan plassera dei regionale dialektane mellom det nasjonale standardtalemålet og dei lokale dialektane. Det regionale nivået foreinar med andre ord trekk frå ein standardvarietet og trekk frå dei tradisjonelle dialektane. Om det regionale nivået blir omtala som regional varietet eller regional standard, er avhengig av den relative nærleiken til det eine eller andre ytterpunktet i pyramiden (Mæhlum, 2007, s. 43). Slik pyramiden er framstilt, kan det sjå ut som at det ligg ein nasjonal standard som dominerer på toppen av eit hierarki. Dei regionale dialektane vil då hovudsakleg førekomma i andre byar i Noreg, og ifølgje *sprangteorien* vil nye språkdrag spreia seg frå sentrum til sentrum, for deretter å siva ut til bygdene rundt sentrum (Mæhlum et al., 2008, s. 222).

Me finn også denne førestillinga om ei kopling mellom dialekt og geografi når Helge Sandøy hevdar at det er «ein tendens til at dialektforskjellane mellom dei minste lokalitetane forsvinn til fordel for språkdrag som dekker større område» (2008, s. 223). Stian Hårstad problematiserer denne måten å tenka regionalisering på, og meiner at det er «*perseptuelle* eller *mentale* regioner som er interessante for oss som er i befatning med språklig regionalisering» (2005, s. 95). Mens nærmiljøet tidlegare var referanseramma til individet, er det nå i større grad storsamfunnet og det *overlokale*. Innbyggjarar på små plassar kan ha haldningar, verdiar og vanar som har vore vanlegare i byar. Me kan kanskje snakka om at skiljet mellom by og land er i ferd med å viskast ut, og at me er i ferd med å bli mentalt urbaniserte (Hårstad & Opsahl, 2013a). Dette vil eg komma nærare inn på i delkapittel 3.5.1.

Erik Fossoskåret meiner at det likevel blir for likevel for enkelt å hevda at den konkrete, geografiske staden ikkje betyr så mykje, og at den kulturelle identiteten er avhengig av staden

på den måten at me treng geografisk forankring for emosjonelle minner og assosiasjonar (2000, s. 32).

### **3.5 By og land hand i hand?**

Eit klassisk skilje innan sosiologien er skiljet mellom by og land. Det er ikkje så lenge sidan storparten av befolkninga i Noreg budde på landet og var bønder, men som følge av mellom anna industrialiseringa vaks byane også her til lands. Urbaniseringa representerte på mange måtar det moderne, og med det blei bygdesamfunnet eit symbol på noko umoderne og gammaldags. Desse assosiasjonane kan ifølge Kari Anne Vold Ulset også knytast til talemålet, slik at språket som blei snakka i byane blei sett på som «finare» og fekk høg status, mens bygdemålet fekk låg status (2002, s. 202).

Verda er meir global enn nokon gong og oppfinninga av Internett og etter kvart sosiale medium har minska skilnadane mellom land og mellom bygd og by. Det er nesten som at Arbeiderpartiets berømte slagord frå 1933; «By og land – hand i hand» kan få ei ny tyding. Det handlar kanskje ikkje berre om eit samarbeid mellom sentrum og periferi lenger, men ei utvisking av skiljet mellom desse. Martin Skjekkeland er ein av dei som snakkar om at motsetnaden mellom by og land i dag er i endring, og dermed også maktbalansen mellom sentrum og periferi (2009, s. 54-55).

#### **3.5.1 Mental urbanisering**

Det er nok lenge til ein kan snakka om ei faktisk utvisking, men omgrepet *mental urbanisering* har blitt brukt av fleire språkforskarar for å seia noko om at urbane haldningar og ein urban livsstil kan spreia seg frå sentrum til periferi utan at det skjer ei fysisk urbanisering i samfunnet. Ei mental urbanisering er med andre ord ein måte å tenke og stille seg til verda på (Ulset, 2002, s. 208). Skjekkeland viser til Mariann Villa og Barbro Vartdal, som er forskarar ved NTNU og har arbeidd med sosiale nettverk i bygder. Dei meiner ein i den moderne bygda kan velja om ein vil vera ein del av fellesskapen eller ikkje (2009, s. 47).

Fleire studiar viser ein samheng mellom ungdom sin eigen identitet som by- eller bygdemenneske, og liten eller stor endring i talemålet. Ulset refererer blant anna til hovudfagsoppgåver av Marie Kristin Bakås og Henriette Langli som viser dette (2002, s. 208-209), i tillegg til at ho i si eiga hovudoppgåve fann at «informantene med en tydelig sterk identitet knyttet til Melhus<sup>15</sup> var de som benyttet flest språklige trekk frå den tradisjonelle

---

<sup>15</sup> Melhus ligg om lag to mil sør for Trondheim.

melhusdialekten, mens de som ikkje følte vesentlig tilhørighet til bygda, valgte fleire trondheimsmålstrekk» (2002, s. 212). Gunnstein Akselberg konkluderer også i si avhandling med at dei informantane som var mest aktive i tradisjonelle felt også var dei som brukte flest tradisjonelle språklege former, og at dei som var mest aktive i moderne felt brukte flest moderne språkformer (1995, s. 389).

### **3.6 Identitet og personlegdom som faktorar i talemålsgransking**

Mens den tradisjonelle dialektologien var opptatt av å skildra den «ekte» dialekten, er det sentralt i sosiolingvistiske talemålsgranskingar å studera samanhengen mellom språk og samfunn. William Labov var ein pioner i sosiolingvistikken, og skapte det mange vil seia er eit paradigmeskifte innan språkforskning (Akselberg, 1995). Han gjorde kvantitative studiar der han var opptatt av analysa språk ut frå *variablar* som sosial klasse, kjønn og alder. Eit individ er ein del av samfunnet det lever i, og må orientera seg i det med hjelp av språk. Det er dermed naturleg at samfunnet påverkar korleis ein snakkar og at endringar i samfunnsstrukturar fører til endringar i talemål. Dei siste tiåra har det også vore aukande interesse for kvalitative undersøkingar med fokus på individ og individ i samhandling med andre. Det *psykososiale* og det *interaksjonelle* er viktig, og ein analyserer språkbruk og dei sosiale omgjevnadane meir djuptgåande (Skjekkeland, 2009, s. 20). Den svenske språkforskaren John Helgander meiner at det først er når ein kjem på mikroplanet og ser på individ i samspel med andre individ at ein kan få ei djupare forståing for språkutvikling (1996). I forlenginga av dette har det også blitt interessant å sjå på faktorar som *identitet* og *personlegdom*.

Me skal først sjå nærmare på omgrepet *identitet*. Ifølge Brit Mæhlum har ei rekke språkforskarar vore opptatt av og nesten tatt for gitt den nære samanhengen mellom språk og identitet, nettopp fordi det på mange måtar er gjennom språket me presenterer oss sjølv og kven vi er (2008, s. 106). Det kan vera vrient å definera kva identitet *er*, og ein av årsakene er at ulike idehistoriske forståingar ligg til grunn. Omgrepet heng saman med det latinske ordet *idem*, som tydar «den same». Mæhlum diskuterer kva det vil seia å vera «den same», for er det den same som ein er heilt «inst inne» når ein er aleine? Eller er det den ein er saman med andre? Martin Skjekkeland viser til psykologen Åge Steinset (1975, s. 48), som var ein av dei første som var opptatt av dialekt og identitet i Noreg. Han meinte at omgrepet identitet kunne forståast som «alle førestillingar eller sett av førestillingar – medvitne eller umedvitne – som eit individ har om seg sjølv» (2009, s. 32). I denne definisjonen er det personlege sentralt. Ifølge Skjekkeland, er Robert Le Page og Andrée Tabouret-Keller opptatt av den *sosiale*

*identiteten*. Dei meiner at eit menneske gjer språklege val ut ifrå dei gruppene det til ein kvar tid vil identifisera seg med, og at me gjennom språket også får tilbakemeldingar på korleis andre ser på oss, noko som også festar seg i sjølvbiletet vårt (2009). Trond Thuen meiner også at identitetsomgrepet peikar på ein motsetnad mellom eit «eg» og eit «vi» og at «eget» i nokre samanhengar representerer ei større sosial eining enn seg sjølv. Det vil også variera kor stor vekt eit samfunn legg på «vi»-tilhøyrsla (2001, s. 79).

Samtidig gjer Brit Mæhlum (2008, s. 109) greie for at ulike førestillingar av kva som utgjer eit «eg» er med på å gjera forsøket på å definera identitetsomgrepet endå meir komplisert. På den eine sida har me den essensialistiske oppfatninga, som ser for seg at individet er fødd med ein kjerne, nokre eigenskapar, som utgjer individets «eg». På den andre sida finn me ei konstruktivistisk oppfatning, som går ut frå at identiteten blir til undervegs i livet og er i stadig endring. Det er nettopp mangelen på kjerne som er karakteristisk for identiteten. Når ein skal studera endringar i språket, meiner Mæhlum at ein ikkje berre kan årsaksforklara ut frå den eine eller den andre oppfatninga, men heller leggja vekt på vekselverknaden mellom dei (2008, s. 110).

Det er også interessant å sjå på samanhengen mellom språk og personlegdom. Dei fleste vil ha ei førestilling om kva personlegdom *er*, men likevel er det lite brukt som forklaringsfaktor når det gjeld språktilhøve, nettopp fordi det er så vanskeleg å definera det. Mæhlum skriv i 1992 at det har vore få forsøk på å integrera variabelen *personlegdom* i sosiolingvistiske undersøkingar, og at «faktorer som berører denne kvaliteten, omfatter verdier som vanskelig lar seg måle, telle eller presisere på en så konsis måte...» (s. 331). Også i kvalitative undersøkingar er det vanskeleg, sidan omgrepet ofte blir oppfatta som noko psykologisk og samansett. Ho meiner likevel at personlegdomen til eit individ utgjer ein «svært vital komponent i det komplekset av faktorer som vil kunne influere på valget av språklige strategier innenfor et visst sosialt fellesskap» (1992, s. 331). Det er mange som har forsøkt å definera kva personlegdom er (sjå mellom anna Skjekkeland, 2009, s. 57ff), men på grunn av oppgåvas omfang skal eg ikkje gå langt inn i den diskusjonen. Eg støttar meg til Skjekkeland, som seier at «personlegdomspsykologien handlar om korleis likskapar og ulikskapar mellom menneska best kan beskrivast», og vidare at det handlar om «korleis likskapar og ulikskapar heng saman med kvarandre, korleis dei er oppstått og utvikla, og korleis dei eventuelt kan endrast (2009, s. 62).

På same måten som den konstruktivistiske oppfatninga av at *identiteten* blir til i løpet av livet, meiner den amerikanske psykologen Paul Costa at heller ikkje *personlegdomen* er lik heile

tida. I eit intervju med den norske psykologen og journalisten Svein Arthur Kallevik, hevdar han at skjer det store endringar i personlegdomen i tenåra, og han stabiliserer seg først i slutten av 20-åra (Kallevik, 2009). Det betyr at ungdommar i sosiolingvistiske undersøkingar har ein personlegdom i utvikling, og at ein samanheng mellom språk og personlegdom er eit uttrykk for kven dei «er» der og då, og at ein meir stabil personlegdom også kan henga saman med eit meir stabilt språk.

### **3.6.1 Homo domesticus og homo dynamicus**

I tida etter Mæhlums bidrag (sjå ovanfor), har fleire språkforskarar vore opptatt av samanhengen mellom personlegdom og språkbruk. Her vil eg spesielt nemna Skjekkeland (2009) si undersøking av talemålet til 41 ungdommar i Kvinesdal. I granskinga såg han tydeleg to «personlegdomstypar». I den eine gruppa var dei «heimekjære», som hadde ei sterk tilknytning til bygda, mens det i den andre gruppa var dei «utovervende», som såg fram til å komma i eit anna miljø. Han kalla desse personlegdomstypane for *homo domesticus* og *homo dynamicus* (2009, s. 65). Desse kategoriane kan minna om det Harald Thun (1996) kalla *topostatisk* og *topodynamisk* språkleg praksis. Ifølge Skjekkeland (2009, s. 76) meiner Thun at menneske som bur same plass store delar av livet, høyrer til dei *topostatiske*, mens dei som flyttar fleire gonger i livet, kan kallast *topodynamiske*. Som ei forlenging til det å faktisk ha flytta på seg, meiner Skjekkeland at ein også kan snakka om «ei topostatisk og topodynamisk innstilling til omverda» (2009, s. 77), og det er denne livsverda og haldninga til verda rundt eg oppfattar at nemningane *homo domesticus* og *homo dynamicus* famnar.

Nokre sentrale klassifiseringsfaktorar i Skjekkeland si inndeling, er graden av lokal identitet, interesseområde, tankar om oppvekststaden og syn på framtida. Skjekkeland fann at dei som høyrde til *homo domesticus*-gruppa hadde klart fleire tradisjonelle former i språket enn dei i *homo dynamicus*-gruppa (2009, s. 223). Ulset har brukt liknande kategorisering i personlegdomstypar i hovudoppgåva si om talemålet til unge i nedre Melhus (jf. 3.5.1), og dei med sterk lokal identitet til bygda blei kalla *homo staticus*, og dei som ikkje kjende på spesiell tilhøyrslse til bygda blei kalla *homo dynamicus*. Som tidlegare nemnt viste det seg at dei informantane som hadde sterkast tilknytning til Melhus også var dei som brukte flest språklege trekk frå den tradisjonelle dialekten (2002, s. 212).

### **3.6.2 Registervariasjon**

Samtidig som me kan sjå samanhengar mellom språket til eit individ og identiteten og personlegdomen hans/hennar, er det også sånn at menneske ofte snakkar ulikt i ulike samanhengar. Akselberg peikar på at det er vanleg at språkbrukarar har fleire register i

talemålet sitt, og at dei skiftar register etter grad av formalitet i kommunikasjonssituasjonen (2008, s. 138). Nokre har stort register å spela på, mens andre har lite. For nokon kan det vera viktig å tilpassa seg talemålet til den dei snakkar med ved språkleg akkommodasjon, eller markera avstand ved språkleg divergens (jf. 3.2), mens andre igjen ikkje er så bevisst eigen språkleg praksis og snakkar i om lag same «stil» uansett kven dei snakkar med.

### **3.7 Lause og sterke band**

I *Sociolinguistic typology: Social Determinants of Linguistic Complexity*, foreslår Trudgill at det kan finnast ein forklaringsmodell for korleis språksamfunn utviklar seg: «The issue at hand for this sociolinguistic typology is whether it is possible to suggest that certain linguistic features are more commonly associated with certain types of society or social structure than others» (2011, s. xvi). Ein velkjent mekanisme for å seia noko om årsak til språkending, er graden av kontakt. Ifølge Trudgill er det stor einigheit i litteraturen om at kontakt fører til ein forenklingssprosess av strukturen i språket. Han meiner det er ei misforståing at alle språk er like komplekse, og viser til ei undersøking av Kuster (2003), som viser at graden av språkleg kompleksitet heng saman med samfunnstype. Jo meir kontakt, jo større grad av forenkling (2011, s. 19). Ifølge Trudgill vil språk og dialektar som blir snakka i samfunn med lite kontakt, bevare kompleksiteten. I tillegg argumenterer han for at talemålet på isolerte stader der språkbrukarane har liten kontakt over tid, faktisk *kan* utvikla seg til å bli endå meir komplekst, både med fleire uregelrette bøyingar, mindre grad av «gjennomsiktigheit» mellom form og innhald, auke av grammatisk overflødigheit og fleire morfologiske kategoriar (2011, s. 64-89).

Me kan også sjå på storleiken av eit samfunn og finna samanhengar mellom språk og sosiale og samfunnsmessige strukturar. Lesley Milroy (1987) sin velkjente nettverksmodell frå 1980 er sentral i sosiolingvistikken. Sosialt nettverk «[...] refers quite simply to the informal social relationships contracted by an individual» (s. 74), og ho undersøkte samanhengane mellom tradisjonelt eller standardnært språk og graden av tettleik mellom medlemmane i det sosiale nettverket i tre arbeidarklassesamfunn i Belfast. Ho bruker omgrepa tette og multiplekse nettverk, som kjenneteiknar eit ruralt språksamfunn, og opne og uniplekse nettverk, som er vanlege å finna i urbane språksamfunn. I eit tett nettverk er det nære sosiale band mellom innbyggjarane, og samfunnsnormene blir i større grad heldt oppe. Samtidig kan lause nettverk føra til svake sosiale band og mindre oppfølging av fellesskapsnormer. Ei årsak til at dei tette og multiplekse nettverka fungerer konserverande på språket, er fordi innbyggjarane gir kvarandre sanksjonar viss nokon snakkar annleis enn den tradisjonelle dialekten, og det kan



vera risikabelt å ta opp ein heilt ny språkvane (Mæhlum et al., 2008, s. 212). Sidan tette, sosiale nettverk nødvendigvis er avhengige av å ikkje vera for store, er det vanleg å finna dei i små, stabile samfunn med få kontaktar utanfrå og mykje sosialt fellesskap (Trudgill, 2011, s. 102). Mæhlum skriv at sosiale nettverk refererer til det nettet av menneske me omgir oss med, som familie, venner, skulekameratar og kollegaer, i tillegg til dei uformelle kontaktane. Ho illustrerer sosiale nettverk med liten eller stor tettleik i slik (2008, s. 117):



**Figur 6: Sosiale nettverk med stor eller liten tettleik**

I eit fellesskap med maksimal tettleik er det ei kopling mellom alle individa i nettverket, med andre ord er det sånn at «alle kjenner alle». I eit heilt ope nettverk er det derimot berre éi forbindingslinje mellom individa, og det er at alle kjenner *eg*. Tette nettverk er ofte knytt saman med multiplekse relasjonar, og personar kan vera både naboar, kollegaer, slektningar og venner. Ifølge Mæhlum er det «nokså åpenbart hvordan et tett og multiplekst nettverk vil ha et stort potensial som sosial normering- og kontrollinstans» (2008, s. 117). Eit eksempel på nettopp dette, finn me i Jan Kristian Hognestad (2019b) si undersøking av språket hos industriarbeidarar ved fayancefabrikken i Egersund. Fleire studiar har vist at dei lokale dialektane i Noreg har vore sårbare ved tilflytting og industriutvikling (sjå f.eks. Neteland, 2014; Solheim, 2006), og då er det ekstra interessant at det er annleis i Egersund. Her blir nemleg det gamle språkssystemet bevart, og ifølge Hognestad er det rimeleg å hevda at det heng saman med dei tette og multiplekse banda hos arbeidarane ved fayancefabrikken.

Dei personane som er nærast kvarandre, kallar George Herbert Mead *signifikante andre* (1934). Dei signifikante andre vil seia dei sosiale aktørane som kvart individ samhandlar mest med, og som høyrer til det primære sosiale nettverket. Som oftast er det den næraste familien, med mor, far, søsken osv. På den måten kan me seia at familien ofte blir eit sosialt nettverk på

mikronivå. Fleire studiar har vist at foreldra si rolle er viktig, og eit døme er Skramstad (1999) si undersøking av talemålet på Hadeland, der ho diskuterer samanhengen mellom flytting og dialektstabilitet. Ho finn at talemålet er mest stabilt i familiar med lite flytting, og ho peikar på at nesten alle som snakka hadelending hadde minst ein av foreldra frå Hadeland. Ein annan språkforskar som peikar å noko liknande, er Unn Røyneland (2005), som hevdar at dialekten til foreldra er svært viktig for enkelte språktrekk.

Trudgill viser også til Daniel Nettle (1999, s. 138), som seier at der det er få innbyggjarar i eit samfunn, er det også større sjans for at enkeltindivid kan ha påverknad på talemålet: «If a group consists of just a few hundred people, the idiosyncrasies of one very influential individual can spread through it very easily» (2011, s. 104).

I tabellen under har eg laga ei forenkla oversikt for å illustrera det Trudgill foreslår er samanhengar mellom utvikling av ein dialekt eller eit språk, og sosial og/eller samfunnsmessig oppbygging.

**Tabell 11: Forenkla oversikt over Trudgill sitt forslag om samanhengar mellom språk og sosial/samfunnsmessig oppbygging.**

	Kompleksifisering av dialekt/språk	Forenkling/ending av dialekt/språk
Storleik	Små samfunn	Store samfunn
Nettverk	Tette nettverk	Lause nettverk
Kontakt	Lite kontakt	Mykje kontakt
Delt informasjon	Mykje delt informasjon i samfunnet	Lite delt informasjon i samfunnet
Stabilitet	Høg stabilitet	Låg stabilitet

Det er viktig peika på at motsetnadene som kjem fram i tabellen, er ytterpunkta. Trudgill seier at dei aller fleste samfunn finst ein stad imellom, og kan ha grader av det eine eller andre kjenneteiknet (2011, s. 146). Slik verda er i dag, er forenkling vanleg, og som nemnt i starten av dette kapittelet vil ein kanskje aldri utvikla innfløkte, komplisert språk igjen (Trudgill, 2011, s. 188). I staden for kompleksifisering, er det nok meir realistisk å snakka om *bevaring*

av språk, og at dei varietetane som «står imot» endring kan ha kjenneteikn frå kolonnen til venstre.

### 3.7.1 Ungdomskultur i endring

Ungdomskulturen har endra seg dramatisk sidan 1950-talet. Før var det om å gjera å bli sjølvstendig så tidleg som mogleg sånn at ein ikkje blei ei byrde for familien, og konfirmasjonen markerte skiljet mellom barn og vaksen. Unge gutar kunne reise til sjøs som 14-åringar, og jenter skulle lærast opp til å bli gode husmødrer. Etter kvart blei det vanleg å gå lenger på skulen. I motsetnad til i arbeidslivet, er det ikkje vanleg med aldersblanding i skulen, og ein får dermed ein eigen kultur med mange unge på same alder. I tillegg førte tilgangen til fritidsaktivitetar til endå meir tid med jamaldrande og mindre tid til storfamilien. Framveksten av isolerte ungdomsmiljø fører til at dei sosiale kontraktane som tidlegare var mellom vaksne og unge nå i større grad blir skapte ungdommar seg imellom. Den utvida ungdomstida gjer at dei unge i større grad er kvarandre sine førebilete også språkleg, sidan dette er ei tid der søkinga etter eigen identitet, «sjølvvet», og det å passa inn blant jamaldrande er viktig. Me kan seia at dei tette og multiplekse nettverka som Milroy skriv om, med nære sosiale band mellom alle medlemmene, på mange måtar løyser seg opp når ungdomsmiljøa konkurrerer med den tidlegare storfamilien som språkleg norminstans.

### 3.8 Kvifor endrar ikkje dialektane seg fortare i Noreg?

Det er som sagt ingen tvil om at dialektane i Noreg er i endring og at mykje tydar på at dei blir likare kvarandre (Røyneland, 2017, s. 93). Eit interessant spørsmål er likevel kva som gjer at endringane ikkje er større eller skjer endå raskare? I eit samfunn der kontakten og tilgangen på «heile verda» er svært stor, må det likevel vera ein del faktorar som bremsar utviklinga. Sjølv om Noreg ligg i verdstoppen når det gjeld tilgang til Internett (Regjeringen, 2019), og det ifølgje statistisk sentralbyrå bur 82% i tettbygde strøk (2019), står dialektane sterkt.

Hårstad og Opsahl peikar på nokre moment som kan vera med på å forklara det dei kallar «bremsinga av homogeniseringa». Ein faktor kan vera ei forventning hos kvarandre om *språkleg autentisitet*. Å vera autentisk blir gjerne forstått som det å vera ekte og truverdig, og «blir [...] satt i forbindelse med å leve og handle i tråd med «sin indre natur» (2013b, s. 159). Dersom eit individ plutselig snakkar på ein annan måte enn det som er forventa eller blir sett på som passande for identiteten, kan han eller ho mista truverd og bli sett på som mindre autentisk. Talemålet er ofte sterkt knytt til staden ein kjem frå, og ei endring av måten å snakka på kan dermed verka som ei fornærming ovanfor andre frå same plass. Ifølgje Hårstad

og Opsahl blir ofte viktigheita av å komma frå ein stad omtala som eit særtrekk ved identitetsforståinga i Noreg (2013b, s. 160).

Ein annan mekanisme som kan bremsa endringstempoet, er ifølge Hårstad og Opsahl *språkleg konformitet*. Sjølv om mange studiar har vist at ungdommar er spesielt opne for å akkommodera, peikar mange forskarar også på at konform åtferd er eit kjenneteikn i ungdomstida (2013b, s. 163. Her viser dei til Frønes 1994 og Rubin et al. 1998). For mange er ein viktig del av forhandlinga om sosial identitet å gjera det dei andre gjer, og å ikkje skilja seg ut.

Den tredje mekanismen som kan verka inn, er det dei kallar ein *særnorsk egalitarisme*. Dei viser mellom anna til Gullestad (1985, s. 18f), som hevdar at nordmenn i mange samanhengar må «være like for å føle seg likeverdige». Likskapstanken er i Noreg i større grad enn andre plassar det same som konkret likskap (2013b, s. 170). Dersom desse ideala står sterkt, vil det vera vanskeleg å skilja seg ut, og det blir naturleg å gjera det same som andre, også når det gjeld språk. Denne faktoren støttar jo også opp under akkommodasjonsteorien, for det er jo nettopp ved ansikt til ansikt-kontakt at ein tilpassar seg kvarandre språkleg. Her vil jo også kjensla av å villa vera «normal» eller «lik» spela inn, for språkleg konvergens uttrykker som tidlegare nemnt eit ønske om å skapa sosiale band. Hårstad og Opsahl diskuterer om den *særnorske* egalitarismen kan henga saman med ideen om at likskap ofte blir sett på som eit typisk trekk for rurale samfunn, og viser til sosialantropologen Sørhaug (1984, s.63), som omtalar Noreg som «verdens største lokalsamfunn» (2013b, s. 171).

### **3.9 Litt om språk og kjønn**

Ifølge Mæhlum er det fleire undersøkingar som viser språklege skilnadar mellom jenter/kvinner og gutar/menn. Men held seg meir til den tradisjonelle dialekten og er lojal mot dei lokale normene, mens kvinner i større grad snakkar standardnært (2008, s. 120). Kategorien *kjønn* er ein av dei sosiale variablane William Labov var opptatt av i sin analyse av språket, og han meinte at mønsteret med fleire standardnære former for kvinner enn menn var ganske gjennomgåande. Sjølv om forskning også peikar på skilnadar mellom kjønn og bruk av språk (Hårstad, 2010; Solheim, 2006), sår ein del studiar likevel tvil om bildet kan vera så eintydig som Labov påstår. Fleire undersøkingar har komme fram til at dei språklege og sosiale skilnadane ikkje går mellom hankjønn og hokjønn, men heller innføre ei gruppe av jenter eller gutar (Mæhlum et al., 2008, s. 121). Dei tradisjonelle ideane om kjønn som ein

utelukkande *biologisk* storleik er i endring, og ein kan også sjå på kjønn som ein *sosial* og *kulturell* kategori.

### **3.10 Sosiolingvistik og dialektologi**

I delkapittel 3.6 skreiv eg om William Labov, som var ein pioner i det sosiolingvistiske fagfeltet. Han gav i 1966 ut boka *The Social Stratification of English in New York City*, og her blei sosiolingvistikken introdusert som ein vitskapleg disiplin. Labov gjekk inn for å sjå på samspelet mellom språk og samfunn, og ikkje berre beskriva ein dialekt på ein bestemt plass (Skjekkeland, 2009, s. 17). Han braut dermed med den tradisjonelle dialektologien, der målet var å finna svar på korleis språket var på ein bestemt stad. Dialektologane var opptatt av å finna den «ekte» dialekten, og beskriva eit idealspråk. Den norske bonden blei ein berande representant for det «autentiske» språket, og den optimale dialektbrukaren var den som i engelsk faglitteratur blir forkorta til NORMS og står for *Nonmobile, Older, Rural, Males* (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 15f). Det var med andre ord sentralt å snakka med eldre menneske, som dermed snakka dialekten mest «reint» og upåverka.

I dag er det meir vanleg å studera språklege fenomen gjennom sosiolingvistiske briller. Når Hårstad & Opsahl skriv om kva dei legg i omgrepet sosiolingvistik, får dei fram at dei oppfattar språk som «sosiale og kulturelle femomener og praksiser» og at dei «bringer inn teorier frå en rekke samfunnsvitenskaper, blant annet sosiologi, sosialantropologi, kulturgeografi og sosialpsykologi.» (2013a, s. 12).

## 4 METODE

Som nemnt i innleiingskapittelet lurte eg på korleis talemålet blant ungdommar i Maudal er i ei tid prega av raske dialektendringsprosessar og meir tilgang og moglegheit til ein «urban» livsstil enn nokon gong, samtidig som bygda framleis ligg der ho ligg, med lang veg til næraste by, og (sannsynlegvis<sup>16</sup>) avgrensa kontakt med personar frå andre stader enn dei som høyrer til skulekrinsen. Eg minner om problemstillingane, som forhåpentlegvis klargjer kva eg ønskte eg å finna ut:

1. **Korleis språksituasjonen er blant ungdom i Maudal i dag, og**
2. **Kva faktorar som kan ha betydning for at språksituasjonen er som han er?**

Denne studien er basert på samtale med fire ungdommar frå bygda. Eg ville treffa ungdommane i ei mest mogleg naturleg samtale, der eg samtidig var ute etter nokre spesifikke språklege variablar. For å leggja best mogleg til rette for dette, valde eg eit såkalla semistrukturert intervju, der eg også gjennomførte ein bildetest for å få informantane til å bruka bestemte språktrekk (sjå delkapittel 4.5). Eg vil i dette kapittelet gjera greie for kvifor eg gjorde desse vala, korleis intervjuet gjekk føre seg, kva fordelar og ulemper denne metoden kan innebere generelt, og korleis det fungerte i denne konkrete samanhengen. Før eg gjer det, vil eg forsøka å plassera denne undersøkinga i den dialektologiske og sosiolingvistiske tradisjonen. Deretter vil eg gjera greie for to ulike måtar å henta kunnskap på, nemleg kvantitativ og kvalitativ metode, for så å plassera mine metodar i forhold til desse. Til slutt i kapittelet fortel eg om korleis eg arbeidde med det innsamla materialet.

### 4.1 Metodisk plassering

Undersøkinga mi står med ein fot i dialektologien, men med hovudtyngda i sosiolingvistikken. Sidan det ikkje er skrive eller forska på dialekten i Maudal eller områda rundt, og for å ha ein slags målestokk å halda funna mine opp mot, var ein nødvendig del av oppgåva mi nettopp å skildra ein tradisjonell dialekt (sjå kap. 2.4). Samtidig var eg opptatt av språket til kvar enkelt informant i samheng med samfunnet dei lever i, deira identitet og personlegdomstype - med andre ord variablar som er sterkt knytt til sosiolingvistikken. Så sjølv om ein del av oppgåva held seg til den dialektologiske tradisjonen, går blikket mitt i ein annan retning enn å samanlikna med dialekten i fortida. Tvert imot har eg kasta augo mot

---

<sup>16</sup> Dette var jo ei forventning, men for alt eg visste kunne det jo for eksempel vera at ein eller fleire av ungdommane var mykje med personar frå mange andre stader, oppsøkte ulike miljø utanfor bygdene osv.

nåtida og vil bruka det eg har skrivne om den tradisjonelle maudalsdialekten for å seia noko om korleis talemålet og den språklege åtferda til ungdommane i bygda er, i forhold til dialektendringsprosessar ein ser elles i landet.

## 4.2 Metodeteori

### 4.2.1 Kvantitativ og kvalitativ metode

For å finna svar på det me lurar på, treng me ein metode. Akselberg og Mæhlum definerer metode som «den framgangsmåten vi benytter oss av i en undersøkelse. Den er et middel til å løse problemer og komme fram til ny kunnskap» (2008, s. 74). For å avgjera kva metode som vil vera best for å «løysa problemet» og få «ny kunnskap», må ein vera sikker på kva ein ønsker å finna ut. Eit hovudskilje i val av metode går mellom den kvantitative og den kvalitative. Kva ein ønsker å få svar på blir ofte avgjerande for kva slags metode ein nyttar.

I ein *kvantitativ* studie vil ein komma fram til målbare tal. I sosiolingvistikken vil det for eksempel innebera at ein lager tabellar og oversiktar over språksituasjonen i eit gitt område. Det er ofte relativt mange informantar i ei kvantitativ undersøking, og det er mest fokus på det målbare, som kjønn, alder, yrke osv. Resultata bør også i størst mogleg grad kunne vera statistisk representative for den delen av samfunnet granskinga finn stad. Ein vanleg måte å henta informasjon på i kvantitative undersøkingar, er med spørjeskjema, og vanlegvis er studien retta mot ei gruppe (Mæhlum et al., 2008, s. 77ff).

Ifølge Akselberg og Mæhlum, er målet i ein *kvalitativ* studie å *forstå* og få ei djupare innsikt i samhengane mellom språket og dei enkeltindividene som nyttar språket (2008, s. 77ff). Den subjektive opplevinga og andre psykologiske forhold kan vera viktige når forskaren skal tolka korleis språket til individene blir brukt. Ein kvalitativ studie har som regel få informantar, og individet er som sagt viktig. Den informasjonen som kjem fram i ei kvalitativ gransking er i mindre grad generaliserbar, men kan seia noko om ulike faktorar som kan vera avgjerande for den språklege åtferda til enkeltpersonar. Det er vanleg med ei form for intervju eller samtale når ein nyttar kvalitativ metode, og på den måten er det mogleg å gå djupare inn i informantane sine eigne opplevingar, tankar og personlegdom. Forskaren kan på den måten forsøka nettopp å *forstå*.

I mange tilfelle er det vanleg å kombinera kvantitativ og kvalitativ metode i éi og same undersøking, og det kan vera flytande overgangar mellom kva som er kva (Mæhlum et al., 2008, s. 78). Ein kan også hevda at det kvantitative og kvalitative ikkje er motsetningspar, men heller idealiserte ytterpunkt på ein skala (Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017, s. 53).

Målet i denne undersøkinga av talemålet til fire ungdommar i ei lita bygd, er både å forstå og å beskriva språktrekk. Dei konkrete språklege variablane eg er ute etter kan eg telja opp og setta inn i ein tabell, så den delen av oppgåva er kvantitativ. I tillegg til lingvistiske beskrivingar har eg også ein hermeneutisk innfallsvinkel, der eg ønsker å sjå på dei språklege praksisane til ungdommane og få ei heilskapleg forståing for kvifor dei snakkar som dei gjer. I denne oppgåva nyttar eg altså både den kvalitative og kvantitative metoden, men hovudtyngda ligg i den kvalitative analysen.

Ut frå mi gransking kan eg ikkje generalisera over korleis det står til med språkendringsprosessar blant ungdommar i små bygder i Noreg, men eg kan prøva å forstå det spesielle akkurat for dei ungdommane eg snakkar med.

#### **4.2.2 Reliabilitet og validitet**

Det finst nokre grunnleggande vitenskaplege krav som gjeld når ein skal gjera ei undersøking. For det første må det materialet som er samla inn vera påliteleg og oppfylle krava til *reliabilitet*. Ifølge Akselberg og Mæhlum (2008, s. 75), er reliabilitet ei nemning for «nøyaktigheten i måten data er samlet inn på». Som forskar må ein då i så stor grad som mogleg velja metodar som gjer at ein minimerer sjansen for feil i innsamlinga eller arbeidet med datamaterialet.

For det andre må dei innsamla opplysningane vera *valide*. Det betyr ifølge Akselberg og Mæhlum (2008, s. 75) at «de opplysningene vi har samlet inn, virkelig er relevante for problemstillingen i undersøkelsen». For at validiteten skal vera god, må ein måla det ein ønsker å måla.

I denne granskinga kan for eksempel feil i avkodinga av dei språklege variablane gi feil bilde av det eg ønsker å finna ut, noko som vil svekka reliabiliteten. I tillegg kan validiteten svekkast dersom informantane for eksempel svarar det dei trur eg vil dei skal svara under intervjuet, slik at eg ikkje får den informasjonen eg ut frå problemstillinga ønsker å finna ut av. Det er viktig å heile tida vera klar over feilkjeldene som kan svekka reliabiliteten og validiteten, slik at ein kan vera så nøyaktig ein kan i alle ledd av undersøkinga.

### **4.3 Informantane**

#### **4.3.1 Val av informantar**

Når ein språkforskar skal velja ut informantar, må han gjera dette ut ifrå kva han ønsker å finna ut. Dersom det hadde vore fleire innflyttarar til Maudal, kunne det for eksempel vore



interessant å studera kva dette hadde å seia for talemålsutviklinga i bygda. I denne granskinga var eg opptatt av å finna ut korleis talemålsutviklinga er for dei som veks opp i Maudal i dag, *utan* at det er så mange (om nokon i det heile) innflyttarar. Dette gav meg moglegheit til å kunne seia noko om kva det globaliserte samfunnet, med tilgang på «heile verda» (jf. kap. 1), hadde å seia for dialekten til dei som bur i ei såpass isolert bygd.

For å undersøka dette, ønskte eg å snakka med personar som ennå ikkje var gamle nok til å ha flytta ut, men likevel gamle nok til å vera i den alderen der dei ofte er opptatt av identitet og å finna seg sjølv - med andre ord ungdommar. Dette er også ei tid der dei har gått gjennom ei språkleg og språksosial utvikling, og sannsynlegvis har utvikla sosiolingvistisk kompetanse (Skjekkeland, 2009, s. 66, som viser til Aniansson 1996). Språkbrukaren kan dermed i større grad tilpassa seg den språklege situasjonen, og nytta ulike språkformer i ulike situasjonar. Det vil sjølvsagt variera mellom kvart individ når denne kompetansen er på plass, og også i kor stor grad dei er bevisste han. Skjekkeland viser også til Labov, som meiner at tidspunktet for denne kompetansen vil vera i 15-årsalderen, men at seinare forskning (m.a. Inger M. Mees, 1977 og M. A. Beakan, 1971) har komme fram til at det kan skje endå tidlegare (2009, s. 66).

Når ungdommar frå Maudal skal begynna på vidaregåande, er det vanleg å flytta vekk på hybel eller til slektningar. Det var dermed ønskeleg å få tak i dei frå bygda som gjekk på ungdomsskulen. Det er nettopp det å vera ungdom i ei lita bygd i ei stor verd som er interessant her, og om den mentale urbaniseringa kan ha spelt ei rolle for deira språklege åtferd. For å kunna seia noko om kor dei er i det store dialektlandskapet, var det om å gjera at dei ikkje hadde budde vekke og hatt for mykje kontakt med for eksempel medelevar frå dei vidaregåande skulane. Det er jo ikkje slik at innbyggjarane i Maudal ikkje har kontakt med omverda, men dersom dei har flytta vekk og byrja på skule ein annan stad, vil det vera vanskelegare å seia noko om kva språkdrag dei kan ha fanga opp og endra på grunn av mykje kontakt med medelevar og andre på den nye bustaden, og kva eventuell språklege endringsprosessar som allereie kan vera i gang i Maudal, nettopp *utan* at ein har budd vekke.

Eg ønskte altså i utgangspunktet å snakka med innbyggjarar som gjekk på ungdomsskulen. Før eg kunne få dette ønske oppfylt, måtte eg kartlegga og laga ei oversikt over kven som budde i Maudal og kor gamle dei var. Då eg hadde gjort det, sat eg igjen med ei handfull personar eg ønskte å spørja om ville vera med i dette prosjektet. Sidan granskinga mi i stor grad er kvalitativ og eg var interessert i å gå i djupna på samanhengen mellom språket og korleis dei var som personar, var det nok med fire informantar. Det viste seg at det var tre personar frå bygda som gjekk på ungdomsskulen. I tillegg var det nokre litt yngre og nokre litt eldre. Eg

valde å spørja ei fjerde person, sjølv om han hadde begynt på vidaregåande og budde på hybel. Som eg har skrive tidlegare kan det ha innverknad på dialekten, og det kan vera vanskelegare å seia noko om årsaker til eventuelle språklege trekk som skil seg ut i den eine eller den andre retninga i forhold til dei andre informantane. Dette er noko eg må vera bevisst på når eg analyserer resultatane.

For å kunne svara på problemstillinga, var det også nødvendig at informantane hadde geografisk tilhørsle til Maudal. Ifølge Skramstad (1999) og Røynealand (2005) (jf. 3.7), kan altså dialekten til foreldra bety mykje, så i tillegg til at eg ville snakka med ungdommar som hadde budd i bygda sidan dei var små, var det også eit kriterium at minst ein av foreldra også var frå Maudal.

Dei fleste store sosiolingvistiske granskingar har *kjønn* som ein sosial faktor (Skjekkeland, 2009, s. 27). Som me såg i delkapittel 3.9, viser fleire studiar at jenter og kvinner snakkar meir standardnært enn gutar og menn (2008, s. 120). Kjønn var i utgangspunktet ikkje eit utvalskriterium i denne granskinga, først og fremst sidan det ikkje var overflod av informantar å velja mellom i Maudal. Eg måtte dermed ta utgangspunkt i dei aktuelle i den rette alderen, håpa på at dei takka ja og at minst ein forelder var frå Maudal. Av dei aktuelle kandidatane var det éi jente og tre gutar, og alderen deira var 13, 14, 15 og 18 år. Sidan det dermed trass alt blei ei kjønnsfordeling, vil kategorien kjønn likevel kunna bli diskutert dersom det kan vera med å kasta lys på nokre av funna som kjem fram under datainnsamlinga.

#### **4.3.2 Kontakt med informantane**

Tre av ungdommane var altså under 18, og eg valde då å ta kontakt med foreldra først, for å høyra korleis dei stilte seg til at deira barn var med på ei undersøking av dialekten i Maudal. Alle foreldra var positive og spurde deretter barnet sitt, som også ønskte å delta. Før eg kunne gå vidare med prosjektet, måtte eg få godkjenning frå NSD (Norsk senter for forskingsdata). Då dette gjekk i orden, fekk foreldra meir utfyllande informasjon om prosjektet og skreiv under på samtykkeskjema. Dermed var det på tide å planlegga gjennomføringa, og etter klarsignalet frå foreldra, føregjekk stort sett den vidare kontakten direkte mellom informantane og meg. Eg gjekk ikkje i detaljar om kva eg forska på, men sa at eg var interessert i korleis dialekten i Maudal var og at eg mellom anna ønskte å vita korleis det var å bu i bygda og kva dei likte å gjera på fritida. Ein årsak til at eg ikkje ville gå for mykje inn på kva eg forska på, var at eg var redd det kunne påverka den språklege åtferda under samtalen me skulle ha. Før eg seier meir om intervjuforma og bildetesten, er det relevant å seia noko meir om ungdommane som takka ja til å vera med.

### 4.3.3 Informasjon om deltakarane

I den sosiolingvistiske tradisjonen er språket som sagt ein del av det sosiale og kulturelle. Under viser ei oversikt over dei ulike deltakarane sin alder, kva klassetrinn dei går, kva kjønn dei er, kor foreldra kjem ifrå og kor foreldra arbeidar. Denne informasjonen kan vera relevant å ha med når eg skal drøfta og forsøka å forstå den språklege åtferda til ungdommane i Maudal. Sidan eg sjølv er oppvaksen i bygda, og staden er såpass liten at «alle» veit «alt» om «alle», hadde eg ein del bakgrunnsinformasjon om ungdommane eg skulle snakka med, og familiane deira. For å vera sikker på at det stemte, var det også noko me kom inn på under intervjuet.

*Tabell 12: Informasjon om informantane sin alder, klasse, kjønn og foreldra sin bakgrunn.*

J13	Jente på 13 år som går i 8. klasse. Ho har ein far som er fødd og oppvaksen i Maudal, og ei mor frå Bjerkreim. Far arbeidar utanfor bygda og mor har eiga bedrift heime i Maudal. Har slektningar utanom kjernefamilien som også bur i bygda.
G14	Gut på 14 år som går i 9. klasse. Han har ein far som er fødd og oppvaksen i Maudal, og ei mor frå Bjerkreim. Dei driv gard, og mor arbeider i tillegg i ei anna bygd i Gjesdal kommune. Har slektningar utanom kjernefamilien som også bur i bygda.
G15	Gut på 15 år som går i 10. klasse. Han har ei mor som er fødd og oppvaksen i Maudal, og ein far frå Sirdal. Mor arbeider i ei bygd i nærleiken av Maudal, og far har ulike oppdrag ulike stader i Rogaland. Har slektningar utanom kjernefamilien som også bur i bygda.
G18	Gut på 18 år som er lærling og bur på hybel på Sandnes. Han er bror til G15. Har slektningar utanom kjernefamilien som også bur i bygda.

### 4.4 Sosiolingvistisk samtaleintervju

I tillegg til at eg var interessert i å høyra på talemålet til informantane, og kvantifisera dei ulike variablane, var eg opptatt av å bli godt kjent med informantane som personar. Eg ønskte å høyra ungdommane snakka mest mogleg fritt, samtidig som eg var ute etter nokre konkrete forhold der eg kunne kartlegga ein del av informantane si *livsverd*<sup>17</sup>. Dermed hadde eg førebudd ein samtaleguide som bestod av spørsmål om interesser, skule og framtidsplanar, forholdet bygd-by, modernitet og tradisjon og mediebruk (sjå tabellen under eller vedlegg 2).

<sup>17</sup> Hårstad og Opsahl (2013a, s. 15) definerer livsverd på denne måten: «Ulike sosiale posisjoner, distinksjoner, kategoriseringer og grupperinger som betyr noe for den enkelte.»

Til slutt stilte eg også nokre spørsmål om informantane sitt forhold til dialekten sin. Spørsmåla er mellom anna inspirert av Martin Skjekkeland si gransking av talemålet blant ungdommar i Kvinesdal, der han ville finna ut om det var samanheng mellom personlegdomstypar og språkbruk (jf. 3.6.1).

Oversikten under viser dei ulike spørsmåla eg var interessert i å finna svar på hos deltakarane, og i fleire av dei var eg ute etter å finna ut kva slags verdiar som sto høgast i kurs hos ungdommane. Var det «urbane verdiar» som ein ofte forbind med ungdom i byar, eller var det verdiar som viser at dei er mest knytt til det lokale og til meir tradisjonelle verdiar (jf. 3.5). Nokre spørsmål handla også om skriving, lesing og mediebruk. Her var eg interessert i å sjå om ein eventuell samanheng mellom skriftspråk og talemål. Dersom ein informant for eksempel brukte mykje tid på å skriva og lesa og samtidig hadde fleire språkformer som gjekk i retning eit standardtalemål, hadde det vore interessant å diskutert ein eventuell samanheng her. Spørsmåla om mediebruk handlar også om «tilgangen til den store verda», og her er eg ute etter å finna ut om det kan vera samanhengar mellom språkleg åtferd og mykje bruk av sosiale medium og *gaming* (sjå kap. 3.3).

Tabell 13: Oversikt over spørsmål som i samtaleintervjuet.

Hovudområde	Spørsmål i samtaleintervjuet
Del 1	
<b>Interesser og fritidsaktivitetar</b>	Kva liker du å gjera i helgene og på fritida? Kva tilbod finst for dei unge her i Maudal? Er det fritidstilbod i Maudal? Går du på aktivitetar andre stader? Korleis ville ein perfekt dag sett ut for deg?
<b>Syn på skule</b>	Korleis er det å gå på skule på Dirdal? Kva er favorittfaget ditt? Kva har du tenkt å gjera etter ungdomsskulen? Kva slags planar har du for framtida?
<b>Framtidsplanar og forholdet bygd - by</b>	Kva synest du om å bu i Maudal? Er du stolt av å vera frå Maudal? Dersom du kan velja heilt fritt – kor vil du busetta deg når du blir vaksen? (Tenker du at du vil bu i Maudal?) Er det viktig for deg å bu nær familien? Kor reiser du viss du skal «ut»? Kor seier du at du er frå viss du er i utlandet?
<b>Modernitet – tradisjon</b>	Er du opptatt av å følgja moten? Kva slags musikk høyrer du på/likar? Liker du å reisa? Ønsker du å reisa mykje i framtida? Kva meiner du om moderne teknologi og digitalisering?
<b>Mediebruk</b>	Liker du å lesa (romanar, aviser eller anna)? Bruker du sosiale medium? Kva for nokre? Kor ofte? Bruker du tid på «gaming»? Viss du skriv til nokon – skriv du då på dialekt eller på bokmål/nynorsk? Liker du å sjå TV-seriar/filmar? Kva ser du på i tilfelle?
Del 2	
<b>Samtale om språk (etter bildeteksten)</b>	Snakkar du annleis enn andre i Maudal? Gilja? Osv. Er det vanleg å endra dialekten? Kven er det som gjer det? Korleis ville du snakka om du treffe nokon som ikkje kunne norsk så godt? Er det forskjell på korleis du snakkar i forhold til foreldra/besteforeldra dine? Synest du nokre dialektar er finare enn andre? Snakkar du annleis når du er andre stader enn i Maudal? Viss du snakka med nokon som heldt på å læra seg norsk – korleis ville du snakka då? Gjer det noko om dialekten endrar seg?

Spørsmåla til del 2 blei stilt etter bildeteksten (sjå delkap. 4.5), fordi dei mellom anna handla om haldningar til eigen dialekt. Eg ville i størst mogleg grad få dekning for dei språklege

variablane først, fordi det var ein fare for at informantane kunne bli for bevisste sitt eige talemål. Som Skjekkeland (2009, s. 164) hevdar, er det naturleg at positive haldningar til eigen dialekt heng saman med meir bruk av tradisjonelle former, så dette var også noko eg ville undersøke hos ungdommane eg intervjuar. Målet med innsamlinga av materialet var altså todelt. Eg ville både høyra etter konkrete språkrealiseringar, samtidig som innhaldet i dei svara også var viktig.

Det å vera ein slags usynleg observatør har vore idealet for mange språkforskarar, men det er ei utfordring at ein ikkje kan henta inn dei data ein ønsker utan nettopp systematisk observasjon. Me hamnar i det Akselberg og Mæhlum, etter Labov, kallar «observatørens paradoks» (2008, s. 82). Når ein likevel skal velja ein metode for å henta inn data på, må ein finna den ein meiner gir mest gevinst når ein veg fordelane og ulempene opp mot kvarandre.

Ei vurdering ein må gjera når ein skal gjennomføra samtaleintervju, er om ein skal snakka med ein og ein, fleire eller alle på ein gong. I eit intervju der ein er ute etter å gå i djupna og bli så godt kjent med kvar enkelt som mogleg, kan ein gruppesamtale hindra at ein klarer dette. Akselberg og Mæhlum (2008, s. 82) peikar på at temavala kan bli meir avgrensa, og eg meiner også at nokre av deltakarane kan unngå å uttrykka kva dei er interessert i og kva dei meiner om ulike spørsmål fordi dei er redde for kva dei andre i gruppa vil seia. På den andre sida kan også det å snakka i ei gruppe verka tryggare enn å ha ein samtale med ein vaksen, ofte framand, person, som intervjuobjektet veit er «ute» etter noko. Situasjonen kan også bli sett på som meir formell og kunstig, og samtalen kan bli meir prega av monolog frå intervjuaren si side (Mæhlum et al., 2008, s. 83).

Når ein ønsker å høyra korleis personar snakkar i ein mest mogleg naturleg samtale, ønsker ein også å vera så sikker som ein kan på at informanten ikkje gjer om på språket for å snakka sånn som han trur intervjuaren ønsker at han skal. Det å bruka gruppeintervju med personar som kjenner kvarandre frå før, kan dermed ha ein kontrolleffekt, for informantane tør kanskje ikkje å snakka annleis enn dei pleier (Mæhlum et al., 2008, s. 83). Sjølv om ein må anta at informantane snakkar sant, og at interesser, meiningar eller liknande stemmer overeins med verkelegheita, vil eit gruppeintervju også vera med på å sikra dette. Ein kan også her rekna med at deltakarane vil korrigerer kvarandre dersom ein av dei påstår noko som ikkje stemmer. Sjølv om eg såg både fordelar og ulemper med både intervju av ein og ein og i ei gruppe, ønskte eg i utgangspunktet, på bakgrunn av «kontrolleffekten», å gjennomføra eit samtaleintervju med alle samtidig.

I mi gransking skulle eg altså intervju fire ungdommar, ei jente og tre gutar, som alle var i tenåra. Eg kunne risikera at det var grunnar til at desse personane ikkje gjekk så godt saman, eller at det var ei historie mellom dei som gjorde at eit gruppeintervju ikkje ville vera hensiktsmessig. Før eg tok den endelege avgjersla om gruppesamtale, ville eg dermed prøva å finna ut av dette. Ein fordel med å sjølv vera frå Maudal, er at eg kjenner personar som veit kven ungdommane er, og dermed kunne eg på førehand forhøyra meg litt om dei eg skulle intervju. Svare eg fekk gjorde at eg følte meg trygg på at ein gruppesamtale ville gå godt.

Eg brukte heller ordet «samtale» enn «intervju» i kontakten med informantane, fordi orda kan gi ulike konnotasjonar. Det å ha ein samtale høyrer etter mitt syn meir uformelt og avslappande ut enn å gjennomføra eit intervju. Målet var at informantane skulle snakka på same måte som dei gjorde til vanleg, og at dei ikkje skulle tenka så mykje over min nærleik eller at situasjonen var spesiell. I staden for å prøva å lata som eg var i bakgrunnen, såg eg heller på gjennomføringa av samtaleintervjuet som eit kafébesøk, der eg var mest mogleg «meg sjølv», og også deltok i samtalen. Ein skal heller ikkje undervurdera den gode stemninga mat og drikke kan føra med seg, så eg tok med meg både brus og bollar til «kaféen». Me treftest ein nøytral plass, nemleg det gamle skulehuset i Maudal. Eg visste at ungdommane hadde kjennskap til plassen, og eg kunne komma på førehand for å prøva å laga stemninga så koseleg og avslappa eg kunne. Ein fordel med å vera frå same stad som informantane, var at me utan vidare hadde mykje å snakka om. Samtaleguiden var sjølv sagt viktig, men fleire av spørsmåla i han var samtidig spørsmål eg kunne stilt om eg trefte dei i ein annan samanheng der me fann ut at begge var frå bygda.

Sjølv om talemålet mitt kan ha endra seg av å ha budd ein annan stad i mange år, vil det ikkje vera veldig ulikt informantane sitt. Dermed kan ein unngå at dei som blir intervju prøver å leggja om eller tilpassa seg min dialekt. Det er likevel viktig å vera klar over den påverknaden eg som intervjuar kan ha, og at mine ulike språkval *kan* ha noko å seia for språket til ungdommane. Ved å gjennomføra samtalen i ei gruppe, kan det kanskje likevel vera grunn til å tru at min eventuelle påverknad ville bli mindre enn viss det berre hadde vore ein og ein som snakka med meg.

Eg hadde som nemnt førebudd ein samtaleguide med fleire spørsmål eg ville at alle skulle svara på. Sjølv om eg hadde forhøyr meg om korleis dei som kjente ungdommane trudde det ville gå å snakka med alle samtidig, visste eg veldig lite om korleis dei var som personar. I eit samtaleintervju i gruppe kan det bli vanskeleg å få like utfyllande svar av alle, spesielt når eg samtidig ville at samtalen skulle vera mest mogleg «fri» og naturleg. Det er mogleg at ein

eller fleire dominerer meir enn andre, og det kan også vera grunnar til at dei ikkje svarer det same som dei eigentleg meiner fordi det er andre til stades, dei er beskjedne eller liknande. Dette var ein sjanse eg var villig til å ta, og samtidig var også moglegheita for å ha ekstra samtaler med ein eller fleire av dei til stades dersom eg ikkje fekk nok data.

#### 4.5 Bildetest

I delkapittel 2.5 gjekk eg gjennom dei ulike språklege variablane eg ønskte å testa hos ungdommane i Maudal; omlyd i presens av sterke verb, perfektum partisipp av kortverbet *gå*, monoftongering av *au* og *øy*, utjamning av segmenterte og differensierte konsonantsamband, lenisering av plosivar, endingsvokal i infinitiv av verb, avpalatalisering av *g* og *k* i innlyd, ubestemt artikkel *ei* eller *ein* i subst. f., svarabhaktivokal i adj. ubf. eint. m. og f., fonemsamanfall mellom /ʃ/, /ç/ og *okke/okka – oss/vår*. Ein del av variablane er så frekvente at eg tok sjansen på at eg ville høyra dei hos informantane i løpet av samtalen. Dette gjaldt mellom anna lenisering av *p*, *t*, *k* og endingsvokal *-e* eller *-a* i infinitiv av verb. Grunnen til at eg ville gjennomføra ein bildetest var å få minst eitt belegg for alle variablane.




For i størst mogleg grad å sikra at informantane uttala dei mindre frekvente variablane, valde eg å bruka ulike bilde (sjå tabell 14) og spørsmål til desse for å framkalla ordet, lyden eller bøyninga eg var ute etter. Poenget var å få minst eitt belegg. Det at eg i nokre tilfelle berre vil få eitt belegg, understrekar at dette først og fremst er ei kvalitativ analyse og ikkje ei kvantitativ framstilling av språket til ungdommane i Maudal.

Eg ville at motiva i bilda skulle vera så tydelege som mogleg, sånn at deltakarane forhåpentlegvis snakka om det eg ønskte dei skulle snakka om. Spørsmåla eg stilte til bilda var i utgangspunktet ganske opne, der eg som regel berre spurte om informantane kunne beskriva det dei såg. Viss informantane ikkje uttala det eg ville, blei spørsmåla meir lukka. I bilde 10 er motivet ei dame som ligg på magen på graset og høyrer på musikk. Her var eg interessert i å finna ut om dei hadde monoftongering av *øy* i verbet *høyra* (> *ø*: *hørra*). Dersom informantane for eksempel beskrev bildet med at det var ei som låg og slappa av, måtte eg stilla eit meir lukka spørsmål av typen: «Kva gjer ho?» slik at dei svara «ho høyrer på musikk» eller liknande.



Tabell 14: Oversikt over forventa språkvariablar til bilda brukt i bildetesten. Nokre bilde opnar for fleire moglege variablar. Ord i parentes kan gi potensielle «bonus»-former.

Bilde brukt i samtalen	Forventa språkvariablar ut frå bilda
1 	[hœʊst] eller /høst/  ([ <sup>2</sup> liʝə] eller / <sup>1</sup> lige/)
2 	/ <sup>1</sup> sø:ve/ eller / <sup>1</sup> so:ve/
3 	[gʁœʊd(t)]/ eller /grø:d(t)/
4 	/ <sup>1</sup> fjedl/ eller /fjel/  (med vilje hadde eg eit bilde med andre motiv enn berre eit fjell. Skilnaden mellom dl//l er såpass markert, og eg ville ikkje dei kunne tenka seg for mykje om viss det blei for openbart kva ord eg var ute etter).
5 	Ei /bu:g/bu:k/ eller e(i)n /bu:g/bu:k/  (/ <sup>1</sup> hele/ eller / <sup>1</sup> hole/ inf. v.: halda)
6 	/ <sup>1</sup> dre:ge/ eller /dra:r/
7 	/ <sup>1</sup> hodŋ/ eller /hurn/  / <sup>2</sup> çevla/ eller / <sup>2</sup> sevla/

8 	<p>[<sup>1</sup>seçŋ], [<sup>1</sup>secçŋ] eller /<sup>1</sup>seken/          [<sup>1</sup>ɸyŋ], [<sup>1</sup>ɸyjjŋ] eller /<sup>1</sup>rygen/          (/<sup>2</sup>lijj̃eunerla:g/ eller /<sup>2</sup>ligeunerla:g/)</p>
9 	<p>/<sup>2</sup>høyre/ eller /<sup>2</sup>høre/          ([<sup>2</sup>lijj̃e] eller /<sup>2</sup>lige/)</p>
10 	<p><i>ei</i> eller <i>e(i)n</i></p>

Årsaka til at eg i utgangpunktet ville stilla opne spørsmål, var for at ungdommane ikkje skulle bli for bevisste på sin eigen språkbruk, slik at det blei openbart kva eg var ute etter. På grunn av dette prøvde eg også å ha eit ganske høgt tempo i bildetesten, sånn at informantane ikkje hadde for god tid til å tenka seg om. I forkant av samtaleintervjuet var eg usikker på om det ville vera best å gjennomføra bildetesten med ein og ein eller med alle samtidig, så eg bestemte meg for å vurdere det undervegs. For å sikra at ungdommane ikkje blei påverka av kvarandre, kunne det vore eit alternativ å gjennomføra bildetesten med ein og ein av deltakarane om gongen. Etter intervjudelen valde eg likevel å visa bilda til heile gruppa, men med oppfordring om at alle måtte seia kva dei såg. Sjølv om denne delen av intervjuet blei litt kunstig, vurderte eg likevel at den gode flyten i samtalen blant ungdommane ville gjera at også beskrivinga av motiva i bilda ville få fram det eg ønskte hos alle og at «kontrolleffekten» ville gjera at dei ikkje snakka annleis enn dei gjer til vanleg.

Det var 10 bilde i testen, og nokre av dei kunne framkalla fleire variablar. I bilde nummer 7 er motivet ei kjevle og bakte horn. Når ein informant skal beskriva dette bildet, kan ein forhåpentlegvis både høyra etter [ç] eller [ʃ] i ordet *kjevle* og om konsonantsambandet i substantivet *horn* blei uttala med *dn* eller *rn*. Bilde 8 viser ei jente med sekk på ryggen, og med eit liggeunderlag festa på sekken. Her ønskte eg å høyra om ungdommane sa *sekken* eller

*sekkjen* og *ryggen* eller *ryggjen*, og hadde førebudd spørsmål for å få fram desse ordformene. Samtidig kunne eg få ein bonus ved å høyra ei eventuell palatalisering eller avpalatalisering av *-g* i innlyd av *ligga* inf.

## 4.6 Arbeid med det innsamla materialet

Intervjuet med dei fire informantane varte i 1 time og 35 minutt, og samtalen flaut veldig godt. Det var likevel forskjell på taletida til ungdommane, og naturleg nok var det nokon som snakka meir enn andre. Eg prøvde heile tida å balansere kor mykje eg styrte dette, der det på den eine sida var om å gjera å berre la dei snakka fritt, sånn at eg fekk observera dei sånn dei var som personar og slik at dei mest mogleg «gløynde» at dette var eit intervju med opptakar på. På den andre sida var eg jo opptatt av at alle skulle få snakka og at eg fekk belegg for variablane og svar på spørsmåla mine frå alle. Nokre gonger fekk eg svar frå alle ved at dei diskuterte seg imellom og snakka av seg sjølv, mens andre gonger svara ein og ein på spørsmåla mine.

Det var ikkje heile risikofritt å vera såpass deltakande som eg var i samtalen. Eg var redd for å visa for mykje kva slags verdiar og følelsar eg sjølv hadde, men samtidig var det vanskeleg å unngå utan at samtalen mista flyt og blei veldig formell. Informantane *kan* ha blitt påverka av meg, og trudd at nokre svar var «betre» enn andre, sjølv om dette ikkje var noko eg merka noko til i samtalen eller då eg lytta på opptaket i ettertid.

Etter første gjennomlytting av intervjuet, fann eg ut at eg mangla belegg for nokre variablar hos informant J13, så eg valde å kontakta henne og høyra om ho kunne tenka seg å snakka med meg ein gong til. Informanten svara heldigvis positivt på førespurnaden.

### 4.6.1 Samtaleintervju 2

I tillegg til at J13 sa mindre enn dei tre gutane, skilde talemålet hennar seg litt ut i forhold til dei andre, så eg hadde lyst å bli litt meir kjent med henne. Me treftest ennå ein gong på det gamle skulehuset i Maudal, og snakka saman i om lag 40 minutt. Denne gongen hadde eg førebudd nokre spørsmål som eg håpa ville føra til at dei ordformene eg var ute etter blei sagt. Ein av variablane eg mangla belegg for hos jenta, var segmentering eller ikkje av *dl* i ordet *alle*. Det er eit ord det kan vera vanskeleg å bringa fram ved å visa eit bilde, men som samtidig er relativt frekvent, så eg tenkte i utgangspunktet at eg berre fekk snakka med henne til eg hadde høyrte forma minst ein gong, men helst fleire. Eg hadde også ein plan B ved at eg hadde nokre bilde med påfølgande spørsmål til som forhåpentlegvis ville framkalla ordet dersom eg stilte dei rette spørsmåla. Heldigvis heldt det med plan A, så eg fekk svar på dei

variablane eg mangla. J13 opna seg også meir opp då eg var aleine med henne, og samtalen gjorde det også mogleg å finna ut om ho var språkleg annleis aleine enn saman med gutane..

#### 4.6.2 Arbeid med samtaleintervjua

I første omgang laga eg eit skjema med dei ulike variablane, med namna på ungdommane i kolonnar til høgre og variablane til venstre. Etter kvart som eg høyrde korleis dei uttala formene, stoppa eg opptaket og skreiv dette ned. Eg var spent på resultatet, og på denne måten fekk eg ei viss foreløpig oversikt. Av ulike grunnar valde eg også å transkribera intervjuet. Ved å lytta nøye gjennom, og deretter få alt ned på papiret, sikra eg meg i større grad at eg fekk med meg alle variablane. Samtidig blei det enklare å finna igjen både innhaldet i samtalen og belegg for dei ulike variablane etterpå. Intervjuet er transkribert med talemålsnær normalortografi, men variablane eg var på jakt etter blei etterpå skrivne fonemisk<sup>18</sup>. I tillegg streka eg under andre språkbobservasjonar eg synest var interessante (sjå eksempel i vedlegg 3). Informantane sine utsegner blei markerte med ulik farge, så i arbeidet med materialet blei det dermed lett å sjå kven som hadde sagt kva. Eg er klar over at min eigen uttale kan verka inn på måten informantane ordlegg seg på, så derfor transkriberte eg også dei fleste av mine utsegner. På den måten kunne eg lettare sjå om det kunne vera samanhengar mellom måten eg snakka på og uttalen i svara informantane gav rett etterpå.

Det var utfordrande å transkribera eit intervju med fem personar (her inkluderer eg meg sjølv), sidan det fort blir nokre småord frå dei andre rundt samtidig som ein av informantane har ordet. For å letta arbeidet valde eg derfor å ikkje ta med småkommentarar som «ja», «å ja» og liknande frå meg eller dei andre i gruppa, sidan det ikkje hadde betydning for informasjonen trengte. Ved å transkribera med normalortografi blir ikkje gjengivinga like presis som ved ei fullstendig fonologisk gjengiving. Problemstillinga mi krev som sagt heller ikkje dette for å få dei svara eg treng.

Gjennomlytting og plassering av språklege variablar gjekk stort sett greitt, men nokre stader var det vanskeleg å høyra kva som blei sagt. Av og til hjalp det å halvera avspjelingsfarten, men der eg var mest usikker fekk eg hjelp av kollegaer som går på same studium som meg til å sikra at det eg trudde eg høyrde faktisk stemde.

---

<sup>18</sup> Eg prøvde først å ha ulik farge på dei ulike variablane, men sidan eg har fire informantar som eg gav ulik bakgrunnsfarge for å skilja dei, blei det vanskeleg å finna skriftfarge som gav nok kontrast til alle bakgrunnsfargane. Eg brukte dermed same skriftfarge på alle variablane til kvar informant, og sidan det berre var for å gi meg sjølv ei oversikt, fungerte det fint.

### 4.6.3 Arbeid med samtaleintervju 2

Etterarbeidet av det andre samtaleintervjuet med J13 blei gjort på same måte som med gruppeintervjuet. Eg hørde først gjennom ein gong, og skreiv inn variablane og eventuelle andre interessante språkobservasjonar. Eg fylte inn i same skjema som eg brukte då eg hørde gjennom samtalen med alle informantane, men markerte funna i samtale 2 med ein annan farge. Grunnen til det var at dermed kunne samanlikna eventuelle forskjellar i språket i den første og andre samtalen. Forma på samtaleintervjua var trass alt litt ulike, i og med at det var fleire andre til stades første gong, og eg snakka mindre, og at det berre var ein samtale mellom meg og J13 andre gong. Her sa nok eg også litt meir, og mitt språk *kan* ha verka inn på talemålet til denne informanten. Eg transkriberte også denne samtalen – av same årsaker som for intervjuet med alle informantane (jf. 4.6.2).

## 5 PRESENTASJON AV FUNN

Etter at me nå har funne ut meir om bygda Maudal, sett på teori knytt til sosiolingvistik, og vore gjennom metodane som blir brukt i denne granskinga, er det nå på tide å bli betre kjent med dei fire informantane, både når det gjeld språket dei bruker og kven dei er som personar. I dette kapittelet vil eg først presentera funna som er gjort for dei språklege variablane og visa desse i diagram, deretter vil eg presentera svara dei kom med i samtaleintervjuet.

### 5.1 Resultat: språklege variablar

Vidare følger ein presentasjon av dei funna som er gjort i den kvantitative delen av oppgåva. Som nemnt i metodekapittelet, har nokre av variablane fleire belegg, mens andre berre har eitt<sup>19</sup>.

Resultata er som sagt presenterte i diagram. Fargane blå og grå viser dei tradisjonelle formene av dei ulike variablane, mens fargane oransje og gul viser nyare former. På denne måten blir det enklare å få ei oversikt over kva former som står sterkast i kvar variabel og hos den enkelte informant.

Sidan eg hadde ein ekstra samtale med J13, er det fleire belegg for nokre av variablane enn for resten av gruppa. I tillegg seier også talet på belegg noko om kven av dei andre informantane som var mest snakkesalige.


#### 5.1.1 Variabel 1: Omlyd i presens av sterke verb

Informantane bruker i stor grad den tradisjonelle forma med omlyd i presens. I diagrammet under ser me at talet på realiseringar med omlyd *kjeme* /<sup>1</sup>çe:me/ er den einaste forma hos G15, mens verbet førekjem utan omlyd *komme* /<sup>1</sup>kome/ nokre få gonger hos dei andre informantane. Som oversikten viser, er det ganske stor skilnad på kor mange gonger dei fire ungdommane har brukt verbet *komma* i presens, og det er flest realiseringar hos G14 og J13. Resultatet viser at det er vanleg med omlyd i presens av verbet *komma*. Sidan det likevel er nokre realiseringar utan omlyd, kan det bety at me ser starten av ei språkending. Det er likevel stor overvekt av *kjeme*, så framleis er det denne forma som klart står sterkast.

---


<sup>19</sup> Det kan kanskje diskuterast om det er naudsynt med diagram når det er så få belegg, men oversikten gir eit visuelt inntrykk av språkrealiseringane hos informantane, og er dermed forhåpentlegvis instruktiv.

**Figur 7: Resultat for VI, komma**




Ser me på diagrammet under, finn me at alle informantane har omlyd i presens av verbet *sova*. J13 bruker dette ordet to gonger, mens dei tre andre bruker det ein gong.

**Figur 8: Resultat for VI, sova**



Oversikten i figur 9 viser at den tradisjonelle presensforma av verbet *dra* er i bruk hos informantane. J13 skil seg ut ved å visa nytta både den tradisjonelle og nye forma. Ho bruker forma *drar* på bildetesten, men seier *drege* i samtalen eg har aleine med henne. Eg uttalte ikkje ordet sjølv då eg snakka med henne, så det kan ikkje vera tilpassing til min talemåte. Under bildetesten i den første samtalen, sa J13: «drakamp, de /dra:r/», mens ho i den andre samtalen med meg sa: «mor så /<sup>l</sup>dre:ge/ meg me då». I det første eksempelet la ho trykk på verbet *dra*, for å poengtera det, medan ho den andre gongen bruker ordet i ei meir trykklett staving (her vil hovudtrykket i setninga vera i «mor» og «me(d)»). Sidan begge desse ordformene finst i den mentale språkbanken hennar, kan trykkplasseringa ha betydning for når ho bruker kva. Det er også mogleg at infinitivsforma av *dra* i ordet ho sa først; *drakamp*, kan ha «smitta over», og ført til ikkje-omlyd også i presens.


**Figur 9: Resultat for V1, dra**





Alle informantane nyttar omlyd i presens av verbet *ha*. Det er forskjell på talet på belegg, og J13 og G14 har brukt forma flest gonger. Det er G14 som snakkar mest under samtaleintervjuet, mens den ekstra halvtimen med J13 gjer at eg også får fleire eksempel hos henne. Som figuren under viser, vekslar J13 mellom *he* og *har*, men bruker omlyd i 73% av tilfella.

Figur 10: Resultat for VI, ha




### 5.1.1.1 Oppsummering omlyd i presens

Dei fire ungdommane bruker i stor grad omlyd i presens i dei undersøkte verba. G15 nyttar dette konsekvent, og det er heller ingen andre eksempel der han bruker verb utan omlyd i presens i løpet av samtalen. G14 har flest realiseringar av verb i presens, og han bruker i 98,7% av tilfella omlyd. Dei få gongene han ikkje nyttar omlyd, er i presens av verbet *komma*. G18 bruker også omlyd dei aller fleste gongene, men i eitt tilfelle seier han *komme* i staden for *kjeme*. Det er J13 som i størst grad viser tendensar til å nytta former utan omlyd, sjølv om også ho bruker omlyd nesten 70% av gongene. Ho seier både *drar* og *drege*, og i kort verbet *ha*, varierer ho mellom *he* og *har* i presens. Det er likevel flest realiseringar med omlyd også hos J13.

## 5.1.2 Variabel 2: Perfektum partisipp av kortverbet å gå

Figur 11: Resultat for V2, perf. part. av å verbet gå




Dei tre gutane bruker den tradisjonelle forma *gjee* [ʲje:ə] i perfektum partisipp av verbet *gå*. J13 nyttar derimot den nyare forma *gått* /got/.

### 5.1.3 Variabel 3: Monoftongering av øy og au


J13 har monoftongering av *au* i *grøt* /grø:d/, og ho uttalar ordet på denne måten både under bildetesten og i den frie samtalen eg har med henne i aleine. Ho uttalar derimot *haust* på den tradisjonelle måten med diftong [hœust]. Under bildetesten seier ikkje G14 ordet eg er ute etter, så det er ingen belegg for om han seier *haust* eller *høst*. På same måte som G15 og G18 bruker han diftong i *graut* [grœud]. G15 og G18 har tradisjonell uttale av både *haust* og *graut*.

Figur 12: Resultat for V3, au



Som figuren under viser, uttalar alle informantane verbet *høyra* med monoftong, /<sup>2</sup>høra/. Dei fleste belegga gjeld uttale i presens /<sup>2</sup>høre/, men det er også eit eksempel frå G15 der han bruker infinitivsforma av verbet.


Figur 13: Resultat for V3, øy



I tillegg til *au* i *graut*, bruker G15 også *au*-diftongen om fargen rød, *raude* [¹ʁœuə]. Under samtaleintervjuet kjem det også fram at han nyttar den tradisjonelle forma med diftong i presens av verbet *gløyma* > /²gløyme/, i staden for den nyare forma utan diftong, /²gløme/.

#### 5.1.4 Variabel 4: Utjamning av segmenterte og differensierte konsonantsamband


Figur 14: Resultat for V4, ll eller dl



Oversikten viser at informantane i stor grad nyttar tradisjonelle former med segmentasjon av konsonantane *dl*. G14, G15 og G16 uttalar *dl* i både *alle* og *fjell* > *adle*, *fjedle*, mens J13 vekslar mellom segmentasjon og assimilasjon i determinativet *alle*. Alle belegga av substantivet *fjell* er i bf. eint. <sup>1</sup>fjedle/.

Eg nyttar sjølv forma *adle* både under det felles samtaleintervjuet og når eg er aleine med J13. Den eine gongen J13 bruker forma *adle* er rett etter at eg har nytta det i eit spørsmål. Dei tre andre gongene ho uttalar determinativet er det i ei lengre utgreiing der eg ikkje har brukt ordet på førehand. Sjølv om J13 vekslar mellom segmentasjon og assimilasjon av *alle*, bruker ho *dl* alle dei fire gongene ho uttalar *fjell*. Det kan dermed sjå ut til at vekslinga først og fremst er leksikalsk, og ikkje ei systematisk assimilering av *dl* til *ll*.

Figur 15: Resultat for V4, dn eller rn




I bildetesten bruker alle informantane den tradisjonelle, differensierte forma av substantivet *horn* > <sup>1</sup>hodn/.

### 5.1.5 Variabel 5: Lenisering av plosivar

Alle informantane har lenisering av konsonantane  $p$ ,  $t$ ,  $k$  til  $b$ ,  $d$ ,  $g$ . Som eg skreiv i 2.5.5 er denne variabelen frekvent, så i samtaleintervjuet finst det mange eksempel på at ungdommane har blaute konsonantar i talemålet. Det er ingen førekomstar av dei harde/ustemte plosivane  $p$ ,  $t$ ,  $k$ , med sjølvssagte unntak av innlånte ord (jf. 2.5.5). Figuren under viser eksempel på ord informantane bruker i løpet av samtaleintervjuet.


Figur 16: Resultat for V5, lenisering av plosivar



### 5.1.6 Variabel 6: Endingsvokal i infinitiv av verb

Resultatet viser at alle informantane bruker *a*-ending i infinitiv, med eitt unntak. I det første samtaleintervjuet bruker J13 *e*-ending i infinitiv av *å verka*. Ho seier om sin eigen dialekt at «... han kan jo virke litt merkeleg av å til ...». Dei tjueto andre gongene ho nyttar verb i infinitiv, er det *a*-ending.


Figur 17: Resultat for V6, endingsvokal i infinitiv av verb



Diagrammet viser stor skilnad i talet på realiseringar av dette målmerket hos ungdommane. G14 har brukt infinitivsform av verb heile 35 gonger, medan G18 berre har 8. Det viser igjen at G14 er den mest snakkesalige i gruppa.

### 5.1.7 Variabel 7: Avpalatalisering av -g og -k i innlyd

Figur 18: Resultat for V7, sekken og ryggen



Fargane i dette diagrammet skil seg ut i forhold til dei føregåande figurane, så det er tydeleg at det er dei nyare formene som gjeld her. Dei fire informantane har velar uttale i orda *ryggen* og *sekken*. Til trass for velar uttale i dei undersøkte orda, bruker G14 likevel palatalisering av -g i innlyd når han i samtalen nyttar infinitivsforma av *ligga*, og seier *liggja* /<sup>2</sup>li<sup>h</sup>ja/.

I tillegg bruker J13, G14 og G18 det samansette substantivet *liggeunderlag* under bildetesten. Det er nemleg bunde fast eit liggeunderlag nedst på sekken på bilde nummer 8 (sjå tabell 14). J13 og G14 har velar uttale, men G15 bruker palatalisering når han seier *liggjeunderlag*<sup>20</sup>. I tillegg kan eg nemna at G14 har palatal uttale av substantivet *mage*, sånn at han seier *majen* [<sup>2</sup>ma<sup>h</sup>en]. G15 uttalar bf. flt. av *helg* to gonger under samtaleintervjuet, og den eine gongen med palatalisering av -g: /<sup>2</sup>heljene/.


J13 og G18 har altså ingen realiseringar med palatalisering av -g og -k i innlyd, men me finn eksempel på palatalisering både hos G14 og G15.

<sup>20</sup> Det er vanleg at palatalisering først forsvinn i samansette ord. Så vidt eg veit er det ikkje skrive noko om dette fenomenet, men Jan Kristian Hognestad (samtaler, april 2021), nemner fleire døme på at det er tilfelle. Det er dermed overraskande at palataliseringa dukkar opp i nettopp ordet *liggeunderlag*.



### 5.1.8 Variabel 8: Substantiv, hokjønn: ubestemt artikkel *ei* eller *ein*

Figur 19: Resultat for V8, ubestemt artikkel *ei* eller *ein*




Alle informantane bruker den ubestemte artikkelen *ei* før hokjønnssubstantiv. I tabellen under ser me ein oversikt over substantiva i hokjønn dei har brukt i løpet av samtalen. I ein del av samtalen kjem likevel J13 med ein interessant uttale. Ho viser til ei bok, og seier «eg har lese *han* før».

Tabell 15: Oversikt over substantiv i hokjønn brukt i samtalen.

J13	<i>lyslenke, bok, tann, bok, kjevle, dame, skjorte</i>
G14	<i>stund, jente, stund, tante, jente, dame, bok, dame, jente, skjorte, jente</i>
G15	<i>avis, jente, jente, skjorte, skjorte</i>
G18	<i>dame, bok, kjevle, jente, skjorte</i>

### 5.1.9 Variabel 9: Svarabhaktivokal i adjektiv ubestemt form eintal maskulin og femininum

Figur 20: Resultat for V9, svarabhaktivokal



Som tidlegare nemnt var det G14 som var mest snakkesalig under samtaleintervjuet, noko som også viser igjen i talet på belegg for dette målmerket. Hos J13, G15 og G18 har alle adjektiva i ubf. eint. m. og f. vokalending på *-e*, mens G14 i to tilfelle manglar svarabhaktivokalen. Dei to realiseringane utan svarabhaktivokal førekjem i desse samanhengane: «... der har me ein *fantastisk* lærar ...» og «... eg er veldig *glad* eg bur her ...». I det siste eksempelet kan *e*-en i «eg» vera årsaka til at svarabhaktivokalen i slutten av ordet framfor forsvinn.

Tabell 16: Oversikt over adjektiv i ubf. eint. m. og f. hos dei fire informantane.

J13	<i>blåe, kvide, merkelige, merkelige, vande, lange, lange, glae</i>
G14	<i>spente, utkvilte, fantastiske, engasjerte, engasjerte, letturde, fantastisk, glae, glad, drittdsure, raude, blåe, bistygge, vanlige</i>
G15	<i>frie, pene, fine, bistygge</i>
G18	<i>goe, unge, unge, distraherete, fine</i>

### 5.1.10 Variabel 10: Samanfall av *kj*-lyd og *sj*-lyd

Dei tre gutane bruker [ç] gjennomgåande i ord der denne uttalen har vore vanleg, både i framlyd og innlyd. G18 bruker i tillegg [ç] der det tradisjonelt er [ʃ] i eitt par tilfelle: «Eg blir /ma<sup>1</sup>çi:nfø:rar/» (maskinførar) og «då må eg jo /çela<sup>1</sup>u:d/ dei andre» (skjella ut). Ut frå min vurdering har gutane ingen realiseringar av [ʃ] for [ç]. Det er likevel ein viss skilnad i uttale hos gutane, der artikulasjonsstaden hos G18 er noko annleis enn hos dei to andre<sup>21</sup>.

J13 bruker, i motsetnad til gutane, [ʃ] i alle orda med opphaveleg [ç] i framlyd og innlyd. I tabellen under viser dei ulike orda informantane uttala med *kj*/*sj*-lyd. Nokre ord er frekvente hos informantane, mens andre berre blir sagt ein gong.

*Tabell 17: Oversikt over ord med tradisjonell kj-lyd /ç/ kvar informant bruker i samtalen. For G18 er det også to døme på ord med tradisjonell /f/ som blir uttala med /ç/.*

J13	G14	G15	G18
ikkje: [²ɪʃə] og [ʃə] kjem: [¹ʃe:mə] tjue: [²fū:ə] kjevle: [²ʃevla] Trollakyrkja <sup>22</sup> : [²trɔdla ʃœʋfo] Byrkjedal: [²bʏʋʃə, da:l]	køyra: [²çø:ʋa] kjøpte: [²çʏptə] ikkje: [²ɪçə] og [çə] kjem: [¹çe:mə] kjenne: [²çenə] kjedeleg: [²çe:delɪgə] kjent: [çent]	ikkje: [²ɪçə] og [çə] kjevle: [²çevla] kjem: [¹çe:mə] kjennskap: [²çensgɑ:b] kjende (adj.): [¹çendə] kjekt: [çekt] køytinga: [²çø:ʋɪŋɔ]	ikkje: [²ɪçə] og [çə] kjevle: [²çevla] kjem: [¹çe:mə] kjende: [¹çendə] kjent: [çent] kjenne: [²çenə] oppkøyting: [¹ɔʀçø:ʋɪŋ] kjedeleg: [²çe:delɪgə] Byrkjedalstunet <sup>23</sup> : [²bʏʋçəda:ls tʉ:nə]  køyra: [²çø:ʋa]  skjella ut: [çela <sup>1</sup> u:d] maskinførar: [ma <sup>1</sup> çi:nfø:ʋaʋ]


<sup>21</sup> På grunn av omfanget av oppgåva, går eg ikkje meir inn på denne forskjellen her. Sjå til dømes Gram Simonsen og Moen (2004) for vidare lesing om skiljet mellom [ʃ] og [ç] i et fonetisk perspektiv.

<sup>22</sup> *Trollakyrkja* er ein fjelltopp i Maudal.

<sup>23</sup> *Byrkjedalstunet* er hotell og restaurant i Byrkjedal.

### 5.1.11 Variabel 11: Objektsforma av pronomenet *me* i 1. person fleirtal (*oss*) og determinativen *vår*

Figur 21: Resultat for V11, *oss/okke* og *vår/okka*



Dei to brørne G15 og G18 seier <sup>1</sup>oke/ og <sup>2</sup>oka/ dei tre gongene dei bruker desse formene. Både J13 og G14 vekslar. I del 3 av samtaleintervjuet, der me snakkar om språk (vedlegg 2), diskuterer me denne variabelen. Eg har ikkje tatt med realiseringane av språktrekket som kjem fram i denne delen av samtalen, fordi informantane er så bevisste kva dei seier, i tillegg til at dei bruker formene av orda som eksempel på korleis dei ikkje snakkar: «... men det er mest <sup>1</sup>oke/ det er ikkje mykje eg seier <sup>1</sup>ose/ ...».

#### 5.1.12 Oppsummering av resultat: språk

Sjølv om det er ein viss skilnad mellom informantane, viser resultatane at eit tradisjonelt talemål i stor grad lever vidare blant ungdommane i Maudal. Litt overraskande bruker dei tradisjonelle former i dei fleste av variablane. Dei nyare formene er stort sett nytta i ord med palatalisering av *-g* og *-k* i innlyd og monoftongering av *øy* i *høyra*.

J13 skil seg ut ved at ho i større grad bruker nyare former, eller vekslar mellom tradisjonelle og nye. Ho seier både *drar* og *drege*, og *alle* og *adle*. I tillegg nyttar ho den nyare forma i perfektum partisipp av *å gå* > *gått*, og har monoftongering av *au* > *ø* i */grø:d/*. J13 blei som kjent intervjuet to gonger – den eine gongen i ei gruppe og den andre gongen aleine med meg.

Som nemnt i 5.4.1, uttalar J13 *adle* med segmenterte konsonantsamband rett etter at eg har nytta det i eit spørsmål. Begge gongene ho bruker *alle*, er når ho fortel ganske lenge om ei hending som har skjedd. Forutan den potensielle akkommodasjonen J13 gjer når eg bruker *adle*, finn eg ingen klare skilnadar i talemålet hennar under dei to samtaleintervjua.

Dei to brørne bruker i stor grad like former i alle variablane. I dei tilfella det er skilnad mellom dei, er det G18 som nyttar dei nyare variantane. Han seier for eksempel /<sup>l</sup>kome/ i staden for /<sup>l</sup>çe:me/ i eitt tilfelle, og har, i motsetnad til veslebroren, ingen antyding til palatalisering i innlyd.

Tabellen under viser ei oversikt over bruken av tradisjonelle former hos informantane. Talet i prosent viser realiseringar av den tradisjonelle forma. Til dømes vekslar J13 mellom *kjeme* og *komme* i presens, og talet viser at ho nyttar trad.f. *kjeme* i 87% av tilfella. Jo mørkare farge, jo større grad av tradisjonelle former. Tala er runda av til næraste tidel.

100%	80-99%	60-79%	40-59%	Under 50%

Tabell 18: Bruken av tradisjonelle former hos informantane. Oversikten viser at spesielt dei tre gutane i stor grad bruker tradisjonelle former.

Variablar	J13	G14	G15	G18
V1: omlyd <i>komma</i>	87%	92%	100%	83%
V1: omlyd <i>sova</i>	100%	100%	100%	100%
V1: omlyd <i>dra</i>	50%	100%	100%	100%
V1: omlyd <i>ha</i>	73%	100%	100%	100%
V2: perf.part. <i>gå</i>	0%	100%	100%	100%
V3: mon. <i>au</i> ( <i>haust, graut</i> )	67%	100%	100%	100%
V3: mon. <i>øy</i> ( <i>høyra</i> )	0%	0%	0%	0%
V4: <i>ll, dl</i> ( <i>alle, fjell</i> )	75%	100%	100%	100%
V4: <i>dn, rn</i> ( <i>horn</i> )	100%	100%	100%	100%
V5: lenisering	100%	100%	100%	100%
V6: endingsvokal	96%	100%	100%	100%
V7: <i>g, k</i> i innlyd ( <i>sekk, rygg</i> )	0%	0%	0%	0%
V8: subst. hokjønn	100%	100%	100%	100%
V9: svarabhakti-vokal	100%	86%	100%	100%
V10: /ç/ eller /ʃ/	0%	100%	100%	100%
V11: <i>osse/våres, okke/okka</i>	50%	50%	100%	100%
Gjennomsnitt tradisjonelle former	41% trad.	76% trad.	82% trad.	82% trad.

Sjølv om det er problematisk å talfesta gjennomsnittleg bruk av tradisjonelle former i ei gransking der nokre av variablane berre har eitt belegg, gir tala eit bilede på skilnaden mellom

informantane. Eg var i tvil om når eg kunne rekna at informantane bruker tradisjonelle former, sidan fleire av dei vekslar mellom nyare og tradisjonelle språkdrag. Eg enda med at når informantane hadde minst 80% realiseringar i tradisjonell form, var det den forma som stod sterkast i talemålet og dermed kunne bli rekna som gjeldande.

Som eg skreiv i delkapittel 2.5, var eg også open for å fanga opp andre interessante språktrekk i samtalen med informantane. I tillegg til dei undersøkte variablane, ønsker eg derfor å visa nokre andre språklege variantar eg la merke til hos informantane. I tabellen under ser me nokre døme på språkdrag som eg har valt å kategorisera som enten tradisjonelle eller nyare. Me ser at G14 og G15 har mange tradisjonelle former, medan J13 har fleire nyare. G18 viser også nokre nyare former, og då spesielt velar uttale av *helgene* og *dagene*. Dette la eg spesielt merke til sidan den yngre broren har palatal uttale og seier *heljene* /<sup>h</sup>heljene/ og *daene* /<sup>h</sup>da:ene/. Eg skal ikkje gå inn i kvar enkelt språkdrag, men vil visa oversikten fordi det gir eit meir heilskapleg bilde av språkbruken til dei fire ungdommane. Ved å også sjå på interessante språktrekk som kjem fram i samtalen, og ikkje berre variablar som er planlagde på førehand, kan me få eit meir utfyllande svar på kva som er språksituasjonen blant ungdommane i undersøkinga. Tabellen bekreftar for eksempel i endå større grad at J13 beveger seg meir mot ei ny språkdrakt enn dei tre gutane. I tillegg blir den tidelegare nemnte observasjonen om at G18 vel nyare former i større grad enn veslebroren, styrka.

Tabell 19: Interessante språktrekk som kjem fram i samtalen, i tillegg til dei planlagde variablane.

	J13	G14	G15	G18
<b>Trad. språktrekk</b>	<p><i>søster</i>, subst.: /<sup>2</sup>systar/</p> <p>teljemåte: <i>hundreogtredve</i></p>	<p><i>søster</i>, subst.: /<sup>2</sup>systar/</p> <p><i>spurt</i>, v. perf. part.: [spu:ɔt] (lang u)</p> <p><i>i grunnen</i>: /i<sup>1</sup>gru:en/</p> <p><i>bare</i>, adv.: [²ba:ɔa] (a-lyd i slutten)</p> <p><i>høyra</i>, v. pres. [²hɔrə] (å-lyd)</p> <p><i>greitt</i>, adj.: /gret/</p> <p><i>gjer</i>, v. pres.: /<sup>2</sup>je:re/ (ikkje /je:r/)</p> <p><i>tilbringa</i>, v. inf.: /<sup>1</sup>te:bringa/</p> <p><i>enten</i>, konj.: /<sup>2</sup>entel/</p> <p><i>magen</i>, subst. bf. eint.: [²ma:ɔn]</p> <p><i>bytta</i>, v. inf.: /<sup>2</sup>by:da/</p> <p>teljemåte: <i>triåforti</i>, <i>åttaåttetti</i></p>	<p><i>fødd</i>, adj. bf. eint.: /<sup>1</sup>fyde/</p> <p><i>helgene</i>, subst. bf. flt.: /<sup>2</sup>heljene/</p> <p><i>synest</i>, v. pres.: /<sup>2</sup>tytte/</p> <p><i>at</i>, subj.: /<sup>1</sup>ata/ (smh.: sjølv om <i>atta</i>)</p> <p><i>greitt</i>, adj.: /gret/</p> <p><i>dagane</i>, subst. bf. flt.: /<sup>2</sup>da:ene/</p> <p><i>gløymer</i>, v. pres.: /gløym/ (smh.: <i>gløym ikkje</i>)</p> <p><i>tape</i>, v. inf.: [²ta:bæ] (ø-lyd i slutten)</p> <p><i>raud</i>, adj. bf. eint.: [¹ɔœuə] (med diftong)</p>	<p><i>søster</i>, subst.: /<sup>2</sup>systar/</p> <p><i>blomar</i>, subst. ubf. flt.: /<sup>2</sup>bluma/ (ikkje <i>blomster</i>)</p> <p><i>i grunnen</i>: /i<sup>1</sup>gru:en/</p>
<b>Nyare språktrekk</b>	<p>om ei bok: «har lest <i>an</i> før» (hankjønnsmarkering)</p> <p><i>kanskje</i> (ikkje <i>jedna</i>)</p> <p>/<sup>1</sup>egentli/ (ikkje /i<sup>1</sup>gro:en/)</p> <p>/<sup>2</sup>voksne/ adj. flt. (ikkje /<sup>2</sup>vaksne/)</p> <p>/<sup>1</sup>derfor/ (ikkje /<sup>1</sup>defor/)</p> <p>/<sup>1</sup>eler/ konj. (ikkje /<sup>1</sup>ele/)</p>			<p>/<sup>2</sup>helgene/ subst. bf. flt (ikkje /<sup>2</sup>heljene/)</p> <p>/<sup>2</sup>dagene/ subst. bf. flt.: (ikkje /<sup>2</sup>da:ene/)</p> <p>/<sup>1</sup>hole/ v. pres. (ikkje /<sup>1</sup>hele/)</p>



## 5.2 Resultat: sosiale variablar

Kva kan forklaringa vera på at informantane i så stor grad bruker tradisjonelle former? Og kvifor bruker J13 fleire nyare former enn dei andre? I den følgjande framstillinga skal me bli betre kjent med ungdommane. Eg tar utgangspunkt i spørsmåla i samtaleguiden, og skriv stikkord som summerer opp svara til informantane i tabellar. Vidare blir desse stikkorda utdjupa, mellom anna med direkte sitat frå ungdommane. Til slutt vil eg summera opp hovudfunn når det gjeld personlegdomstypar, og kategorisera desse i det Skjekkeland kallar *homo domesticus* og *homo dynamicus* (sjå 3.6). Dei språklege og sosiale samanhengane vil vidare bli diskuterte i kapittel 6.

Den andre samtalen eg hadde med J13 var ikkje like strukturert som den eg hadde med alle informantane samtidig. Mykje av det me snakka om passar likevel inn under dei ulike spørsmåla frå samtaleguiden.

Når eg viser til direkte sitat av kva informantane seier under samtalen, nyttar eg normalisert nynorsk. Det er fordi det lettar lesinga, samtidig som det er innhaldet i svara som er det sentrale i denne delen.

### 5.2.1 Interesser

Tabell 20: Oversikt over fritidsinteresser hos informantane.

	J13	G14	G15	G18
Fritidsinteresser	Gilja Bedehuset Venner Heime hos slekt som bur i nærleiken Vera med katten Turar	Køyra traktor Vera med G15 i fjøset eller i fjøset heime Bedehuset på Gilja Vikeså med folk	Arbeida på Byrkjedalstunet Stella i fjøset Mykje heime Lite ute på ting	Vera med venner Fest Heime og «putla»

Dei fire informantane har alle ganske tradisjonelle interesser, og liker å bruka mykje tid heime. G14 og G15 er spesielt interessert i gard, og G14 uttalar fleire gonger under samtalen at han liker å køyra traktor. Han seier at «... de er viktig med gard», og at «det er viktig å sitta i traktor når me har gard». G15 hjelper til med å stella i fjøset hos ein gardbrukar i Maudal, og sjølv om G14 kjem frå eigen gard, er han også med G15 når han skal arbeida i fjøset. Dei tre gutane er typiske «arbeidskarar», og G15 er på jobb på Byrkjedalstunet eller steller i fjøset.

Han seier sjølv at han «er ikkje så mykje ute på ting i helgene». Me ser at det nære og heimslege står sterkt, spesielt hos G14 og G15.

J13, G14 og G18 liker å vera med venner, og må då reisa vekk frå bygda for å vera med andre. J13 er ein del på Gilja, og seier at «enten er eg på bedehuset på eitt eller anna der, eller hos venninner». G14 er også på bedehuset på Gilja av og til, eller «på Vikeså med folk». G18 liker også å «putla heime», i tillegg å reisa på fest og å vera med kompisar.

*Tabell 21: Oversikt over aktivitetar i Maudal og kva fritidstilbod informantane går på.*

	J13	G14	G15	G18
<b>Aktivitetar å finna på i Maudal/ fritidstilbod</b>	Søndagsskule  Juletreffest  Går ikkje på fritidstilbod (har gått litt på piano)	Traktor  Går ikkje på fritidstilbod (har gått litt på fotball)	Går ikkje på fritidstilbod (har gått litt på fotball)	Går ikkje på fritidstilbod

Når eg spør om kva det er å finna på i Maudal, kjem svaret frå G14 raskt, for i Maudal kan han nemleg køyra traktor. Han seier med ein humoristisk tone at «det er i grunnen veldig greitt å bu i Maudal, for politiet er ikkje så mykje her ...».

Ein stor skilnad mellom kvardagen til desse ungdommane i forhold til det som er vanleg hos unge i Noreg (jf. 3.7.1), er den uorganiserte fritida. Som eg skreiv i delkapittel 2.3 er det fritidsstilbod på Gilja, men det er ingen av informantane som går på faste aktivitetar innan for eksempel idrett eller musikk. G14 uttalar at «av alt eg veit er det ingen i Maudal som går på nokon aktivitet». G14 og G15 har gått litt på fotball, men G14 presiserer at «det er ikkje mykje» og at «eg stod med hendene i lommen og berre stod ein plass og venta». G15 beskriv det sånn: «På kampar sat eg i mål og venta til kampen var over, så fotball var ikkje noko for meg for å seia det sånn». J13 gjekk på piano, men har slutta nå.

Det finst få organiserte fritidstilbod i Maudal. Det er søndagsskule i det gamle skulehuset, i tillegg til at det er juletreffest og ein adventsfest der. Det er berre J13 som er aktiv i dei religiøse aktivitetane i skulehuset, men G14 pleier også gå på juletreffesten. J13 meiner dei fleste som bur i bygda pleier å gå på dette arrangementet, men blir litt nølande når ho tenker seg om. G14 skyt inn at dei to brørne G15 og G18 ikkje går. J13 føyer til at det også pleier å komma nokon utanfor bygda.

Det er ingen av dei som saknar fritidstilbod. G14 uttalar tvert om at det er herleg at det ikkje er noko å gå på.

## 5.2.2 Syn på skule

Tabell 22: Oversikt over informantane sitt syn på skule.

	J13	G14	G15	G18
<b>Syn på skule</b>	Lei.  Det går veldig bra, gode karakterar.  Liker praktiske fag best, men klarer seg godt i alle fag.	Lei.  Dumme regler.  Liker praktiske fag.	Heilt grei skule.  Greitt at det ikkje er så mange.  Liker praktiske fag og matte.	Mykje betre på vidaregåande.  Blei kjent med fleire folk.  Liker praktiske fag og matte.

J13 «begynner å bli litt lei» av skulen. I samtalen mellom berre oss to gir ho også uttrykk for at det går «veldig greitt på skulen for eg får så gode karakterar». Ho liker ikkje lekser, men bruker den tida det tar på dei.

G14 gir tydeleg uttrykk for at han er «drittlei». Han er lei skulen fordi «det er så dumme reglar som begynner å komma at eg veit ikkje kor eg skal gjera av meg». Han meiner at «skulen tar det «grævligt» ille opp» i forhold til det som er meininga frå deira side. Det er «nesten ikkje lov å ha det løye», meiner han.

G15 samstemmer i mykje av det G14 uttrykker, men seier at det er «ein heilt grei skule». Det er «greitt å vera i ein liten klasse», meiner han, «for då får læraren tid til alle». Han går i den minste klassen på skulen, og dei er berre sju elevar, fortel han. Han gler seg til vidaregåande når han kan velja sjølv kva han vil gå på. Sjølv om også G15 er litt lei, fortel han at «eg klagar ikkje på noko når det kjem til prøvar», og fortsett med at «det er noko du må gjennom uansett».

Ifølge G18 er det mykje betre på vidaregåande. Han kjende litt sagn etter Dirdal skule i starten, men etter at han blei kjent med nye folk «var det mykje gildare enn Dirdal».

J13 verkar som den som i størst grad har tilpassa seg skulen. Sjølv om ho er lei, fortel ho i den andre samtalen eg har med henne at også naturfag og samfunnsfag er greitt, fordi «der føle eg

at eg ligg godt an». Etter å ha tenkt litt fortsett ho med «matte også kanskje». Ho gir også uttrykk for at det er kjekt med forfattarpresentasjon i norsk.

G14 meiner i utgangspunktet at «alle faga i grunnen er like drit uansett», men du må gjennom det og gjera det beste ut av det. Fysisk aktivitet og helse og gym er favorittfag fordi «der har me ein fantastisk lærar». Etter å ha tenkt seg om, seier han at «naturfag går faktisk ganske greitt, for der har du jo mange såne forsøk». Det er likevel ikkje berre greitt, for «det som er drit er at du må skriva rapport etterpå» og det er «eit kav utan sidestykke».

G15 og G18 synest begge at matte er eitt av favorittfaga, i tillegg til gym. G18 synest matte er det kjekkaste faget av teorifaga på vidaregåande, men at det «var praksis som tok kaka» og at det her «var mykje gildt i grunnen». Han seier vidare at «fellesfaga var kjedelege, utanom matte då».

### 5.2.3 Framtidsplanar og forholdet bygd - by

*Tabell 23: Oversikt over framtidsplanane til informantane.*

	J13	G14	G15	G18
<b>Framtidsplanar</b>	Ikkje peiling.  Tar det som det kjem.  Hadde lyst å bli dyrlege, men usikker nå.	Bygg eller tipp.  Gravemaskinførar eller lastebilsjåfør.	Open for det meste.  Litt usikker på om det blir allmenn eller yrkesfag, men heller mest mot yrkesfag.	Fornøgd med valet (maskinførar).

G18 er jo allereie godt i gang med si utdanning, og seier at «eg har ikkje tregt eit sekund» på at han skal bli maskinførar.

Ingen av dei tre andre er heilt sikre på kva dei skal gjera vidare. J13 «har ikkje peiling», seier ho. I samtalen me hadde aleine snakkar ho om at «før så var eg veldig freista til å vera dyrlege», men at ho er veldig usikker. Ho har ingen spesielle planar for framtida, og «er litt sånn som tar det som det kjem».

For G14 står det mellom bygg eller tipp. Han skal enten bli gravemaskinførar eller køyra lastebil. Han grunngir dette med at «det som har med motor å gjera og det du kan sitte på og

sleppa å gå er fantastisk». Vidare seier han at «det kan ikkje bli betre» og at «eg er veldig glad i å køyra».

G15 er i tenkeboksen, seier han. Det er så mykje han har lyst til. Han trur det blir noko yrkesfagleg, men «studie er faktisk ikkje heilt utelukka». Han trur ikkje han hadde tregt om han tok tre år med studiespesialisering, og at «det er veldig greitt å ha». Samtidig tenker han at viss han skal bli ingeniør kan det vera greitt å ta fagbrev først, og deretter påbygg. «Då veit du litt, så sit du ikkje berre og seier sånn og sånn, då veit du faktisk at det ikkje går sånn ...». Han klarer ikkje heilt sjå for seg kva han skal bli og han liker å ta ting som dei kjem. Dette blir stadfesta når han vidare litt spøkefullt fortel at «eg kan jo sitta her og seia at eg vil bli maskinførar sånn som han, men så endar eg opp på ein neglesalong».

*Tabell 24: Oversikt over informantane sitt syn på det å bu i Maudal.*

	J13	G14	G15	G18
<b>Syn på det å bu i Maudal</b>	Liker seg godt.  Opptatt av tradisjonar, familien, naturen, garden.  Stolt av å vera frå bygda.	Veldig glad for å bu i Maudal.  Stolt av å vera frå bygda.	Heilt topp.  Stolt av å vera frå bygda.	Ingenting å seia på det, men litt lange avstandar.  Stolt av å vera frå bygda.

Dei fire ungdommane er godt nøgde med å bu i Maudal. G14 utbryt at «eg er veldig glad eg bur her med tanke på all galskapen rundt ...». Han kan ikkje forstå at eg har flytta. G15 synest det er «heilt topp», og at det er stor fridom. Det einaste G18 vil klaga på er dei store avstandane, men elles har han ingenting negativt å seia. J13 seier ikkje noko om dette i den første samtalen, men når eg snakkar med henne andre gong uttrykker ho at ho liker seg godt i bygda, og at ho er glad i familien, tradisjonane, garden og naturen.

Alle informantane bryt ut i eit «ja» på spørsmålet om dei er stolte av å vera frå Maudal. Det kjem fram at det er litt konkurranse mellom bygdene i Dirdal skulekrins. G14 hevdar at nokon «seier at det er ein dritt plass», men då svarar G18 at då «må du fyra tilbake». G15 følger opp med at han må «seia at Gilja er dritt då». G14 er einig, og dersom nokon seier noko negativt om Maudal «seier eg at de veit ikkje kva de kjem til. Bur de i Maudal kjem dykk til å få eit heilt anna liv». Det han vidare pleier å seia er at «Gilja er ein «pissplass»».

Eg spør vidare kor G18 seier han er frå når han treff nye klassekameratar i Sandnes. Han startar alltid med å seia at han er frå Maudal. Då «seier dei berre «hæ», kor det er hen?». Han seier deretter Byrkjedal, Dirdal og etter kvar «ein time frå Stavanger». Dei pleier visstnok å forstå det når han seier på veg til Sirdal. Han poengterer likevel at «eg begynner alltid med Maudal». Dette svaret stadfestar at bygda er ein plass han er stolt av å komma frå.

*Tabell 25: Oversikt over kor informantane vil bu i framtida.*

	J13	G14	G15	G18
<b>Planar for kor dei vil bu som vaksne.</b>	Kjem an på kor eg arbeidar.  Kan godt bu i Maudal.  Det er viktig å bu nær familien.	Maudal.  Vil bu i Maudal uansett kor han arbeidar.  Aldri i by.  Det er viktig å bu nær familien.	Maudal.  Men har ikkje aning.  Open også for by.  Det er viktig å bu nær familien.	Aller helst Maudal.  Men begge må trivast.  Det er viktig å bu nær familien.

Dei fire ungdommane ser alle for seg at dei kan bu i Maudal når dei blir vaksne. G14 er den som er tydelegast på at han skal busetta seg i bygda. Han seier at «uansett kor eg arbeider vil eg bu i Maudal ... Sjølv om eg arbeider i Stavanger vil eg bu i Maudal». Han har planen klar, og fortset med «sånn som Stangeland, då får du ein firmabil, så bruker du ikkje egne pengar på å reisa når du skal på arbeid». I tillegg har han ein plan for kva hus han kan bu i, fordi «når den tid kjem skal sikker mor og dei bygga om huset til oldemor ... eg håper eg enten kan få mor og far sitt hus eller farmor og farfar sitt».

G18 vil aller helt bu i Maudal «viss sjansen kjem». Han uttrykker forståing for at det ikkje er for alle å bu ein så liten plass, og seier at «begge må jo trivast».

G13 seier at ho godt kan bu i Maudal, men at det kjem at på kor ho finn arbeid. G15 er også meir open, så sjølv om han seier at han vil bu i Maudal, ytrar han også at «det er så vanskeleg å seia veit du ... har ikkje aning». Eg spør om nokon av dei kunne tenkt seg å bu i by, og G15 svarer «må eg så må eg». G14 er forundra over svaret til G15 og avviser det å bu i by med å utbryta «nei, nei, nei, nei, nei ...».

Informantane svarer eit einstemmig «ja» på spørsmålet om det er viktig å bu nær familien. G13 seier også i samtalen eg har aleine med henne at det å bu nær søskenbarn, onkel, tante og besteforeldre er noko av det ho liker best med å bu i Maudal.

G14 er den som tydelegast seier at han skal busetta seg i Maudal. Sjølv om dei andre ikkje er like bastante, eller ikkje klarer å tenka så langt, uttrykker dei likevel at det er noko dei kan tenka seg.

*Tabell 26: Oversikt over a) kor informantane seier dei er frå viss dei er i utlandet og b) kor nærmaste plass er viss dei «skal noko».*

	J13	G14	G15	G18
<b>a) Kor seier du at du er ifrå viss er i utlandet?</b>	a. Ein time frå Stavanger b. Ålgård	a) Stavanger (pga. flyplassen) b) Ålgård	a) Ein time frå Stavanger b) Ålgård	a) Ein time frå Stavanger b) Ålgård
<b>b) Kor er næraste plass viss du «skal noko»?</b>				

Til første del av spørsmålet, svarer G14 først. Han ville sagt at han var frå Stavanger. Det viser seg at det ikkje er byen Stavanger han tenker på, men flyplassen. «Eg tenker i grunnen på å seia Stavanger på grunn av flyplassen ... Kjem du til flyplassen er du jo i Stavanger».

G15 og G18 er einige om at dei hadde sagt at dei budde ein time frå Stavanger. Når eg spør om dei ikkje berre kan seia Stavanger, svarer G14 bestemt «nei, det må vera ein time ifrå». G18 er meir usikker og meiner det er «alt etter korleis personen er». J13 svarer at ho «hadde nok sagt ein time frå Stavanger ho også».

Eg spør dei også kva forhold dei har til Stavanger, og her utbryt dei tre gutane nesten i munnen på kvarandre at det er «så å seia ingenting» og «minimalt». G15 seier at «eg er ikkje kjent i Stavanger utanom «sjingsjongen» som er med oljemuseet».

Når eg spør kor dei reiser viss dei «skal noko», svarar alle Ålgård. G15 meiner at «Ålgård er ein plass, også er Sandnes og Stavanger ein plass». Sandnes er for han berre sentrum, frå leilegheita til bror sin og til kinoen, «det er det som er Sandnes». G14 nemner også Egersund, men at han ikkje er så mykje der.

## 5.2.4 Modernitet - tradisjon

Tabell 27: Oversikt over informantane sitt syn på mote, teknologi, reising og musikk.

	J13	G14	G15	G18
<b>Oppsummering</b> «Modernitet – tradisjon»	Ikkje opptatt av mote eller teknologi. Liker å reisa. Høyrer lite på musikk.	Ikkje opptatt av mote eller teknologi. Reiser ein del. Høyrer på countrymusikk, elektronika og russemusikk.	Ikkje opptatt av mote. Interessant med teknologi knytt til industri, men ikkje mobiltelefonar osv. Ikkje opptatt av å reisa. Høyrer på countrymusikk.	Ikkje opptatt av mote. Teknologi er kult. Ikkje opptatt av å reisa. Høyrer på countrymusikk.

Ingen av informantane er opptatt av å følgja med på kva som er på moten. J13 seier i samtalen eg har aleine med henne at ho har ønska seg nye jumperar til jul. Når eg spør om et er nokon spesielle slags jumperar, svarer ho berre «det var jo jumperar». Ho trengte nye klede «for eg brukte jo dei same jumperane heile tida ... så å fekk eg litt så eg kan variera». Det verkar ikkje som det har noko å seia kva merke dei er eller korleis dei ser ut.

G14 er veldig tydeleg på at han ikkje er opptatt av mote. Han har likevel innsikt i kva som er «in» på grunn av ei eldre søster. Han fortel at «ho skulle dressa meg opp i går i sånn mote, eg blei dritsur på henne».

Det er ingen av informantane som er veldig interesserte i musikk. J13 seier at ho «har egentleg ikkje nokon favorittsongar», at ho «høyrer på det som er på radioen» og at ho «ikkje høyrer så mykje på musikk». Viss G15 og G18 høyrer på musikk, er det innan countrysjangeren. Dei hevdar at foreldra ikkje «kan fordra» det, men dei liker det sjølv. Dei meiner sjølv at dei har litt ulik musikksmak, for G18 høyrer på litt eldre country, mens G15 lyttar mest til anten «veldig gammal» eller «nyare» musikk innan sjangeren. Det er mykje latter i samtalen mens me snakkar om dette, og dei seier sjølv at musikkmaken «høyrer til å bu på denne plassen». G14 høyrer også på coutrymusikk, men kan også lika elektronisk musikk (også kalla elektronika) og «russemusikk».



Tabell 28: Oversikt over informantane sitt syn på moderne teknologi og digitalisering.

	J13	G14	G15	G18
<b>Syn på moderne teknologi og digitalisering.</b>	Ikkje opptatt av dette.	Ikkje opptatt av dette.	Interessant med teknologi knytt til industri, men ikkje mobiltelefonar osv.	Synest det er ganske kult.

J13 er ikkje interessert i teknologi, men G18 synes det er «ganske kult». G15 tenker på teknologi i industrien og synes det er «ufatteleg kva du kan greia ... Du kan skriva inn tal på ein datamaskin, så tar du for eksempel ein sånn plasmakuttar ... skjer han det berre ut til deg». Eg spør om det er nokon som har Google Home eller andre duppedingsar, og det veit ikkje G15 kva er. G18 forklarar, og når G15 forstår kva det er, reagerer han med «å ja – det er ein sånn der vase haldt eg nesten på å seia ... så seier du sånn kva skal eg gjera i dag?». Han uttrykker vidare at det verkar litt merkeleg. G14 er einig med G15, og seier at «det kostar sikkert ein del ... kva skal du med det ... du har jo telefonen tenker eg».

### 5.2.5 Mediebruk

Tabell 29: Oversikt over informantane sitt syn på lesing, sosiale medium, skriftbruk i sosiale medium, dataspeling og TV-seriar.

	J13	G14	G15	G18
<b>Oppsummering «Mediebruk»</b>	Liker å lesa. Bruker ein del tid på sosiale medium. Tilpassar skrivning til mottakar. Speler ikkje dataspel. Følgjer ikkje med på seriar.	Liker ikkje å lesa. Bruker ein del tid på sosiale medium. Skriv dialekt. Speler lite dataspel. Ser mest seriar knytt til bygdeliv.	Liker ikkje å lesa. Bruker liten tid på sosiale medium. Skriv dialekt. Speler lite dataspel. Lite seriar, men av og til serie knytt til bygdeliv.	Liker ikkje å lesa. Bruker liten tid på sosiale medium. Tilpassar skrivning til mottakar. Speler lite dataspel. Følgjer ikkje med på seriar.

Det kjem eit ganske kontant «nei» frå G14 då spørsmålet om lesing blir stilt. Han utdjuar med å seia at «eg fordrar det ikkje», men at han gjer det på skulen «viss han må». J13 sitt «ja» kjem nesten like kontant. Ho seier at ho les bøker, og at det for det meste er seriar. I den andre

samtalen med J13 fortel ho meir om leseinteressa, og at ho akkurat nå les bok nummer førtito i ein serie om villkattar. Ho er også godt i gang med ein forfattarpresentasjon på skulen.

G18 les «berre viss eg må», og G15 er også skeptisk. Når eg lurar på om dei les noko anna, som for eksempel aviser, blader, noko på nettet osv., seier G15 at han kan lesa i ei avis eller noko «viss det er noko lokalt». G14 er einig i at han kan bla litt i ei traktorblad, men at han ikkje «les sånn samanhengande».

Informantane har *Facebook* og *Snapchat*. J13 og G14 har i tillegg *Instagram*, men det er ikkje mykje i bruk. G18 bruker «veldig veldig lite tid» på sosiale medium. Han får ei melding av og til og «svarer på den når eg har tid». Når eg spør om dei andre bruker mykje tid på desse plattformene, seier G15 at «det kjem an på om du har lite å gjera» og at «det varierer». J13 og G14 uttrykker begge at dei bruker ein del tid på Snapchat. G14 bruker det «veldig mykje» og presiser at det berre er «snappar» av traktoren. Dei andre, som mottar «snappar» av G14, svarer bekreftande til dette. J13 sender flest bilde av katten sin og av turar ho er på.

G14 skriv alltid dialekt på sosiale medium, seier han. «Eg skriv iallfall ikkje nynorsk når eg ikkje må». For J13 kjem det an på kven ho skriv til. «Skriv eg til venner skriv eg dialekt, men skal eg skriva til besteforeldre eller tanter og onklar, så skriv eg nok meir sånn rett». Eg lurar på kva «meir rett» vil seia, og J13 svarar at det er «blanding eigentleg». G15 skriv også dialekt, «men den der ordboka på telefonen retter jo til bokmål heile tida, så då blir det litt sånn snodige setningar av og til». Når G18 skriv, varierer det: «Det er alt etter kven det er til ... er det ein litt viktig melding, så prøver eg å skriva litt meir ordrett og litt meir profesjonelt».

Alle bruker sosiale medium i ein aller annan grad, og nettopp bruken av dette er ein av dei store endringane som har skjedd i verda sidan eg flytta. Som nemnt i kapittel 1, er eg interessert i å finna ut om denne utviklinga kan ha noko å seia for språket til ungdommane i bygda. Sjølv om både J13 og G14 bruker sosiale medium ein del, er det mest for å senda bilde av sine egne «tradisjonelle» interesser til venner, og i mindre grad for å følgja personar «der ute».

Ingen av informantane kan kallast *gamerar*. J13 spelar aldri, mens G18 gjorde det «bittelitt før». G15 spelte «ein del før, men det minkar nå etter som åra går». G14 fortel at han og G15 brukte mykje tid på det før, men at det har «minka av». Dei spelte stort sett *Farming Simulator*, «eit traktorspel eller gardsspel ... gjer i grunnen det same som dei gjer på ein skikkeleg gard». Eg lurar på om dei har brukt tid på dei populære spela *Minecraft* eller

*Fortnite*<sup>24</sup> for eksempel, og G14 svarar at han har «spelt *Fortnite* litt». Ingen av dei spelar online med nokon dei ikkje kjenner.

Verken J13 eller G18 følger med på nokon TV-seriar eller liknande. Dei ser av og til på fjernsyn, og G18 seier at «viss eg ikkje har noko å gjera på, så går eg berre gjennom alle kanalane». G15 gjer det same som G18, men «ser *Farmen* av og til». G14 følger med på *Friends*, «det er i grunnen det løgnaste og gildaste». I tillegg ser han «*Farmen* når det går, og *Fjorden Cowboys*».

Her ser me at dei i liten grad bruker Internett til å ha kontakt med andre frå andre stader i landet eller verda. I den grad dei ser fjernsyn, er det på lineær-tv og i stor grad seriar knytt til bygdelivet. Dette forsterkar inntrykket av at ungdommane har ei tradisjonell livsorientering.

### 5.2.5 DEL TO: Samtale om språk (etter bildetesten)

Tabell 30: Oversikt over informantane sine haldningar til språk.

	J13	G14	G15	G18
<b>Språkhaldningar</b>	Snakkar meir bjerkreimsk enn Maudal, men kjem berre på <i>okke</i> og <i>oss</i> som ein skilnad. Open for å endra på språket i møte med andre, men meiner ho ikkje gjer det. Reflekterer ein del over eigen dialekt og korleis andre snakkar.	Snakkar meir bjerkreimsk enn Maudal, og nemner meir <i>æ</i> -lyd i Bjerkreim. Vil ikkje endra dialekt, og endrar ingenting i talemålet i møte med andre. Tenker lite over eigen og andre sin dialekt.	Snakkar typisk maudalsk. Endrar ingenting i talemålet i møte med andre. Peikar på at <i>okke</i> er annleis enn dei andre på skulen Tenker lite over eigen og andre sin dialekt.	Snakkar typisk maudalsk. Endrar ingenting i talemålet i møte med andre. Peikar på at <i>okke</i> er annleis enn dei andre på skulen. Tenker lite over eigen og andre sin dialekt.

Informantane nøler litt på spørsmålet om dei snakkar «typisk maudalsk». Det kan verka som dei er litt usikre på kva som er typisk for dialekten, og J13 og G14 meiner dialekten er meir lik den i Bjerkreim, «på grunn av mor kjem ifrå Bjerkreim» (G14) og «eg har jo litt derifrå»

<sup>24</sup> Ifølge Medietilsynet, er *Fortnite*, *FIFA* og *Minecraft* blant dei mest populære spela for gutar i aldersgruppa 13-16 år (2020, s. 11), og 86% av 9 – 18-åringane spelar dataspel (2020, s. 3)

(J13). Likevel er dei einaste skilnadane J13 kjem på mellom dialekten i Maudal og Bjerkreim, bruken av *okke* og *oss*, og G14 nemner at det er meir æ-lyd i Bjerkreim.

Dei tre gutane har tenkt lite over sin eigen dialekt, og dei «snakkar som dei snakkar» (G14) og G15 «bryr meg svært lite». G18 har ikkje tenkt over det, men konkluderer med at han synest eigen dialekt er fin. J13 meiner dialekten kan «verka litt merkeleg av og til», og ho er også meir bevisst eigen og andre sin språkbruk. Ho seier for eksempel at «eg legg merke til ting i dialektane til folk».

Dei fire ungdommane meiner dei endrar lite eller ingenting når dei er andre plassar. J13 og G15 svarar begge «nei» på dette spørsmålet. G14 er endå tydelegare, og seier at han «endrar ingenting ... eg snakkar sånn eg gjer til vanleg. Eg tenker ikkje ... når eg kjem til Gilja, oi, nå må eg endra dialekten min ... eg endrar ikkje noko». G18 endrar heller ikkje noko til Gilja, seier han. Han seier vidare at «eg menger meg ikkje med Sandnesfolk akkurat, så på dei linjene eg har gått er det jo folk utanfor Sandnes, som kjem frå Jæren og Sviland og ...». Eg spør om dei andre har merka forskjell på dialekten til G18 etter at han flytta til Sandnes på hybel, men det har dei ikkje. I samtalen aleine med J13 er ho meir nyansert, og uttalar at ho «opphaveleg seier *okke* og *okkas*, men ... det endrar seg jo ... kjem naturleg av og til».

### **5.2.6 Oppsummering: Sosiale variablar**

Som nemnt i starten av delkapittel 5.2, vil eg her leggja fram ei oversikt som summerer hovudfunn når det gjeld personlegdomstypar, og kategorisera desse i det Martin Skjekkeland kallar *homo domesticus* og *homo dynamicus* (jf. 3.6).

*Tabell 31: Kategorisering av informantane i homo domesticus og homo dynamicus ut frå svara dei har gitt i samtaleintervjuet, og gjennomsnittleg bruk av tradisjonelle språkformer.*

	J13	G14	G15	G18
<b>Homo domesticus</b>	Opptatt av det nære og heimslege, bedehusmiljø, driv ikkje med noko organisert, stolt av å vera frå bygda, familien viktig, ikkje opptatt av mote, bruker sosiale medium til å ta bilde av det heimslege (følger ikkje andre frå for eksempel byar), følger ikkje med på seriar.	Opptatt av det nære og heimslege, gard, arbeid ute, driv ikkje med noko organisert, bestemt på yrkesfagleg, tradisjonelt yrke, stolt av å vera frå bygda, bestemt på å busetta seg i Maudal, familien viktig, ikkje opptatt av mote, høyrer countrymusikk, bruker sosiale medium til å ta bilde av det heimslege (følger ikkje andre frå for eksempel byar), bruker lite tid på dataspel, ser seriar knytt til bygdeliv.	Opptatt av det nære og heimslege, lite ute, arbeid ute, driv ikkje med noko organisert, heller mot yrkesfag, stolt av å vera frå bygda, kan godt bu i Maudal, familien viktig, ikkje opptatt av mote, høyrer countrymusikk, bruker lite tid på sosiale medium og dataspel, ser seriar knytt til bygdeliv.	Opptatt av det nære og heimslege, driv ikkje med noko organisert, tradisjonelt yrkesval, stolt av å vera frå bygda, familien viktig, ikkje opptatt av mote, høyrer countrymusikk, bruker lite tid på sosiale medium og dataspel, følger ikkje med på seriar.
<b>Homo dynamicus</b>	Liker å reisa, les mykje.		Open for å bu andre stader.	Fest, vera med venner andre stader, kult med digital teknologi.
<b>Gj.sn. trad. f.</b>	41% trad.	76% trad.	82% trad.	82% trad.

## 6 DRØFTING AV RESULTAT

Funna i førre kapittel er svært interessante, og viser at talemålet til dei fire ungdommane i denne granskinga i stor grad er *fokusert*, det vil seia språkleg homogent med lite lingvistisk variasjon. Dette står i kontrast til den diffuse språktilstanden ein ser i store delar av landet, der det er stor lingvistisk variasjon og fleire konkurrerande språknormer (jf. 2.4.1). Me ser at det er skilnadar mellom informantane både når det gjeld språk og i måten dei er på som personar, men alt i alt viser resultata at alle fire er tradisjonelle både når det kjem til språk og kva dei er opptatt av. I dette kapitlet vil eg drøfta kva som kan vera årsakene til at dialekten i Maudal, både på gruppe- og individnivå, i stor grad klarer å stå imot forandring, og på den måten ikkje bli ein del av dialektendringsprosessane som me tidlegare har sett førekjem i store delar av landet. Den mentale urbaniseringa ein kanskje kunne tenka seg verka inn på ungdom i heile landet, stangar av ulike grunnar hovudet i veggen i den vesle bygda. Når eg diskuterer funna, tar eg utgangspunkt i sosiolingvistisk teori i kapittel 3, og relevant informasjon om Maudal frå kapittel 2.

Før me går vidare vil eg minna om at resultata og den følgjande drøftinga er basert på lydopptak av ein samtalesituasjon der fire ungdommar trefte intervjuaren under trygge rammer i heimbygda si. Det er viktig å ha i bakhovudet at resultata ikkje seier noko om den språklege åtferda informantane har i alle samanhengar, men korleis dei snakka når dei var samla i denne spesifikke samtalesituasjonen. Sjølv om fleire av informantane hevdar at dei ikkje endrar noko på dialekten i møte med andre, veit me ikkje i kor stor grad ungdommane har ulike språkregister.

Som eg skreiv i innleiinga, har eg sjølv budd vekke frå Maudal i om lag 20 år. Eg var spent på kva som hadde skjedd med talemålet i bygda i løpet av denne tida – der den vesle plassen hadde blitt ein del av den store, globale internettverda. Svaret me finn i kapittel 5, er at det ikkje er noko som har endra seg. Eller det vil seia – ungdommane i Maudal snakkar meir tradisjonelt enn eg trur eg nokon gong har gjort. Det er rett og slett forunderleg at eit såpass markert språktrekk som *okke – vår* lever vidare, til trass for at vegen nordover blei bygd i 1913, og alle barn og unge har blitt sendt til Dirdal skule og «*vår-land*» sidan skulen i Maudal blei lagt ned på 1960-talet (jf. 2.2). Som me såg i delkapittel 2.4.2 var Maudal grenselandet for denne isoglossen allereie i 1945. I tillegg har dei tre gutane halde på den tradisjonelle *kj-*lyden [ç], og er også der meir språkleg «tradisjonelle» enn den vaksne intervjuaren som i dei

fleste tilfella bruker [ʃ]<sup>25</sup>. Korleis er det mogleg at dialekten held stand? For å forsøka å svara på dette, må me sjå tilbake på ulike forklaringsmodellar for språkendringar og språkstabilitet frå kapittel 3.

### 6.1. Akkommodasjon og naboopposisjon

I kapittel 3.2 såg me at språkbrukarar *akkommoderer* i kontaktsituasjonar, og at denne tilpassinga er naturleg for menneskeleg åtferd. Samtidig kan også *språkleg divergens* oppstå, ved at ein held fast på eigen dialekt eller til og med skaper avstand ved å leggja vekt på språklege skilnadar.

Det kjem tydeleg fram i førre kapittel at informantane i denne granskinga er stolte av å vera frå Maudal. Gutane uttrykker også at det er ein slags vennleg konkurranse mellom bygdene, noko som viser ei haldning som passar til det Amund B. Larsen kalla *naboopposisjon* (jf. 3.2). Dette kan vera ein årsak til at dei tradisjonelle formene som er typiske for deira dialekt står sterkt, og at det vil vera eit nederlag eller tap av eigen identitet å leggja om på språket i møte med andre. I staden for å akkommodera til klassekameratar frå for eksempel Gilja, blir den språklege divergensen nesten forsterka. Dette kan vera med å forklara det litt overraskande funnet av bruken av dei markerte formene /<sup>1</sup>oke/ og /<sup>2</sup>oka(s)/, og [ʔje:ə] i perfektum partisipp av v. *gå*.

J13 er den einaste som bruker den nyare forma *gått* /got/, samtidig som ho vekslar mellom *osse/våres* og *okke/okka(s)*. Me såg i førre kapittel at ho også er interessert i å vera mykje på Gilja med venninner eller på bedehuset, og ho uttrykker ikkje den same opposisjonen mot nabobygdene. Det kan vera at ho akkommoderer i møte med andre, noko ho sjølv indikerer når ho seier at ho «opphaveleg seier *okke* og *okkas*», men at det varierer mellom *osse/våres* og *okke/okka(s)* og «kjem naturleg av og til». Dermed er både *osse/våres* og *okke/okka* inkludert i det språklege repertoaret til J13.

Me såg i førre kapittel at dei fire ungdommane er mykje heime. J13 og G14 er av og til på Gilja eller Vikeså, og G18 har etter kvart begynt å gå meir på fest og vera med venner frå ulike plassar i Rogaland. Ein kan tenka seg at dersom ungdommane er mykje med venner frå andre stader, vil det bety noko for måten dei snakkar på. Det er vanskeleg å peika på klare

---

<sup>25</sup> Årsaka til mi eiga samanblanding, og i stor grad *sj*-uttale på kostnad av *kj*-uttale, er også interessant. Det er for meg rett og slett vanskelegare å seia [ç] enn [ʃ]. Har eg aldri hatt *kj*-lyd - eller har eg endra han på grunn av språkkontakt? Eg meiner sjølv eg aldri har brukt *kj*-lyd der det tradisjonelt er forventa. Det er iallfall eit eksempel på eit språktrekk som eg opp gjennom ungdomsåra ikkje var bevisst på at eg sa «feil», eg blei ikkje klar over det før i tjuetåra, og som eg ennå «øver litt på». Når eg skal foreta ein mental sjekk av når det skal vera *kj*-/*sj*-lyd, nyttar eg skriftspråket som rettesnor.

samanhengar her, sidan dei stort sett er med venner i bygdene rundt, og eg ikkje veit nok om kor mykje som skil språket til informantane frå Maudal med dialekten på for eksempel Gilja. Det kjem likevel fram at ungdommane sjølv meiner det er skilnad på språket i bygdene. G18 uttrykker for eksempel at han ikkje «endrar noko til Gilja» (jf. 5.2.5).

Sjølv om G18 i stor grad bruker tradisjonelle former, er det likevel ein viss skilnad frå broren. Han bruker for eksempel ikkje-omlyd i pres. av *komma* /<sup>1</sup>kome/ i eitt tilfelle og seier *hålle* /<sup>1</sup>hole/ i staden for *helle* /<sup>1</sup>hele/ i pres. av *halda*. Han har i tillegg velar uttale av *helgene* og *dagane* – i motsetnad til broren G15, som seier *heljene* /<sup>2</sup>heljene/ og *dajen* /<sup>1</sup>da:jen/. Sidan veslebroren ikkje har dei same endringane, er det grunn til å tru at noko har skjedd i språket til G18 etter at han flytta og begynte å fleire språklege kontaktpunkt. Desse endringane kan henga saman med at han har utvida nettverket sitt og fått fleire språkmøte. Ei talemålsendring har likevel ikkje «sett seg» hos han, noko dei andre informantane også peikar på når dei seier at dei ikkje merkar noko forskjell i språket hans etter at han flytta til Sandnes.

Det er viktig å få fram at me i denne studien ikkje kan seia noko om korleis han (eller dei andre) snakkar når han er i andre språksosiale samanhengar enn med dei andre ungdommane frå Maudal, så dermed *kan* det jo tenkast at ikkje-omlyd i presens av *komma* er vanlegare når han er ute enn når han er med dei «gode, gamle», og i eit sosialt lag med tette band. Me kan likevel slå fast at det ikkje er tale om ei språkendring i maudalsdialekten, for då måtte G18 vore ein språkleg innovatør som tok nye språkformer med tilbake, og påverka dei andre slik at dei også tok opp i seg desse (sjå 3.3.1).

## **6.2 Sterke nettverksband og språkleg bevaring**

Eit samfunn som Maudal skil seg på mange måtar ut. Ungdommane sin livsstil og måten fritida er organisert på, høyrer til ei tid ein kan få inntrykk av er forbi. I kapittel 2 såg me at bygda er lita og har ganske stor grad av stabilitet når det kjem til kven som bur her, og i kapittel 5 fekk me også vita at ungdommane har tett kontakt med «storfamiliane» sine og er relativt mykje heime. I staden for å gå på fritidstilbod utanfor Maudal, bruker dei mellom anna tid på heimslege syslar og gardsarbeid, eller er saman med familie/slektningar.

Som me såg i delkapittel 3.7, seier Peter Trudgill at dialektar som blir snakka i samfunn med lite kontakt, i større grad vil bevare kompleksiteten og stå imot språklege endringar. Den relativt isolerte plassen Maudal ligg, måten ungdommane her lever og måten samfunnet er organisert på, kan dermed vera ei forklaring på at dialekten i den vesle bygda i så stor grad beheld dei tradisjonelle formene.



### 6.2.1 Tette nettverksband på mikronivå: viktigheita av familien

Det er som nemnt i underkant av 70 personar som bur i Maudal. Dei fleste veit kven kvarandre er, og forholda ligg til rette for det Lesley Milroy kallar tette og multiplekse nettverk (jf. 3.7). Stor grad av sosialt fellesskap er også noko som verkar konserverande på språket, fordi alle veit korleis den tradisjonelle dialekten skal vera, og vil dermed kunne reagere og gi sanksjonar dersom nokon plutsleg endrar måten dei snakkar på. Det er nære relasjonelle band mellom fleire av innbyggjarane i Maudal, spesielt sidan det er fleire familiar med både besteforeldre, foreldre, barn, tanter, onklar, søskenbarn osv. Det er ikkje så mange lokale arrangement som samlar heile bygda, noko som kan gi grunn til å tru at storfamiliane rundt ungdommane fungerer som eit tett og stabilt nettverk rundt dei, i større grad enn bygda som heilskap.

Det nære sambandet mellom personane i familien til G14 blir for eksempel stadfesta når han i løpet av samtaleintervjuet blir bevisst at han seier *majen* [<sup>2</sup>maɪən]. i staden for *magen* /<sup>2</sup>ma:gen/. G15 nemner nemleg *majen* [<sup>2</sup>maɪən] og *fisk* > *fisj* [fɪʃ], som eksempel på ordformer dei eldre i Maudal har, men som han ikkje bruker. Då skyt G14 inn at «me seier *majen*». G14 seier ikkje «eg seier *majen*», men «me», og det viser til eit språkleg samhald i familien. Det nære samhaldet mellom dei fire ungdommane og familiane deira, kan med andre ord vera med på å oppretthalda sterke språklege band og dermed verka konserverande på språkendingar.

Eg vil dvela litt meir med ei språkleg oppdaging som eg meiner er særskilt relevant å merka seg, og som understrekar kor viktige dei tette nettverksbanda på mikronivå er, nemleg det faktum at alle informantane bruker *okke/okkas* og *osse/våres* i denne granskinga. Sjølv om Dybdahl sine undersøkingar viser at dette språktrekket var vanleg i Maudal på 1940-talet (jf. 2.5.11), har som tidlegare skrive (også jf. 2.5.11), verken eg eller mine søsken sjølv brukt denne forma, og eg kan heller ikkje hugsa at det var vanleg blant andre på min alder då eg budde der. Eg kan nemna at min eigen far, som også er fødd og oppvaksen i Maudal, heller ikkje bruker forma *okke/okkas*, men *osse/våres*. Faren hans var også frå Maudal, mens mora var frå Dirdal. Det er uvisst om min farfar sa *okke/vår*, men farmor var altså frå ei anna bygd, der kontakten med Stavanger var større<sup>26</sup>, og dette språktrekket verken *var* eller *er* vanleg. Dermed har nok far fått *osse/våres* inn med «morsmjølka», gifta seg med ei frå Bryne (mi mor), som også seier *osse/våres*, og dermed blei denne språkvarianten ein del av den «svært lokale» dialekten i familien vår.

---

<sup>26</sup> Dirdal ligg ved sjøen, og her har det gjennom tidene vore ein del kontakt med Stavanger.

Dette viser kor sentralt det næraste nettverket, med det Mead refererer til som signifikante andre, kan bety for talemålet<sup>27</sup> (jf. 3.7). I denne granskinga kjem det jo fram at alle ungdommane seier *okke/okkas*, eller vekslar mellom *okke/okkas* og *osse/våres*, og at alle har minst ein forelder som med høgt sannsyn bruker denne variabelen. Dette språktrekket kan dermed bli forsterka sidan alle fire bruker det, og dermed blir det, nesten litt tilfeldig, ein del av den nåtidige dialekten i Maudal. Det er ikkje så mange barnefamiljar i Maudal, så på same tid som dialekten i bygda i stor grad er *fokusert*, viser dette eksempelet at dialekten likevel er sårbar for endring om til dømes ein forelder skaper ny språkkonsensus i ein familie.

### 6.2.2 Ei ungdomstid utanom det vanlege?

I underkapittel 3.7.1 skreiv eg om ei endring i ungdomskulturen sidan 1950-talet.

Ungdomstida er i dag mykje lenger enn før, og unge vaksne er meir med kvarandre og mindre i aldersblanda sosiale lag. På mange måtar kan me seia at det å vera ungdom i Maudal skil seg ut i forhold til ei vanleg ungdomstid i Noreg i dag. Ein kan ikkje berre gå ut av huset og sykla for å vera med venner, for ein er avhengig av at nokon kan køyra. Slik sett er geografien i seg sjølv med på å tvinga ungdomstida til å vera annleis enn for fleirtalet av dei som veks opp i landet. Slik eg ser det, er ein hovudforskjell mellom dei unge i Maudal og gjennomsnittsongdommen i Noreg at dei bruker så mykje tid heime saman med «storfamilien» og at ingen av dei går på fritidsaktivitetar. Det at informantane i denne undersøkinga bruker store delar av fritida saman med familie og slekt i bygda, kan fungera som ein språkleg stabiliseringsfaktor. Ein skulle kanskje likevel tru at den sosiale møtearenaen som skulen er hadde stått sterkare som språkleg påverknadsgenerator enn han gjer, så det må også vera andre årsaker til det tradisjonelle talemålet hos ungdommane. Dette vil eg diskutera vidare i delkapittel 6.3.

Funna i Belfast-studien til Lesley Milroy (jf. 3.7), viser at graden av integrering ein person har i nettverket heng saman med i kor stor grad ein persons språk samsvarer med dei lingvistiske normene i nettverket. Sjølv om alle informantane har tette, stabile nettverk saman med familie og slekt i Maudal, er likevel litt skilnad mellom dei fire sine ungdomsmiljø, noko som igjen kan ha betydning for språkleg åtferd. Dei tre gutane er tidleg med på arbeid på gardar og i heimen, der dei er saman med vaksne. Spesielt G15 framhevar at han ikkje er «så mykje ute på ting i helgene», og at han er mykje heime. Dei tre andre er også mykje heime og er opptatt av familie, men dei liker også å vera med venner andre stader. J13 og G14 reiser til Gilja av

---

<sup>27</sup> Her er det også ein tydeleg parallell til språkbevaringa i det lukka fayancemiljøet i Egersund på 18- og 1900-talet (Hognestad, 2019b), som eg skreiv om i delkapittel 3.7.

og til, og G18 er «rundt forbi ... på fest i Frafjord og på Gilja og på Sandnes og på Jæren ...». Me såg i tabelloversiktane i førre kapittel (sjå for eksempel tabell 18 og 19) at G18 i noko større grad enn G15 bruker nye språkformer. Det at G15 bruker mindre tid saman med jamaldrande og meir tid i aldersblanda sosiale lag i heimbygda, kan vera ein årsak til desse forskjellane. J13 er den med flest nye former, og ho er også den som i størst grad uttrykker at samhald med venner – på Gilja og på bedehuset, er viktig for henne. X-faktoren blir her G14, som på same måte som J13 er på Gilja og Vikeså «ein del». Kvifor er ikkje talemålet hans også meir prega av nye språkformer? Sjølv om han i løpet av samtalen bruker *komme* i staden for *kjeme* to av 24 gonger, i tillegg til at han vekslar mellom *okke/okka* og *osse/våres*, viser resultata, spesielt viss me også ser på dei andre interessante språktrekka som er skisserte i tabell 19, at talemålet til G14 i stor grad er prega av tradisjonelle former. At han seier *komme* to gonger, kan komma av språkkontakt utanfor bygda. Samtidig kan det at han har venner og slekt som bur stader omlyd og *okke/okka* er vanleg vera med på å oppretthalda desse språkdraga.

### **6.3 Identitet og personlegdom**

Som me såg i delkapittel 3.6, er undersøkingar knytt til samanhengar mellom *språk og identitet* og *språk og personlegdom* blitt vanlegare dei siste tiåra. Det er vanskeleg å integrera desse psykososiale variablane i talemålsgranskingar, fordi dei er så samansette og vanskelege å måla. Sjølv om ein kan risikera å plassera personar i «båsar» og kanskje ikkje alltid får med alle dei komplekse samanhengane, er likevel desse faktorane sentrale for å vera med på å forstå og forklara språkleg åtferd, og dei kan dermed ikkje oversjåast. Eg meiner funna i kapittel 5 seier mykje interessant om samanhengane mellom språk, identitet og personlegdom.

#### **6.3.1 Den sterke identiteten til bygda**

Informantane i denne granskinga viser ein sterk identitet til Maudal. Dei er oppvaksne her, trivst, har familie i nærleiken og er stolte av plassen dei er frå. Ungdommane seier også at det kan tenka seg å busetta seg her i framtida. Det at alle fire har fleire slektningar enn den næraste kjernefamilien buande i bygda, kan også forsterka følelsen av at ein høyrer til her. Den geografiske forankringa står endå sterkare ved at ein er ein del av ein flokk, og det lokale miljøet fungerer som den primære sosiokulturelle referanseramma. I eit så lite samfunn som Maudal har ungdommane få moglegheiter til å velja kva gruppe dei vil identifisera seg med, og dermed blir staden og familien desto viktigare. I samtaleintervjuet kjem det fram at G14 nokre gonger ristar på hovudet og uttalar at han «er overgidd» viss G15 for eksempel nemner at han ikkje ser heilt vekk ifrå å gå studiespesialisering på vidaregåande i staden for yrkesfag.

Viss forventninga til åtfærd, meiningar o.a., er annleis enn det som er mest «tradisjonelt», risikerer G15 å få kommentarar av G14. På same måte kan eit talemål som er for langt ifrå det tradisjonelle også bli sett på som eit «svik». Det verkar med andre ord som at det er ei forventning i gruppa om det Hårstad og Opsahl kallar *språkleg autentisitet* (jf. 3.8), og me ser at dette er viktig hos spesielt gutane. Talemålet hos dei ein veks opp med er ein del av identitetsdanninga, og signaliserer at «sånn snakkar me hos oss».

Den sterke tilknytninga til Maudal viser igjen når ungdommane, og spesielt gutane, markerer avstand til dei næraste byane. Svare informantane gir på spørsmål om forholdet bygd-by (jf. 5.2.3), viser at dei ikkje identifiserer seg med by i det heile tatt. Dei ser på Stavanger som den næraste store byen sidan det er den plassen dei tar utgangspunkt i når dei seier «ein time frå». I staden for å gjera det enkelt og seia at dei er frå Stavanger når dei er i utlandet, er dei derimot opptatt av å skapa avstand. Denne avstanden til det urbane kan også verka inn som ei motstandskraft mot språklege endringar.

Ingen av dei er spesielt kjende i Sandnes eller Stavanger, og sjølv om G18 faktisk har hybel og bur i Sandnes i vekene, identifiserer han seg i liten grad med plassen. Han seier at han «menger ikkje med sandnesfolk akkurat ... dei linjene eg har gått så er det jo folk utanfor Sandnes som kjem frå Jæren og Sviland og ...». Dei tre gutane har, som me såg i førre kapittel, eit nesten ikkje-forhold til Stavanger. G15 kan vegen til oljemuseet og kinarestauranten.

### **6.3.2 Personlegdom og språk**

I 5.2.6 brukte eg Martin Skjekkeland si inndeling av personlegdomstypar i *homo domesticus* og *homo dynamicus* for å forsøka å plassera informantane som «heimekjære» eller «utovervende». Som nemnt i starten av dette underkapittelet, og i 3.6, kan det vera vrient å plassera personar i kategoriar ut frå personlegdom. Ei sånn oversikt kan likevel vera eit godt utgangspunkt for å oppdaga samanhengar mellom nettopp språk og personlegdom. I 3.6.1 viste eg også til Skjekkeland sine klassifiseringsfaktorar i denne inndelinga, nemleg grad av lokal identitet, interesseområde, tankar om oppvekststaden og syn på framtida. Der eg såg det hensiktsmessig, har eg også tatt med andre svar frå informantane som kan vera med på gi eit heilskapleg bilde av deira personlegdom.

Som me har vore inne på tidlegare, er alle informantane opptatt av det heimslege og nære, og dei kan kategoriserast som *homo domesticus*-typar (sjå tabell 31). Det er likevel personlegdomstrekk som skil ungdommane frå kvarandre, og eg vil vidare diskutera både

likkskapar og skilnadar mellom dei, og sjå om det *kan* henga saman med talemålet til den enkelte.

I utgangspunktet var spørsmålet om lesing interessant fordi eg ville sjå om det var samanhengar mellom det å lesa mykje/lite og måten dei snakka på. Tanken var her å undersøka om skriftspråket *kunne* verka inn på talemålet. Samtidig meiner eg at lesing kan plasserast i *homo dynamicus*-kategorien fordi det å lesa nettopp kan vera å venda seg «ut» og vekk frå det kjente, konkrete og heimslege. Leseinteressa er ein hovudskilnad mellom J13 og dei tre gutane. Me såg i 5.2.4 at J13 liker å lesa og at ho les mykje. Ifølge *Norsk mediebarometer 2019* er det litt fleire som les i større byar enn på stader med spreidd befolkning, og innbyggjarar i byar les også i fleire minutt per dag enn dei som bur i bygdestrøk (2020b, s. 61). Sjølv om J13 i stor grad er opptatt av det som kan knytast til det tradisjonelle, ser ho gjennom lesinga på ein måte «utover» - både gjennom innhaldet ein roman kan ha og ved at leseinteressa i seg sjølv er vanlegare i større byar enn i bygder.

Når det gjeld musikk, seier gutane at dei liker countrymusikk, ein sjanger som er sterkt knytt til bygda og det «tradisjonelle». Sjølve tittelen på sjangeren, *countrymusikk*, bygger på førestillinga om det rurale og landlege. Låtskrivar og musikkvitar Kim Olve Breistrand (2013, s. 30) skriv i si masteroppgåve om country i Noreg, at tankesetta, verdiane og ideologiane i countrykulturen blir forstått som det motsette av det urbane, og at denne musikk- og kultursjangeren ofte blir forstått innanfor by-land-konteksten. Stian Vestby er kulturforskar, og har skrive doktorgrad om countrykultur i Noreg. Han fortel at fleire av dei han intervjuar under ein countryfestival i Noreg peika på at dei får liva og identiteten sin spegla gjennom musikken (2017, s. 159). Dei tre informantane mine som nemnar countrymusikk som den sjangeren dei liker, stadfestar dermed på mange måtar sin posisjon i den rurale heimstadskulturen. Interessant nok kan foreldra til dei to brørne «ikkje fordra» country, ifølge G15, så musikksmaken kan nærast verka som eit «ungdomsopprør» der gutane omfamnar det rurale endå meir, i staden for å bevega seg mot listepop og meir «urbane» musikksgangrar.

J13 svarar at ho høyrer på det som «er på radioen» og at ho ikkje er så opptatt av musikk. Unge som lyttar til musikk i dag, bruker stort sett andre kanalar enn radio, så her kan sjølve mediet også sjåast på som noko tradisjonelt. *Norsk mediebarometer 2019* (2020b) viser nemleg at det er vanlegare å høyra lineær radio på stader med spreidd befolkning (s. 25) og at fleire byfolk bruker mobilen til å lytta til musikk enn folk i bygda (s. 56).

Både gutane sin musikksmak, og det faktum at alle fire i mindre grad enn det som er vanleg blant folk i byar bruker strøymetenester for å lytta til musikk, er med på å plassera ungdommane i *homo domesticus*-kategorien. Det var som me såg heller ingen av ungdommane som var opptatt av mote, ei interesse som er meir knytt til eit urbant byliv enn til livet i bygda.

Det å reisa kan sjåast på som eit «moderne» trekk, noko Martin Skjekkeland også peikar på ved å skilja mellom ei «topodynamisk» og «topostatisk» livsorientering (jf. 3.6.1). Ingen av informantane er spesielt opptatt av å reisa. G14 reiser ein del til hytta og til «Syden» kvar sommar, men hovudårsaken til at han liker det er at «han får meir tid med berre familien». Dei tre gutane meiner det kjem an på kor det er, og G18 meiner «både ja og nei». Han må «kunne køyra frå døra heime». Då er det same kor, «så lenge eg slepp å fly og sånn». G15 stemmer i med at «flyplassar og togstasjonar» ikkje er noko for han. J13 har ikkje reist så mykje og har aldri tatt fly, men ho uttrykker likevel at ho liker det.

Det å vera opptatt av *moderne teknologi* og *digitalisering* kan også knytast til det «moderne mennesket». Alle ungdommane har smarttelefon og bruker denne til mellom anna sosiale medium, men me såg i førre kapittel (5.2.3) at ingen av dei er spesielt opptatt av digital teknologi. G18 er den som er mest oppdatert og interessert i fenomenet, men dei andre veit lite om det og ser ikkje heilt poenget. Den manglande interessa om emnet føyer seg inn i rekka av verdiar knytt til ei tradisjonell livsverd, og plasserer iallfall dei tre yngste ungdommane i *homo domesticus*-kategorien. Det at G18 likevel har eit litt meir opent blikk mot den digitaliserte verda, kan gi han ein fot innfor livsverda ein forbind med *homo dynamicus*-typen.

Samla sett kan alle informantane trygt plasserast i *homo domesticus*-kategorien. I tabell 31 i førre kapittel ser me at G14 er den einaste i gruppa som i mi inndeling ikkje har ein fot innfor *homo dynamicus*-verda i det heile tatt. I slutten av førre delkapittel stilte eg spørsmål om kvifor talemålet til G14 er betydeleg meir tradisjonelt enn målet til J13, når dei begge er ein del med venner på Gilja og dermed i større grad i eit ungdomsmiljø enn iallfall G15. Nettopp den klare plasseringa som ein *homo domesticus* kan vera med å forklara at den språklege åtferda er trygt festa i det tradisjonelle dialektlandskapet i Maudal. Sidan alle informantane kjenner sterk identitet til bygda, samtidig som dei kan kjenneteiknast som *homo domesticus*-typar, viser funna i denne undersøkinga ein samanheng mellom bruk av tradisjonelle former og tilknytning til lokalmiljøet. Me ser også at sjølv om alle informantane kan kategoriserast som *homo domesticus*, er det skilnadar mellom dei. Spesielt J13 bruker fleire nye språkformer

enn dei tre andre, sjølv om ho er av den heimekjære typen. I dei neste kapitla kjem eg nærare inn på kva som kan vera årsaker til dette.

#### **6.4 Vertikal, horisontal eller regional påverknad? Eller mangel på dette?**

I kapittel 3.3 skreiv eg at ein av dei store debattane i språkmiljøa i Noreg har vore om talemålsendringar kan komma direkte frå eit standardtalemål og påverka lokale dialektar (vertikalistane sitt syn) eller om språkendringar berre skjer når lokale dialektar konvergerer horisontalt (horisontalistane sitt syn). Dette var eit av spørsmåla som dreiv meg i ønsket om å finna ut korleis det stod til med dialekten i Maudal. Nettopp sidan bygda er såpass isolert, hadde jo eventuelle språkendringar mot standardmålet vore særleg interessante å diskutert. Kunne påverknad frå «ovan» ha noko å seia for språket? Kunne tilgangen til sosiale medium, dataspel, fjernsynsseriar, skriftspråk osv. bety noko? Hadde ungdommane i granskinga mi brukt ein del tid på «den store verda» Internett tilbyr, og i tillegg endra språket i retning ein regional eller nasjonal standard, kunne ein kanskje påstått at den mentale urbaniseringa hadde nådd Maudal og også hatt sitt å seia for språket. I denne undersøkinga viser det seg derimot at informantane i liten grad bruker tid på desse media, samtidig som dei (iallfall gutane) i stor grad beheld og nesten forsterkar den tradisjonelle dialekten. Ein kan dermed seia at dei tre gutane frå Maudal på ingen måte viser påverknad frå ei vertikal språkretning, men også liten påverknad frå horisontale krefter.

Dei nyare språkformene me ser hos J13 går i retning av ein meir regional talemåte, som igjen samsvarer med ein austlandsk standard. Ho har, som me såg i resultatkapitlet, nokre former utan omlyd i presens av verb (*komme, har, drar*), og *dl > ll* i *alle* i 50% av tilfella. Desse endringane samsvarer med uttalen i større regionale sentrum som Sandnes og Stavanger, på same måte som dei er like eit standard austnorsk talemål. Sidan J13 ennå ikkje har flytta frå Maudal og ikkje har mange ho kjenner frå desse plassane kan det vera freistande å tenka at dei nye formene ho bruker kan komma frå ein vertikal påverknadsinstans. Samtidig er det sannsynleg at fleire på Gilja bruker nyare språkformer og at ho kan ha ei annan språkleg åtferd på grunn av akkommodasjon som har «sett seg» hos henne. I så tilfelle har den språklege tilpassinga blitt ein del av dialekten hennar også når ho er saman med andre som ikkje har desse språktrekka.

I diskusjonen om standardtalemål blir ofte omgrepa standard og prestisje brukt om kvarandre, og Helge Sandøy er opptatt av at desse ikkje må blandast. Han meiner, som me såg i kapittel 3.3, at eit prestisjespråk kan vera ein dialekt som er meir «sosialt akseptert» enn andre, men at

dette ikkje nødvendigvis er eit austnorsk, bokmålsnært standardtalemål. Blant ungdommane i Maudal verkar det som det er meir prestisje knytt til det lokale og tradisjonelle enn til det urbane, og dermed blir den tradisjonelle dialekten også meir sett opp til enn eit språk som liknar meir på sånn dei snakkar i for eksempel Sandnes og Stavanger. Mæhlum peikar på nettopp at det å bruka tradisjonell dialekt kan fungera som ein klassemarkør som seier noko om kven dei er og vil vera, og både gi status og truverd (2007, s. 59). Spesielt gutane står fram som sikre og stolte. Den tryggleiken og byrgskapen dei kjenner til Maudal gjer at dei kan sjåast på som påverkarar og stolte representantar for det lokale, tradisjonelle språket, og nettopp det kan også gjera at dialekten held stand på den måten han gjer. Som nemnt (jf. 3.7), skriv Trudgill at idiosynkrasiane<sup>28</sup> frå nokre få individ med stor påverknadskraft kan føra til at endring spreiar seg fort (2011, s. 104), og nettopp det at ingen av ungdommane i denne granskinga er pådrivarar for språkleg endring, kan vera med på å halda dialekten i Maudal fokusert. På den andre sida, kan heller foreldra<sup>29</sup> fungera som individ med stor påverknadskraft, og vera årsak til (gjen)innføringa av språktrekket *okke/okka* hos ein ny generasjon som etterspør lokal autentisitet.

Brit Mæhlum er ein av dei som peikar på at det finst ei førestilling blant nordmenn om at eit bestemt talemål står i særstilling og fungerer som eit normideal og som meir «rett» enn andre (jf. 3.3). I samtalen med dei fire informantane i denne undersøkinga, kjem det ikkje fram at dei meiner eit bestemt talemål er meir «rett» enn andre, men ideen om det austlandske talemålet finst likevel som eit «pent» språk. G14 og J13 gir uttrykk for at Oslo har «pen» dialekt, men G14 er nøye med å presisera at han ikkje meiner at han synest han er fin – han meiner derimot han er stygg. Dette viser at ideen om talemålet i Osloområdet som ein slags «standard» finst, men dei tar heller avstand til det.

Tanken om dette talemålet som «standard» viser også til dels hos G18 når eg spør korleis dei ville ha snakka viss dei skulle kommunisera med nokon som ikkje kunne så godt norsk. Han hadde «bikka over til austlandsk eller engelsk», men grunnen til det er fordi «det er sånn dei lærer ... når dei kjem til Noreg ...». Det er kanskje like interessant her at dei tre andre *ikkje* nemner austlandsk eksplisitt som svar på spørsmålet mitt om korleis dei ville snakka med nokon som ikkje kunne så godt norsk. G14 hadde ikkje endra noko på sin eigen dialekt, meiner han, J13 hadde kanskje endra litt (utan at ho kjem inn på korleis) og G15 hadde «tatt

---

<sup>28</sup> Ifølge *Bokmålsordboka* tydar det «særmerkt individuell atferd eller egenskap».

<sup>29</sup> Spesielt foreldra som er tilflyttarar frå Bjerkreim og Sirdal, men det kan også henda mor til G15 og G18 seier *okke/okka*. Ho er oppvaksen i Maudal, og har ein far som eg veit bruker *okke/okka*.



det ord for ord» (utan at han seier meir om korleis han ville endra orda viss den han kommuniserer med ikkje forstår). Ungdommane her, eller iallfall J13 og G18, har ei slags førestilling om eit bokmålsliknande standardtalespråk, men det betyr ikkje at dei byrjar å bruka språket. Det kan likevel spela ei rolle som språkleg repertoar som lagrar seg i bevisstheita, og som kan takast i bruk i språklege ansikt til ansikt-situasjonar.

At *skriftspråka* fungerer som ei rettesnor kjem likevel fram hos J13 når ho seier at ho skriv meir «rett» når ho sender meldingar til besteforeldre, tanter og onklar enn når ho skriv til venninner. Når eg lurar på kva ho meiner med «meir rett», svarar ho ein blanding av bokmål og nynorsk. Også G18 skriv meir «ordrett» og «litt meir profesjonelt» når han skriv «viktige meldingar». Elevar på Dirdal skule har nynorsk som hovudmålet sitt, så dermed er kanskje heller ikkje skriftspråket bokmål dominerande og verkar som ein språkleg normeringspåverkar – spesielt ikkje for dei tre gutane som bruker minimalt med tid på lesing i fritida. Nettopp det at nynorsk er målforma på skulen kan vera ein talemålsbevarande faktor i bygdene som høyrer til skulekrinsen.

#### **6.4.1 Sosiale medium og dataspel?**

I resultatkapittelet såg me at informantane nyttar sosiale medium, og at *Snapchat* er det dei bruker mest. Dei bruker kanalen til å senda bilde av sine egne liv, og ikkje til å følgja andre personar<sup>30</sup>. Ingen av dei kan kallast *gamerar*, og viss dei spelar, er det ikkje med ukjente personar frå andre stader.

Tilgangen på verda gjennom moglegheitene i ein datamaskin var noko eg såg på som ei stor endring frå då eg sjølv budde i Maudal, og som potensielt kunne ha ført til ei meir «topodynamisk» livsverd og fleire språkmøte. Når dei ikkje bruker sosiale medium til å bry seg om «urbane» følgjarar innan mote, interiør, trening, reising, sminke og liknande, og heller ikkje opplever språkmøter med andre personar gjennom dataspel, kan det vera med å halda språksituasjonen i Maudal *fokusert*.

---

<sup>30</sup> Med Snapchat kan ein følgja personar eller kontoar ut frå kva ein er interessert i. Ein kan også berre bruka det sosiale mediet til å senda og ta imot bilde frå personar ein kjenner sjølv.

## 6.5 Kvifor har J13 fleire nyare former i talemålet enn dei andre?

Oversikten i tabell 18 viser at J13 bruker fleire nyare språkformer i talemålet enn dei tre gutane. Sidan ho skil seg ut samanlikna med dei tre andre, vil eg bruka litt tid på å diskutera kva som kan vera årsaker til det. J13 nyttar, som dei andre, i stor grad tradisjonelle former i talemålet, men i undersøkinga har det også komme fram ulike faktorar som skil henne frå dei andre. Eg kjem til å ta utgangspunkt i desse for å diskutera om dei kan spela ei rolle for den språklege åtferda hennar.

- **Ho er jente**

Me kan starta med den eine, ganske openberre, forskjellen mellom henne og dei andre; ho er jente. Me såg i delkapittel 3.9 og 4.3.1 at inndeling i *kjønn* er ein vanleg sosial variabel i sosiolingvistiske undersøkingar, og at ei rekke granskingar har vist gutar snakkar meir dialekt enn jenter (Mæhlum et al., 2008, s. 120). Me såg også at nyare forskning peikar at skilnaden mellom jenter/kvinner og gutar/menn og språk er mindre enn tidlegare funn viser, og kanskje er i ferd med å jamna seg ut i takt med likestillinga mellom kjønna. Det at J13 er jente og bruker fleire nye former i forhold til gutane, kan på den eine sida passa godt inn i det labovske mønsteret. Samtidig er det umogleg å slå fast noko her, sidan det her berre er snakk om éin kvinneleg informant. Røyneland sine funn blant ungdommane i Røros og Tynset viste jo også at gruppetilhøyrsla var viktigare enn kjønn, og det at ho i større grad føler seg heime i bedehusmiljøet på Gilja enn i ein traktor, i eit fjøs eller på fest, kan spela ei like stor rolle som det at ho er jente. Det at ho er jente og dei tre andre er gutar, er sjølvstundt likevel verdt å peika på som ei potensiell forklaring på dei språklege skilnadene mellom henne og dei tre andre.

- **Ho les mykje, og gjer det godt på skulen**

Som eg har vore inne på tidlegare, har J13 ei leseinteresse dei andre i gruppa ikkje har. J13 les mykje, mens dei tre gutane nesten ikkje les i det heile tatt, og iallfall ikkje på fritida. Ein skal vera forsiktig med å konkludera med at lesing og fleire nyare former i språket heng saman, men det er likevel interessant å peika på denne samanhengen *kan* bety noko. Bøkene ho uttalar at ho les på fritida, er på bokmål, og dermed blir ho i større grad visuelt utsett for dette skriftspråket. Dei språkendingane me ser hos J13 går *i retning* av bokmål, men som eg tidlegare har vore inne på, går det samtidig i retning eit talemål som er snakka i dei næraste sentra, og dersom det er vanleg at ungdom på Gilja bruker fleire av dei nyare språkformene me har sett på i undersøkinga, er det grunn til å tru at dei ulike sosiale språksituasjonane på skulen og med venner har større verknad. Når det gjeld spørsmåla om syn på skule, ser me

tydeleg at dei praktiske faga står sterkt hos gutane. Sidan J13 er den som i størst grad bruker nyare ordformer, er det interessant å spekulera i om denne tilpassinga til skulen, saman med at ho er flink i teorifaga, kan ha samanheng med tilpassing og endring også språkleg.

- **Ho er ikkje opptatt av å opponera mot nabobygdene**

I resultatkapittelet såg me at gutane var opptatt av å markera avstand til bygdene rundt, og at det var ein slags konkurranse mellom stadene. Dette blei også diskutert i delkapittel 6.1. J13 viser ingen teikn til den same haldninga, og verkar derimot meir knytt til den største bygda i skulekrinsen; Gilja – både ved å vera ein del på bedehuset, og at bestevenninna bur der. Ho er heller ikkje opptatt av å markera avstand til byar som Sandnes og Stavanger. Ho viser heller ikkje ein nærleik eller «lengt» etter bylivet, men på same måte som når det gjaldt motstanden og konkurransen mellom nabobygdene, viser ho heller ikkje her den same opposisjonen som gutane. Dette kan gjera at ho i større grad akkommoderer til talemålet her, noko ho også seier når uttalar at «ho endrar litt» og at «det kjem naturleg».

- **Ho er ein del på Gilja**

J13 er ein del på Gilja, og har dermed fleire språkmøte med ungdom utanfor Maudal (jf. punktet ovanfor og 6.3.2). Det kjem fram at også G14 er ein del på Gilja, men han verkar ikkje å ha tanke om å endra språkleg åtferd på grunn av det, verken når det gjeld rapportert eller faktisk språkbruk. Me såg i 6.3.2 at dette kunne henga saman med den tydelege kategoriseringa av G14 som ein *homo domesticus*.

- **Språkleg bevisstheit og haldning til eigen dialekt**

I delkapittel 5.2.5 såg me at J13 er bevisst eigen dialekt. Ho seier at ho «legg merke til ting i dialektane til folk», noko som også inneber at ho sannsynlegvis legg merke til språket hos seg sjølv på ein annan måte enn gutane kanskje gjer. Når me ser på haldning til eigen dialekt og bruken av tradisjonelle former, kan me sjå ein samanheng mellom i kor stor grad informantane tenker over sin eigen dialekt, kor godt dei liker han, og språket dei bruker (jf. 4.4). J13 har fleire nyare former enn dei andre, og det kan henga saman med haldninga til eigen varietet.

Det at gutane seier at dei ikkje endrar dialekt, viser også ei positiv haldning til eige språk, noko som kan henga saman med høg prosentdel av tradisjonelle former hos dei tre. Sjølv om J13 ikkje seier at ho mislikar eigen dialekt, uttrykker ho i større grad at ho synest han er «merkeleg».

- **Familien snakkar annleis?**

I eit lite samfunn som Maudal, der familieane til kvar av informantane har tette band, kan kvar familie nesten ha sin eigen måte å snakka på. Dette var eg også inne på i delkapittel 6.2. Det kan vera at dei tradisjonelle språkformene som blir brukt av gutane ikkje er vanlege i familien til J13, og at ho dermed ikkje er vand med dei. Ho er heller ikkje knytt til andre ungdommar i Maudal på same måte som gutane, og må ut av bygda for å vera med venner. Dermed er hennar nettverk i større grad enn for gutane andre stader enn i Maudal, noko som kan ha betydning for språket ho bruker.

Trass alle desse faktorane er det jo sånn at også J13 i stor grad bruker tradisjonelle språklege former. Det viser at talemålet i Maudal står sterkt som eit eksempel på ein fokusert dialekt midt i all språkleg endring og mental urbanisering ein elles ser i store delar av landet.

## 6.6 Sosiolingvistiske forklaringar på språkbevaring og språkending

Tabellen under viser ei oppsummering og forsøk på kategorisering av sosiolingvistiske forklaringar som kan tala for språkbevaring og/eller språkending hos den enkelte informant.

*Tabell 32: Oversikt over sosiolingvistiske forklaringar på språkbevaring og språkending hos den enkelte.*

	<b>Sosiolingvistiske forklaringar på språkbevaring hos den enkelte</b>	<b>Sosiolingvistiske forklaringar på språkending hos den enkelte</b>
J13	Homo domesticus Få språkmøte utanfor Dirdal skulekrins Tett nettverk i familie og slekt i Maudal (men ikkje jamaldrande i bygda)	Ikkje naboopposisjon Nettverk hos venner på Gilja Språkleg bevisst Les mykje
G14	Homo domesticus Naboopposisjon Få språkmøte utanfor Dirdal skulekrins Tette nettverk med familie, slekt og venner i Maudal Liten språkleg bevisstheit	Nettverk med venner mellom anna på Gilja og Vikeså
G15	Homo domesticus Naboopposisjon Få språkmøte utanfor Dirdal skulekrins Tette nettverk med familie, slekt og venner i Maudal Liten språkleg bevisstheit	
G18	Homo domesticus Naboopposisjon Tette nettverk med familie, slekt og venner i Maudal Liten språkleg bevisstheit	Nettverk med venner fleire stader Fleire språkmøte Nokre «utoverretta» interesser <sup>31</sup>

<sup>31</sup> Til dømes interessa for digital teknologi og festing utanfor bygda (jf. 5.2.6).

## 7 OPPSUMMERING OG AVSLUTTANDE KOMMENTARAR

Før eg starta dette sosiolingvistiske detektivarbeidet, var eg veldig spent på kva som kunne ha skjedd med språket til ungdommane i den vesle bygda eg vaks opp. Eg vil avslutningsvis ta utgangspunkt i dei to problemstillingane for oppgåva, og summera opp nokre svar den språklege etterforskinga har gitt.

### 1. Korleis er språksituasjonen blant ungdom i Maudal i dag?

Dei fire informantane bruker i stor grad tradisjonelle språkformer, og i motsetnad til kva eg hadde trudd – nemleg at dialekten i Maudal hadde utvikla seg iallfall litt i same retning som dialektendringsprosessane me finn mange eksempel på i landet, er talemålet til ungdommane i den vesle bygda meir tradisjonelt enn mitt eige nokon gong har vore. Som me har sett, er det nokre språklege ulikskapar mellom informantane, og J13 bruker fleire nye språkformer enn dei tre gutane.

### 2. Kva faktorar kan ha betydning for at språksituasjonen er som han er?

Gjennom drøftingskapittelet har me sett at det er fleire faktorar som kan vera med å forklara kvifor dialekten i Maudal er så tradisjonell og stabil som han er. Éi forklaring er det faktum at ungdommane i denne granskinga har *få språkmøte* utanfor bygda, med unntak av medelevane på skulen. G18 skil seg ut ved at han har begynt på vidaregåande og flytta på hybel, men til trass for dette, lever det tradisjonelle målet likevel i beste velgåande hos han. Sjølv om me ikkje veit om han har fleire språkregister å spela på, og endrar talemålet når han ikkje er i Maudal, er det lite som tydar på at flytting og fleire språktreff har ført til dialektendring hos han. Til trass for språkmøta ungdommane har med andre medelevar på skulen/lærestaden kvar vekedag, bruker dei likevel fleire tradisjonelle språkformer som både er markerte og relativt hyppige i daglegtalet, og som sannsynlegvis skil seg frå talemålet til dei andre i klassen. Det må altså også vera andre forklaringar.

Ein svært påfallande og sentral språkbevaringsfaktor, er *det tette sosiale nettverket* mellom informantane og storfamiliane deira. Det tette nettverket fungerer språkbevarande fordi det finst ein konsensus om korleis den språklege åtferda mellom dei skal vera. I staden for å bruka mykje av ungdomstida i ulike sosiale miljø der jamaldrande treffest og bruker tid saman, oppheld informantane i denne granskinga seg mykje av fritida saman med familie og slekt i Maudal. Den sterke identitetskjensla ungdommane har til bygda og familien, forsterkar truleg kjensla av samhald mellom generasjonane, noko som igjen kan gjera at språket i stor grad

held seg stabilt. Akkommodasjon er, som me har sett (jf. 3.2 og 6.1), grunnleggande for språkleg samhandling, og sidan samhaldet i familien og slekta er så sterkt, har ingen av informantane grunn til å opponera språkleg mot «sine eigne». Det er ikkje er så mange felles arrangement i bygda, så dei små, multiplekse nettverka består først og fremst av familie og nær slekt (jf. 6.2).

Dei tre gutane nemner derimot andre «motstandarar» som dei er opptatt av å markera avstand til, nemleg nabobygder og byar. *Naboopposisjonen* til bygdene rundt og motviljen mot bylivet er også påfallande, og kan vera ei anna viktig forklaring på at språket er så tradisjonelt. Me har sett at J13 ikkje uttrykker motstand til verken nabobygder eller byar, og at det kan spela inn som årsak til at ho har fleire nye språkformer enn gutane.

Ein siste viktig faktor for å forklara kvifor språksituasjonen i Maudal er tradisjonell og fokusert, er at alle ungdommane kan seiast å ha personlegdomstypen *homo domesticus*. Som fleire andre studiar har peika på (jf. 3.6.1), finn me også her ein samanheng mellom tradisjonelle språkformer hos den enkelte og ei «heimekjær» og topostatisk livsorientering.

## **7.1 Foreløpig avslutta detektivarbeid og eventuell vidare etterforsking**

I arbeidet med denne avhandlinga har det dukka opp nokre spørsmål eg kunne tenkt meg å sjå nærmare på.

Det første gjeld registervariasjon hos den enkelte. Det hadde vore interessant å følgd ungdommane i andre sosiale arenaer, og undersøkt om dei endra språkbruk etter kven dei var med, og om dei i tilfelle gjorde det i større grad enn dei sjølv hevdar i denne granskinga. For å fått nokre svar på dette, kunne ein for eksempel gjennomført intervju av den enkelte informant saman med andre elevar frå klassen.

Det andre er vidare undersøkingar av språket i nabobygdene, og spesielt korleis språket på Gilja er. Eg har fleire gonger undervegs i oppgåva lurt på i kor stor grad språket har endra seg i Dirdal skulekrins generelt, og om ein her vil sjå dei same tendensane til ei overraskande tradisjonell språkdrakt, eller om det større mangfaldet av personar frå ulike stader har gjort noko med språkutviklinga i dette området.

Det hadde også vore interessant å følgd ungdommane vidare, og sett i kor stor grad språket endra seg hos dei enkelte. Her kunne ein tatt utgangspunkt i dei same spørsmåla som låg til grunn i samtaleintervjuet i denne undersøkinga, og samanlikna språk og personlegdom igjen. Som me såg i delkapittel 3.6, endrar personlegdomen seg i løpet av tenåra. Det hadde dermed

vore interessant å undersøkt om ei personlegdomsendring hadde noko å seia for den språklege åtferda hos dei enkelte. Ein kunne også sett på framtidig språkkontakt og korleis det påverka dialekten til informantane i denne studien, eller om betydninga av det tette familienettverket som språkbevaringsinstans endra seg ved eventuell flytting, eller ved nye, tette nettverksband.

Me har vore på ei reise over eit fjell og nede i ein dal, og nå avsluttar me det foreløpige etterforskningsarbeidet. Turen har overraska meg litt, sidan språket er så tradisjonelt og held seg så stabilt som det gjer. Den vesle bygda står staut og stabil i møte med den store verda.



## LITTERATURLISTE

- Aasen, K. N. (2011). *Stavanger-dialekten 30 år etter* (Mastergradsavhandling, Universitetet i Bergen). Henta frå <https://folk.uib.no/hnohs/DEP/Kristine%20Aasen.pdf>
- Akselberg, G. (1995). *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmat i sosiolingvistikken: ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, G. (1999). Prosjektet Talemålsendring i Noreg (TEIN) – form og innhald. *Målbryting: Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg*, 2. doi: <https://doi.org/10.7557/17.4708>
- Akselberg, G. (2006). Horisontalistar versus vertikalistar. Om ulike tolkingar av talespråklege enringsprosessar i Noreg. *Målbryting*, 8, 133-150. doi: <https://doi.org/10.7557/17.4794>
- Association, I. P. (1999). *Handbook of the International Phonetic Association: A guide to the use of the International Phonetic Alphabet (1999)*: Cambridge University Press.
- Auer, P. & Hinskens, F. (1996). The convergence and divergence of dialects in Europe. New and not so new developments in an old area". . *Sociolinguista* 10(1). doi: <https://doi.org/10.1515/9783110245158.1>
- Breistrand, K. O. (2013). *Country i Norge – musikk fra og på bygda?* (Masteroppgave i musikkvitenskap, NTNU). Henta frå [https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2416947/avhandling\\_16.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2416947/avhandling_16.pdf?sequence=1&isAllowed=y)
- Bruili, C. N. (2017). *“Lunt imellom høye fjelle”*: En sosiolingvistisk studie av talemålsutviklingen i Flekkefjord by (Masteroppgåve, Universitetet i Agder). Henta frå <https://uia.brage.unit.no/uia-xmlui/bitstream/handle/11250/2459585/Bruili%2C%20Camilla%20Nygaard.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Busterud, G., Lohndal, T., Rodina, Y. & Westergaard, M. (2019). The loss of feminine gender in Norwegian: a dialect comparison. *Journal of Comparative Germanic Linguistics*, 22, 141–167 doi: <https://doi.org/10.1007/s10828-019-09108-7>
- Bøe, P. S. S. (2013). *Språkendringer spør på Jæren: En sosiolingvistisk studie i virkelig tid fra Ogna* (Masteroppgåve, Universitetet i Bergen). Henta frå <https://folk.uib.no/hnohs/DEP/Per%20Sigmund%20Boe.pdf>
- Dybdahl, K. D. (1945). Isoglossen vår - okka. I H. F. Feilberg & H. F. Feilberg (Red.), *Maal og minne*. Oslo: Novus forl. Henta frå [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digitidsskrift\\_2015012681003\\_001](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digitidsskrift_2015012681003_001). doi: oai:urn.nb.no:no-nb\_digitidsskrift\_2015012681003\_001
- Forskrift om grensereg., B. m. f. (1964). *Forskrift om grenseregulering, Bjerkreim, Høle, Forsand og Gjestal kommuner, Rogaland*. (LOV-1956-12-21-3-§1). Henta frå <https://lovdata.no/forskrift/1964-06-26-6>.
- Fossåskaret, E. (2000). Surapalen som identitetsmarkør. Regionalisering, stad og sjølvforståing. I G. Akselberg (Red.), *Språkleg regionalisering* (Vol. 4, s. 27-47). Universitetet i Bergen. Henta. doi: <https://doi.org/10.7557/malbr.2000.4>
- Gabrielsen, F. (1984). *Eg eller je?: ei sosiolingvistisk gransking av yngre mål i Stavanger*. Oslo: Novus.
- Giles, H. & Smith, P. (1979). Accommodation Theory: Optimal Levels of Convergence. I H. Giles & R. N. S. Clair (Red.), *Language and social psychology* (s. 45-65). Oxford: Basil Blackwell
- Gram Simonsen, H. & Moen, I. (2004). On the distinction between Norwegian j and ç from a phonetic perspective. *Clinical linguistics & phonetics*, 18(6-8), 605-620. doi: 10.1080/02699200410001703664
- Grødem, K. (2016). *“Det er både fint og harry”*: en sosiolingvistisk undersøkelse av ungdommers bruk av bløte konsonanter i Kristiansand (Masteroppgåve, Universitetet i Agder). Henta frå <https://uia.brage.unit.no/uia-xmlui/bitstream/handle/11250/2413136/Gr%C3%B8dem%28Rike%29%2C%20Kristina.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

- Helgander, J. (1996). *Mobilitet och språkförändring : exemplet Övre Dalarna och det vidare perspektivet*. Falun Högskolan Dalarna.
- Hognestad, J. K. (2019a). Fonologi og fonetikk. I H. Brøseth, K. M. Eide & T. A. Åfarli (Red.), *Språket som system: Norsk språkstruktur* (s. 41-67). Bergen: Fagbokforlaget.
- Hognestad, J. K. (2019b). Språk i småbyen: varietet og variasjon. *Maal og Minne*, 111(1), 1-30. Henta frå <http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1654>.
- Hårstad, S. (2005). Den problematiske regionaliseringen. *Målbryting*, 7, 89-108. doi: <https://doi.org/10.7557/malbr.2005.7>
- Hårstad, S. (2009). *Kommer ikke alt godt fra oven?: et forsøk på å se utviklingstrekk i trønderske talemål i et standardiseringsperspektiv*.
- Hårstad, S. (2010). *Unge språkbrukerei gammel by: En sosiolingvistisk studie av ungdomstalemål i Trondheim*: NTNU-trykk.
- Hårstad, S., Lohndal, T. & Mæhlum, B. (2017). *Innganger til språkvitenskap: Teori, metode og faghistorie*: Cappelen Damm Akademisk.
- Hårstad, S. & Opsahl, T. (2013a). *Språk i byen. Utviklingslinjer i urbane språkmiljøer i Norge*: Fagbokforlaget/LNU.
- Hårstad, S. & Opsahl, T. (2013b). *Språk i byen: utviklingslinjer i urbane språkmiljøer i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Johannessen, J. T. (2018). *Talemålsendringer i Stavanger i dag: En sosiolingvistisk undersøkelse av yngre talere av stavangersk* (Upublisert bachelor-oppgåve).
- Johannessen, J. T. (2020). *Talemålsendringer i Stavanger i dag: En sosiolingvistisk undersøkelse av yngre talere av stavangersk* (Masteroppgåve, Universitetet i Stavanger).
- Kallevik, S. A. (2009). Jakten på personligheten. *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, 46(10), 970-973. Henta frå <https://psykologtidsskriftet.no/intervju/2009/10/jakten-pa-personligheten>.
- Klungtveit, E. A. (2017). *Sandsmålet «i morgon»: en sosiolingvistisk studie av talemålet på Sand i Suldal* (Mastergradsavhandling, Universitetet i Stavanger). Henta frå [https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/bitstream/handle/11250/2447326/Klungtveit\\_Even\\_Andre.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/bitstream/handle/11250/2447326/Klungtveit_Even_Andre.pdf?sequence=1&isAllowed=y)
- Larsen, A. B. (1917). Naboopposition - knot. I M. Olsen (Red.), *Maal og minne - norske studier*. Kristiania: Bymaals-lagets forlag. Henta frå <https://www.nb.no/items/38758faf7c02862d103fba8cb00d566a?page=3&searchText=>.
- Mead, G. H. & Morris, C. W. (1934). *Mind, self, and society : from the standpoint of a social behaviorist* (Vol. vol. 1). Chicago: University of Chicago Press.
- Medietilsynet. (2020). *Barn og medier 2020*. (3). Henta frå <https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/barn-og-medier-undersokelser/2020/200402-delrapport-3-gaming-og-pengebruk-i-dataspill-barn-og-medier-2020.pdf>.
- Milroy, L. (1987). *Language and social networks* (2nd ed. utg. Vol. 2). Oxford: Blackwell.
- Mæhlum, B. (1992). *Dialektal sosialisering*: Novus forlag.
- Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus forlag.
- Mæhlum, B. (2009). Standardtalemål? Naturligvis! *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 27(1), 7-26.
- Mæhlum, B., Akselberg, G., Røynealand, U. & Sandøy, H. (2008). *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*: Cappelen Damm Akademisk.
- Mæhlum, B. & Røynealand, U. (2012). *Det norske dialektlandskapet: innføring i studiet av dialekter*. [Oslo]: Cappelen Damm akademisk.
- Neteland, R. (2014). *Koinéforming av industristedtalemål. En sosiolingvistisk studie av språkutviklingen i Sauda og Årdal de siste hundre årene* (Doktoravhandling, Universitetet i Bergen). Henta frå <https://folk.uib.no/hnohs/IP/phd%20Randi%20Neteland.pdf>
- NRK (Manusforfatter). (1981). Bjerkreim: Bukkeslepp. I NRK (Produsent), *Norge rundt*. Henta frå <https://tv.nrk.no/serie/norge-rundt/1981/FREP42005181/avspiller>

- Opsahl, T. & Røynealand, U. (2009). Osloungdom – født på solsiden eller i skyggen av standardtalemålet? *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 27(1), 95-120. Henta frå [http://web.novus.no/NLT/NLT\\_2009-1.pdf](http://web.novus.no/NLT/NLT_2009-1.pdf).
- Regjeringen. (2019, 24.04). Bredbånd og mobil. Henta frå [https://www.regjeringen.no/no/tema/transport-og-kommunikasjon/elektronisk-kommunikasjon/ekomartikler\\_2019/bredband-og-mobil/id2642610/](https://www.regjeringen.no/no/tema/transport-og-kommunikasjon/elektronisk-kommunikasjon/ekomartikler_2019/bredband-og-mobil/id2642610/)
- Risa, L. (1998). *Bjerkreimboka*: Bjerkreim kommune.
- Rodina, Y. & Westergaard, M. (2015). Grammatical Gender in Norwegian: Language Acquisition and Language Change. *Journal of Germanic Linguistics*, 27(2), 145-187. doi: <https://doi.org/10.1017/S1470542714000245>
- Røsstad, R. (2019). Segmentasjon eller motivert epentese? *Maal og Minne*, 111(1).
- Røynealand, U. (2005). *Dialektnivellering, ungdom og identitet: ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. [Oslo]: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.
- Røynealand, U. (2017). Hva skal til for å høres ut som du hører til? Forestillinger om dialektale identiteter i det senmoderne Norge. Henta frå [https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/59183/Unn\\_Hva%2bskal%2btill%2bfor%2b%25C3%25A5%2bh%25C3%25B8res%2but%2bsom%2bdu%2bh%25C3%25B8rer%2btill.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/59183/Unn_Hva%2bskal%2btill%2bfor%2b%25C3%25A5%2bh%25C3%25B8res%2but%2bsom%2bdu%2bh%25C3%25B8rer%2btill.pdf?sequence=1&isAllowed=y).
- Sandvik, O. H. (1979). *Talemål i Rogaland: i går, i dag og i morgon : om uttale, bøyning og ordtilfang i Rogalands-målet*. Stavanger: Rogalandsforskning.
- Sandøy, H. (1996). *Talemål*. Oslo: Novus.
- Sandøy, H. (1998). The diffusion of a new morphology in Norwegian dialects. *Folia Linguistica*, 32(1-2), 83-100.
- Sandøy, H. (2008 ). Kontakt og spreining (2. utgave). I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte. Innføring i sociolingvistikk* (s. 222-240). Oslo: Cappelen Damm Adademiske Forlag.
- Sandøy, H. (2009). Standardtalemål? Ja, men...! *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 27(1), 27-47.
- Seland, E. (2011). *Sirdal: Kultursoge. Del 2: Fra ca. 1800 til ca. 1960. Bind VIII: Sirdal kommune*.
- Seland, P. (1980). *Sirdal: Kommunen*.
- Skjekkeland, M. (1977). *Målføre og skriftmål*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skjekkeland, M. (2005). *Dialektar i Noreg: tradisjon og fornying*. Kristiansand: Høyskoleforl.
- Skjekkeland, M. (2009). *Språk og samfunn i endring. Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo: Novus
- Skramstad, T. (1999). *Oslocirkumferensen og språklig regionalisering. : en metodetriangulert undersøkelse av språk og normer hos ungdommer på Hadeland (Hovudfagsoppgåve)*. Universitetet i Oslo. Henta frå <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/26491/Hovedfagsoppgave.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Solheim, R. (2006). *Språket i smeltegryta : sociolingvistiske utviklingslinjer i industrisamfunnet Høyanger* (2006:165). Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Det historisk-filosofiske fakultet, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Trondheim.
- SSB. (2019, 20.12). Tettsteders befolkning og areal. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/befteett/aar>
- SSB. (2020a). Kommunefakta: Flekkefjord. Henta 11.02 frå <https://www.ssb.no/kommunefakta/flekkefjord>
- SSB. (2020b). Norsk mediebarometer 2019. Henta 19.02 frå <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/attachment/421056?ts=172e54b5538>
- Tengesdal, P. (2017). Fossbrekka i 2017: En husmannsplass På Espeland. Henta frå <http://www.bjerkreim.info/pdf/Fossbrekka%20i%202017.pdf>.
- Tengesdal, P. (2018). *Bjerkreim før i tida (Band I, kultursoga fra bygda)*. Sandnes: Commentium.
- Thuen, T. (2001). Sted og identitet. *Nordlit*, 5(2), 79-93. doi: <https://doi.org/10.7557/13.2088>

- Time, T. (1986). *Haurt saure, eller Kort om dialekt i Time*. [Bryne]: Time mållag.
- Trudgill, P. (1986). *Dialects in Contact*. Oxford: Basil Blackwell.
- Trudgill, P. (2011). *Sociolinguistic typology: Social Determinants of Linguistic Complexity*. Oxford: Oxford University Press.
- Trudgill, P. (2014). On diffusion, drift, and the irrelevance of media influence. *Journal of Sociolinguistics*, 18(2), 214-222. doi: <https://doi.org/10.1111/josl.12070>
- Ulset, K. A. V. (2002). Urbanisering som forklaringsfaktor i talemålsutviklingen. *Målbryting*(6), 201–216-201–216.
- Vestby, S. (2017). *Folkelige og distingverte fellesskap: Gentrifisering av countrykultur i Norge - en festivalstudie* (Doktorgradsavhandling, Høgskolen i Innlandet).
- Waula, J. E. (1998). *Gjesdal: indre del*. [Ålgård]: Gjesdal kommune.

## VEDLEGG

Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeskjema

### Vil du delta i forskingsprosjekt om talemålet i Maudal?

Prosjektet er ein del av masterstudiet mitt ved Universitetet i Stavanger, Institutt for kultur- og språkvitenskap. Formålet er å få innsikt i korleis talemålet blant unge er i Maudal.

Sidan du er mellom 10 og 19 år og er fødd og oppvaksen i Maudal, vil det vera svært interessant å få snakka med deg.

I ein samtale vil eg først høyra litt om kva du er interessert i, kva du synest om å bu i Maudal, kva framtidspanar du har osv. Seinare vil eg visa deg nokre bilete me kan snakka ut ifrå. For at eg skal kunne oppfatta alt som blir sagt, vil samtalen bli tatt opp. Om føresette ønsker det, kan dei på førehand be meg om å få sjå kva eg vil spørja om i samtalen.

Alle personopplysningar vil behandlast konfidensielt, og du skal heller ikkje kunna gjenkjennast i den skriftlege masteroppgåva. Materialet i lydopptaka vil bli gjort om til tal og oversikter og kan vidare bli brukt i statistikk. Lydopptaka og personopplysningane vil bli lagra sikkert i samsvar med regelverket for personvern, og eg ber om tillating til å oppbevara desse permanent og på ein sikker måte, slik at opptaka også seinare kan bli brukt i forskningssamanheng.

Det er frivillig å delta. Viss du vil vera med, kan du når som helst trekka deg utan å gi nokon grunn. Dersom du vel å trekka deg, vil lydopptaket og eventuelle andre opplysningar bli sletta. Det vil ikkje ha negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekka deg.

Me vil berre bruka opplysningane om deg til formålet me har fortalt om i dette brevet og i samsvar med personvernregelverket. Det er i utgangspunktet berre rettleiaren min og eg som vil ha tilgang til informasjonen.

Du har rett til å få innsyn i personopplysningar som er registrert om deg, få retta personopplysningar, få utlevert ein kopi av personopplysningane og senda klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av personopplysningane dine.

Alle opplysingar om deg er basert på ditt samtykke. På oppdrag frå Universitetet i Stavanger har NSD– Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Viss du har spørsmål til prosjektet, eller ønsker å nytta deg av rettane dine, ta kontakt med:

- Prosjektansvarleg og rettleiar: Jan Kristian Hognestad, på e-post ([jan.k.hognestad@uis.no](mailto:jan.k.hognestad@uis.no)) eller tlf.: 90086381
- Masterstudent: Randi Maudal, på e-post [randi.maudal@stud.uis.no](mailto:randi.maudal@stud.uis.no) eller tlf.: 99700616
- Personvernombod for Universitetet i Stavanger: Kjetil Dalseth, på e-post ([personvernombud@uis.no](mailto:personvernombud@uis.no))

- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS, på e-post ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller tlf.: 55 58 21 17.

Vennleg helsing

Randi Maudal (masterstudent)

Jan Kristian Hognestad (rettleiar)

## Samtykkeskjema

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet om talemålet blant unge i Maudal, og fått høve til å stilla spørsmål. Eg gir samtykke til:

- å delta i intervju
- at mine personopplysingar blir lagra etter prosjektslutt, slik at dei seinare kan brukast i forskingssamanheng
- at lydopptaka blir lagra etter prosjektslutt, slik at dei seinare kan brukast i forskingssamanheng

Eg samtykker til at mine opplysingar blir behandla fram til prosjektet er avslutta, ca. juni 2021

Dato: ..... Underskrift: .....

Underskrift føresette (viss under 18 år): .....

## Vedlegg 2: Samtaleguide

### **DEL 1**

#### **Interesser**

Kva liker du å gjera i helgene og på fritida?

Kva slags musikk høyrer du på/likar?

Liker du å lesa (romanar, aviser eller anna)?

Kva tilbod finst for dei unge her i Maudal? Kor må de reisa viss det vil vera med på fritidstilbod? Kva er mest populært å gå på?

Korleis ville ein perfekt dag sett ut for deg?

#### **Skule og framtidsplanar**

Korleis er det å gå på skule på Dirdal?

Kva er favorittfaget ditt?

Kva har du tenkt å gjera etter ungdomsskulen?

Kva slags planar har du for framtida?

#### **Forholdet bygd – by**

Kva synest du om å bu i Maudal?

Er du stolt av å vera frå Maudal?

Dersom du kan velja heilt fritt – kor vil du busetta deg når du blir vaksen? (Tenker du at du vil bu i Maudal?)

Er det viktig for deg å bu nær familien?

Kor reiser du viss du skal «ut»?

Kor seier du at du er frå viss du er i utlandet?

#### **Modernitet – tradisjon**

Er du opptatt av å følga moten?

Liker du å reisa? Ønsker du å reisa mykje i framtida?

Kva tenker du om tida me lever i nå? (litt vagt spørsmål, men eg er ute etter om dei er positive eller negative til framsteg og utvikling sånn generelt, eller om dei helst vil at ting skal vera som dei er)

Følger du med på den teknologiske utviklinga?

### **Mediebruk**

Bruker du sosiale medium? Kva for nokre? Kor ofte?

Bruker du tid på «gaming»?

Viss du skriv til nokon – skriv du då på dialekt eller på bokmål/nynorsk?

Liker du å sjå TV-seriar/filmar? Kva ser du på i tilfelle?

### **DEL 2:**

#### **Samtale om språk (etter samtalen om bileta)**

Snakkar du annleis enn andre i Maudal? Gilja? Osv.

Er det vanleg å endra dialekten? Kven er det som gjer det?

Korleis ville du snakka om du trefte nokon som ikkje kunne norsk så godt?

Er det forskjell på korleis du snakkar i forhold til foreldra/besteforeldra dine?

Synest du nokre dialektar er finare enn andre?

Snakkar du annleis når du er andre stader enn i Maudal?

Viss du snakka med nokon som heldt på å læra seg norsk – korleis ville du snakka då?

Gjer det noko om dialekten endrar seg?



### Vedlegg 3: Eksempel på transkribert samtale

G18

De e facebook å snapchat.

Bruge du møyje ti på ...?

G18

Nei. De e veldi veldi lide. Får enn melling av å te å svare på den når eg /he/ ti åsså ... di der (?) snappane åbneg når eg vil. De e /çe/ någe eg stresse me.

G15

Nei de e snap, facebook ja.

Bruge du møyje ti?

G15

De /çe:me/ jo ann på åmm du /he/ lide å gjer fårr å sei de sånn ... menne, viss du ... for å sei de sånn du sidde haima i sofaen å ser i reklamepausen så kan skjynna eg ser jo sellfølgeli allti på ... ser jo heila tiå te den øve så. Men de variere jo. Men de e så han eg svare når eg går på telfonen. Så men viss de e någe melling elle någe så pleieg å hastu litt marr. Få gjort de ja.

Ke du har?

J13

Eg /ha:r/ de sama så (namn på G14). Å de variere jo frå dag te dag ko møyje eg bruge. Sånn så i dag /he/ eg våre veldi møyje.

G14

De e igroen snapchatten de e igroen de så står i sentrum. På en måde. De e de eg ...

J13

Sama her.

G14

De e /çe/ møyje snakking de e marr snappa ... eg /he/ sikkar lagt ud seks storria i løbe av enn firatjue tima

J13

Du /he/ sikkar marr enn de

(latter)

G14

Å de e bare traktor

## SAMANDRAG

Samfunnet blir stadig meir samanvevd. Skilnadane mellom by og land har på mange måtar blitt mindre enn dei var, mellom anna på grunn av flytting, pendling og tilgangen til verda gjennom Internett. Dette har også sitt å seia for dialektane i landet, og dei har ein tendens til å bli meir like kvarandre. Samtidig finst det ennå små bygdesamfunn i Noreg, og motivasjonen for oppgåva var å finna ut kva samfunnsendringar og dialektendringsprosessar har å seia for talemålet i den vesle bygda Maudal, i Gjesdal kommune. Formålet var å undersøke korleis språksituasjonen er her og kva faktorar som kunne ha betydning for at dialekten er som han er.

Materialet for undersøkinga er samtaleintervju og bildetest med fire ungdommar, ei jente og tre gutar, i alderen 13-18 år. Målet med det kvalitative intervjuet var å forstå kva faktorar som kan ha betydning for språksituasjonen, både på individ- og gruppenivå, mens bildetesten skulle få informantane til å bruka bestemte språklege variablar.

Resultata viser ein viss skilnad mellom informantane, men alt i alt held den tradisjonelle dialekten seg påfallande godt i bygda. Om noko er talemålet *meir* tradisjonelt enn då eg sjølv flytta frå bygda for over 20 år sidan. Det er sterke krefter som står imot endring. Staden er ganske isolert, og ungdommane har relativt få *språkmøte* utanom skulen. Skulen ligg om lag ei mil unna, og her treff dei andre frå same skulekrins. Likevel bruker dei nokre ganske markerte språkdrag frå Maudal.

Eit sentralt funn er korleis *dei tette nettverksbanda* hos familiane i bygda fungerer språkbevarande, fordi det finst ein konsensus om korleis den språklege åtferda mellom dei skal vera. I staden for å bruka mykje tid saman med jamaldrande i ulike sosiale miljø utanom skulen, oppheld ungdommane seg mykje saman med familie og slekt i Maudal. Ein annan faktor som kan vera med å stå imot talemålsendringar, er den sterke identiteten ungdommane har til bygda, samtidig som dei har ein «heimekjær» personlegdomstype (*homo domesticus*). Dei identifiserer seg absolutt ikkje med bylivet og det urbane, og er stolte av å komma frå Maudal. Spesielt dei tre gutane viser i tillegg ein *naboopposisjon* til bygdene rundt, og eit ønske om å markera avstand kan også visa seg språkleg.